

Kjetil Aasen

# Variasjonsperspektiv i norsk målføregransking.

Norsk keltologi i jamføring med *nynorsk språkforskning*

Masteroppgåve i lingvistikk  
Institutt for lingvistiske og nordiske studium  
Det humanistiske fakultetet  
Universitetet i Oslo

Våren 2007



## **Føreord**

Når eg no har fullført arbeidet med masteroppgåva mi, er det mange som fortener å verta takka for hjelp og støtte eg har fått med arbeidet mitt.

### Takk til

- hovudrettleiar Jan Erik Rekdal for å ha fylgt opp arbeidet med interesse og mange gode innspel. Han har vore med i prosessen heilt frå formulering av emnet for oppgåva til innleveringa.
- siderettleiar Rolf Theil for at han har vore generøs med å setja av tid utover det ein rimeleg kan venta av ein siderettleiar.
- dei tidlegare medstudentane Mads Haga og Lars Ivar Widerøe for at dei velviljug har svara på spørsmål og skaffa fram nyttig informasjon.
- deltakarane på mastergradskurset *Keltisk seminar*, Elisabeth Finsen, Bitten Forsudd, Cathinka Hambro og Thomas Øverby, for nyttige kommentarar og spørsmål, som har ført meg frametter i arbeidet med oppgåva.
- forskingskomiteen ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium og Program for språk ved Det humanistiske fakultetet for fullfinansiering av reise, opphald og deltaking på symposiet åt Societas Celtologica Nordica i Helsingfors i september 2006, der eg deltok med innlegg.
- Håvard Tangen for noggrann og snøgg korrekturlesing.
- dei som har halde meg med selskap på Fr.ikkje, slik at det har vore råd å ha eit ikkje-akademisk tilvære på Blindern.

Oslo, 11. februar 2007

Kjetil Aasen

Innholdsliste	side
<b>1 Innleiing</b>	7
<b>1.1 Føremålet med oppgåva</b>	7
<b>1.2 Bakgrunns litteraturen for oppgåva</b>	7
<b>1.3 Problemstillingar og hypotesar</b>	8
<b>1.4 Struktura til oppgåva</b>	9
<b>1.5 Bakgrunnen for valet av emne for oppgåva</b>	9
<b>1.6 Val forfattaren har gjort i samband med skrivinga av oppgåva</b>	10
<b>2 Nancy C. Dorian</b>	12
<b>2.1 Dorian vert overraska</b>	12
<b>2.2 Dorian kritiserer Magne Oftedal</b>	13
<b>3 Norske faghistorikarar om norsk målføregranskning heime og ute</b>	16
<b>3.1 Ernst Håkon Jahr definerer og kritiserer <i>nynorsk språkforskning</i></b>	16
<b>3.2 Even Hovdhaugen og felagane hans kritiserer <i>nynorsk språkforskning</i> og rosar norsk keltologi</b>	18
<b>3.3 Kjell Venås mæler imot</b>	20
<b>4 Junggrammatikk, strukturalisme og språkleg variasjon</b>	22
<b>4.1 Omgrepet <i>junggrammatikk</i></b>	22
<b>4.2 Omgrepet <i>strukturalisme</i></b>	24
<b>4.3 Omgrepet <i>språkleg variasjon</i></b>	29
<b>5 Keltiske målførestudier i Noreg</b>	31
<b>5.1 Stoda til dei moderne keltiske språka</b>	31
<b>5.1.1 Walisisk</b>	31
<b>5.1.2 Bretonsk</b>	32
<b>5.1.3 Irsk</b>	32
<b>5.1.4 Skotskgælisk</b>	35
<b>5.2 Norske keltologar</b>	35
<b>5.2.1 Carl Johan Sverdrup Marstrander</b>	36
<b>5.2.2 Alf Sommerfelt</b>	37
<b>5.2.3 Carl Hjalmar Borgstrøm</b>	38
<b>5.2.4 Magne Oftedal</b>	39
<b>5.2.5 Andre norske og nordiske keltologar</b>	39
<b>5.2.6 Ålment om keltisk målføregranskning</b>	40

<b>6 Norsk målføregransking</b>	42
<b>6.1 Opphavet åt norsk målføregransking</b>	42
<b>6.2 To røyster frå innsida</b>	43
<b>6.2.1 Sigurd Kolsrud</b>	43
<b>6.2.2 Ingeborg Hoff</b>	45
<b>6.3 To røyster utanfrå</b>	47
<b>6.3.1 Einar Haugen</b>	47
<b>6.3.2 Oskar Bandle</b>	48
<b>6.4 Magne Oftedal – med ein fot i kvar leir</b>	49
<b>6.5 Utvalet av norske målføremonografiar</b>	50
<b>6.6 Norsk målføregransking – ei oppsummering</b>	52
<b>7 Problemstillingar og hypotesar</b>	54
<b>7.1 Problemstillingar</b>	54
<b>7.2 Hypotesar</b>	56
<b>8 Ei vurdering av Dorians kritikk av Oftedal</b>	58
<b>8.1 Magne Oftedals praksis</b>	58
<b>8.2 Nancy C. Dorians eigen produksjon og praksis</b>	61
<b>8.2.1 Dorians handsaming av språkleg variasjon</b>	62
<b>8.2.2 Nokre lause trådar hjå Dorian</b>	67
<b>8.3 Byggjer Dorians kritikk av Oftedal på korrekte premisser?</b>	68
<b>8.3.1 Konklusjon</b>	71
<b>9 Norsk keltologi i jamføring med <i>nynorsk språkforskning</i></b>	73
<b>9.1 Problemstilling 1: Utveljing og bruk av informantar</b>	74
<b>9.1.1 Keltiske målførestudiar</b>	74
<b>9.1.2 Norske målførestudiar</b>	78
<b>9.2 Problemstilling 2: Handsaming av språkleg variasjon</b>	79
<b>9.2.1 Keltiske målførestudiar</b>	79
<b>9.2.2 Norske målførestudiar</b>	85
<b>9.3 Problemstilling 3: Språkvitskapleg teori og metode</b>	86
<b>9.3.1 Keltiske målførestudiar</b>	87
<b>9.3.2 Norske målførestudiar</b>	91
<b>9.4 Problemstilling 4: Tilhøvet mellom synkroni og diakroni</b>	92
<b>9.4.1 Keltiske målførestudiar</b>	92
<b>9.4.2 Norske målførestudiar</b>	97

<b>9.5 Oppsummering av problemstillingane</b>	97
<b>9.5.1 Problemstilling 1: Informantbruk</b>	98
<b>9.5.2 Problemstilling 2: Språkleg variasjon</b>	100
<b>9.5.3 Problemstilling 3: Teoretisk tilnærming</b>	101
<b>9.5.4 Problemstilling 4: Tilhøvet mellom synkroni og diakroni</b>	103
<b>9.6 Vurdering av hypotese 2: Norsk keltologi og <i>nynorsk språkforskning</i> har meir sams enn det er som skil tradisjonane frå kvarandre</b>	104
<b>9.6.1 Konklusjon</b>	106
<b>10 Sluttord</b>	108
<b>10.1 <i>Real linguists</i></b>	109
<b>10.2 Framlegg til vidare forskning</b>	110
<b>11 Bibliografi</b>	111
<b>11.1 Primærkjelder</b>	111
<b>11.2 Tilvist og omtala litteratur</b>	112
<b>11.3 Digitale kjelder</b>	117

## **1 Innleiing**

I innleiingskapitlet skal eg fyrst stutt gjera greie for føremålet med denne masteroppgåva i lingvistikk og for den litteraturen som utgjer grunnlaget for henne. Dine stutt skal eg gjera stutt greie for dei problemstillingane og hypotesane eg set opp. Sidan går eg stutt gjennom strukturen åt oppgåva og hovudinnhaldet i dei ulike kapitla, innan eg til sist gjer greie for den konkrete bakgrunnen for valet av emne for denne oppgåva og for nokre val eg som forfattar har gjort i samband med skrivinga av henne.

### **1.1 Føremålet med oppgåva**

Det konkrete føremålet med oppgåva er, på bakgrunn av kritikk og ros som er vorten framsett både mot norske språkgranskarar som har arbeidd med målføre av moderne keltiske språk og mot norske målføregranskarar som har arbeidd med norske målføre, å undersøkje om denne kritikken kan seiast å vera rett eller ikkje, slik han kjem fram hjå Nancy C. Dorian (2001), Ernst Håkon Jahr (1996) og Even Hovdhaugen ofl. (2000).

I kapitla som fylgjer, kjem eg til å sjå nærare på alle desse tre publikasjonane og tek soleis opp det eg ser på som dei mest relevante poenga der. Det som likevel tidleg vert klårt, er at det er den språklege variasjonen som vert ståande som den raude tråden og som den sams bindelekkjen mellom kritikken frå dei ulike språkgranskarane. Like eins er handsaminga av språkleg variasjon eit sentralt element når ein ser nærare på dei ulike tilnærmingane til språkskildring og språkvitskap, som eg kjem inn på i denne oppgåva. Som det går fram av tittelen på oppgåva, kjem eg soleis til å sjå på arbeidet og produksjonen åt både keltologane og målføregranskarane som arbeidde på heimleg grunn i eit overordna variasjonsperspektiv.

### **1.2 Bakgrunns litteraturen for oppgåva**

Nancy C. Dorian's artikkel "Surprises in Sutherland. Linguistic variability amidst social uniformity" (2001) kritiserer m.a. den norske keltologen Magne Oftedal for at han i si avhandling om det skotsk-gæliske målføret i Leurbost på Lewis (Oftedal 1956) har late vera å skildra den språklege variasjonen som han sjølv skriv at han har observert, og at han på denne måten har gjort det same mistaket som forskarar innanfor tradisjonell målføregransking ved å berre skildra eit svært selektivt utval av både den observerte og den faktiske språkbruken på staden. Den norske målgranskaren Ernst Håkon Jahr (1996) kritiserer derimot den sernorske fagtradisjonen han har valt å kalla *nynorsk språkforskning*, der målføregransking utgjer ein heilt sentral del, for å ha late vera å taka i bruk faglege nyvinningar som strukturalistisk språkvitskap på eine sida og sosiolingvistisk teori og metode med studiar av språkleg

variasjon på hi. I det faghistoriske verket *The history of linguistics in the Nordic countries* med Even Hovdhaugen som norsk medforfattar (Hovdhaugen ofl. 2000) vert norsk målføregransking i Noreg jamt over kritisert etter dei same linene som hjå Jahr (1996). Men i tillegg vert dei norske språkgranskarane som dreiv med keltisk målføregransking, rosa og dregne fram som nokre av dei fremste innanfor norsk språkvitskap nokosinne, nett av di dei har vore med på å modernisera norsk språkvitskap og introdusera strukturalismen i Noreg, m.a. i samband med dei keltiske målførestudiane sine.

Ein har soleis ein interessant vev med kritikk og ros som går i ulike retningar og som danar eit interessant grunnlag for å granska likskapane og skilnadene mellom desse fagtradisjonane nærare. I kapitla 2 og 3 går eg nærare inn på dei synsmåtane som vert framsette i alle dei tre studiane som er vortne nemnde i dette avsnittet.

### **1.3 Problemstillingar og hypotesar**

I denne bolken skal eg stutt gjera greie for problemstillingane og hypotesane som ligg til grunn for drøftingane i kapitla 8 og 9. Desse vert gjorde meir fullstendig greie for i kapittel 7, etter at eg har teke føre meg dei tre publikasjonane som vart nemnde i bolk 1.2 ovanfor, og andre studiar som på ulike vis tek føre seg både norsk målføregransking og målføregransking ålment i kapittel 6. Gjennomgangen av problemstillingane og hypotesane kan difor med rette synast å vera teken delvis utor lause lufta. Likevel meiner eg at det er på sin plass at dei vert nemnde heilt fyrst i oppgåva.

Eg har sett opp dei fire problemstillingane nedanfor og kjem soleis til å sjå nærare på både dei keltologiske og norske målføreskildringane ut ifrå fylgjande perspektiv:

- 1. Utveljing og bruk av informantar**
- 2. Handsaming og skildring av språkleg variasjon**
- 3. Val og bruk av språkvitskapleg teori og metode**
- 4. Tilhøvet mellom synkroni og diakroni i målføreskildringane**

På grunnlag av desse problemstillingane set eg opp to hypotesar:

- 1. Nancy C. Dorians (2001) kritikk av praksis innanfor tidlegare målføregransking med mangelfull skildring og vektlegging av språkleg variasjon, hjå henne representert ved Magne Oftedal (1956), byggjer på ukorrekte premisser.**



**2. Målføreskildringar som er laga av nordmenn med moderne keltiske målføre som studieobjekt, har grunnleggjande sett meir sams med målføregranskinga innanfor den forskningstradisjonen Ernst Håkon Jahr (1996) kallar *nynorsk språkforskning* enn det som skil dei to tradisjonane frå kvarandre, motsett av det inntrykket ein får når ein les om dei norske keltologane hjå Even Hovdhaugen ofl. (2000). Dette gjeld både informantbruk, skildring av språkleg variasjon, val av språkvitskapleg teori og metode, og tilhøvet mellom synkroni og diakroni.**

#### **1.4 Struktura åt oppgåva**

I kapittel 1 gjer eg stutt greie for føremålet og bakgrunnen for oppgåva. Dessutan gjev eg att problemstillingane og hypotesane som eg arbeider ut frå. I kapittel 2 gjer eg greie for Nancy C. Dorians (2001) kritikk av Magne Oftedal (1956). I kapittel 3 held eg fram med å presentera dei kritiske synsmåtane andsynes *nynorsk språkforskning* og rosen til dei norske keltologane som vert framsette hjå Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000). Like eins løfter eg fram alternative synsmåtar som Kjell Venås (2001) har fremja. I kapittel 4 drøfter eg dei sentrale omgrepa *junggrammatikk*, *strukturalisme* og *språkleg variasjon*, som alle står sentralt i kritikken mot *nynorsk språkforskning*. Kapitla 5 og 6 inneheld oversyn over høvesvis norsk keltologi og norsk målføregransking i Noreg. På grunnlag av det som har kome fram i dei føregåande kapitla, set eg i kapittel 7 fram problemstillingane og hypotesane som i sin tur dannar grunnlaget for drøftingane i kapitla 8 og 9. I kapittel 8 drøfter eg den fyrste av hypotesane, om Dorians (2001) kritikk av Oftedal (1956) er rettkomen eller ei. I kapittel 9 drøfter eg i samsvar med hypotese 2 likskapane og skilnadene mellom dei to fagtradisjonane som norsk keltologisk målføregransking og målføregranskinga innanfor Jahrs (1996) *nynorsk språkforskning* utgjer. Kapittel 10 inneheld nokre stutte sluttord og ei avrunding av oppgåva.

#### **1.5 Bakgrunnen for valet av emne for oppgåva**

Interessa mi for dette stoffet vart fyrst vekt sumaren 2001 då eg nett hadde teke semesteremnet i lingvistikk, og eg kom til å lesa Hovdhaugen ofl. (2000). Eg hadde i utgangspunktet ei sterk interesse for norske målføre og målføregransking. Eg feste meg difor serskilt ved det som der vart skriva om norsk målføregransking og ved korleis ho vart skildra som ein gamaldags og bakstrevande fagdisiplin som låg langt etter si tid og som hadde mist mykje av kontakten med den ålmenne språkvitskapen. På denne tida hadde eg enno ikkje kome i kontakt med keltiske språk, men eg la likevel merke til korleis m.a. norske språkgranskarar som hadde drive med målføregransking og hatt moderne keltiske språk som

studieobjekt, vart dregne fram som døme på dei aller mest framstående innanfor norsk språkvitskap i det heile.

Sidan kom dette til å liggja ei lang stund. Ved eit innfall kom eg sidan til å byrja med å taka språklege emne på irskfaget på universitetet i haustsemesteret 2002 attåt andre fag. Det fyrste emnet gav meirsmak, og eg kom sidan til å taka stadig fleire irskemne i semestra som fylgde. Då eg seinare hadde byrja på mastergradsstudiet lingvistikk, og eg skulle velja emne for mastergradsoppgåva mi, byrja dette stoffet å dukka opp att og framstod for meg som eit godt høve til å kombinera keltologi og nordistikk innanfor rāmene åt lingvistikkfaget. Vårsemesteret 2004 vart det skipa til eit oppgåveseminar for høgaregradsstudentar på irskfaget, der eg òg deltok. I den samanhengen formulerte eg for fyrste gongen eit utkast til ei prosjektskisse der eg undersøkte høvet for å skriva ei oppgåve som tok utgangspunkt i den mistanken eg hadde om at skilnadene mellom norsk målføregransking på keltisk grunn og norsk målføregransking på norsk grunn var mindre enn ein hadde grunn til å tru dersom ein las Hovdhaugen ofl. (2000). I samband med førebuinga av innlegget mitt på dette seminaret kom eg òg over artiklane åt Jahr (1996) og Dorian (2001). Haustsemesteret 2004 og vårsemesteret 2005 hadde eg permisjon frå studia mine, og i haustsemesteret 2005 tok eg til med å arbeida med denne oppgåva.

## **1.6 Val forfattaren har gjort i samband med skrivinga av oppgåva**

I samband med skrivinga av denne oppgåva har eg vore nøydd til å gjera nokre val i samband med korleis eg skal gjeva att stadnamn og titlar på bøker og artiklar på ein konsekvent måte. Dei vert gjorde greie for nedanfor.

Når ein omtalar keltiske stadnamn i ei norskspråkleg tekst som denne, er det ikkje alltid lett å vita kva for namneform ein skal nytta, den keltiske eller den i majoritetsspråket på den aktuelle staden. Dei ulike keltologane har ein noko varierende praksis, men hovudregelen er at dei nyttar namneforma i majoritetsspråket. I denne oppgåva har eg valt å fylgja same praksis som forfattarane sjølve har gjort i sine respektive målførestudiar, og omtalar stadene med same namneform som den aktuelle målføregranskaren har nytta.

I omtale av tidsskrift, bøker, artiklar og i bibliografien har eg valt å standardisera formatet åt titlane på to måtar. For det fyrste er det vanleg, men likevel ingen gjennomført praksis, serleg i engelskspråkleg litteratur, at ein nyttar store førebokstavar på dei innhaldsord i tittelen, men ikkje på ord med primært grammatisk funksjon. Eg har valt å gjeva att titlar med fordeling av store og små bokstavar etter dei vanlege ortografiske prinsippa i det aktuelle

språket. Der ein forfattar i si eiga tekst vik av frå vanlege ortografiske prinsipp i det aktuelle språket, fylgjer eg forfattarens eigen praksis.

For det andre nyttar ulike forfattarar ulike måtar å skilja hovudtittel og eventuell undertittel frå kvarandre. Eg nyttar konsekvent eit format der eg set punktum mellom hovudtittel og undertittel, og eg nyttar stor førebokstav i fyrste ordet i undertittelen.

Vidare har eg valt å nytta stuttformer av både dei keltiske og dei norske målførestudiane som ligg til grunn for drøftingane i denne oppgåva. Desse stuttformene er baserte på det geografiske namnet som finst i tittelen på dei ulike studiane. Eg innfører desse stuttformene i kapitla 8 og 9 der dei er mykje omtala og viste til. Der dei same studiane er viste til tidlegare i oppgåva, har eg nytta tilvisingar med etternamnet åt forfattaren og utgjevingsåret på vanleg måte.

## 2 Nancy C. Dorian

I artikkelen ”Surprises in Sutherland. Linguistic variability amidst social uniformity” (2001) fortel den amerikanske språkgranskaren og keltologen Nancy C. Dorian (f. 1936) om korleis ho møtte eit språksamfunn som synte seg å vera heilt annleis enn ho hadde venta seg i 1963, då ho reiste til grevskapet Sutherland nord i Skottland for å granska målføra i dei tre grannelandsbyane Brora, Golspie og Embo på austkysten av Sutherland, sokalla *East Sutherland Gaelic* (ESG).<sup>1</sup> Talarane fann ho mellom dei sokalla *fisherfolk*, som var etterkomarar etter småbønder som på midten av 1800-talet hadde vorte flytte til desse landsbyane av grunneigarane for å driva med fiske (Dorian 1981:kap. 2). Føremålet med opphaldet hennar var i utgangspunktet å laga ei tradisjonell målføreskildring i samband med doktorgradsprosjektet sitt. Ho hadde i utgangspunktet korkje nokon intensjon om å skildra eller forventning om å finna språkleg variasjon i nemnande grad mellom dei gælisktalande i desse tre landsbyane. Det skulle likevel snøgt syna seg for henne at språktilhøva ikkje var heilt som ho hadde venta seg.

Det som for Dorian berre skulle vera eit doktorgradsprosjekt, vart i staden eitt einaste langt forskingsprosjekt som ho har drive med gjennom heile forskarkarrieren sin etterpå. Ho fortel sjølv korleis ho fór attende til Sutherland berre fem dagar etter doktordisputasen for å halda fram feltarbeidet med ESG (Dorian 2001:141). I samband med arbeidet med ESG har ho publisert m.a. ei lang rekkje stuttare og lengre artiklar (Dorian 1973, 1978b, 1994),<sup>2</sup> ei doktoravhandling om fonologien åt ESG (Dorian 1965) og to større monografiar, ein heilskapleg målføremonografi (Dorian 1978a) og ein språkdaudestudie (Dorian 1981).

### 2.1 Dorian vert overraska

Då Dorian gjekk i gang med å arbeida med informantane sine, slo det henne snøgt at den språklege røyndomen inne i dei gælisktalande språksamfunna var meir komplisert enn ho hadde rekna med. For det fyrste fann ho at språket var langt meir levande enn både ho og oppdragsgjevarane hennar trudde det skulle vera. I staden for berre ei lita handfull talarar slo ho fast at det enno fanst kring 200 talarar av ESG (Dorian 2001:135-136), og i staden for å

---

<sup>1</sup> Både i tittelen på doktoravhandlinga (Dorian 1965) og dialektmonografien (Dorian 1978a) nyttar ho forma *dialect* i eintal for å skildra *East Sutherland Gaelic* i dei tre landsbyane. I ettertid slår ho sjølv fast at det ikkje finst grunnlag for å rekna ESG for eitt målføre. Det finst både geografisk variasjon mellom dei tre landsbyane (Dorian 2001:136) og, som eg syner seinare, mykje språkleg variasjon inne i dei ulike landsbyane. I samsvar med Dorian (2001) vel eg å nytta forma *målføre* i fleirtal når eg omtalar ESG.

<sup>2</sup> Mellom mange andre artiklar har Dorian skrive større artiklar om grammatisk endring i eit døyande språk (1973), om kva som hender med morfologisk kompleksitet i samband med språkdaude (1978b) og om variasjonsmønster i ESG i eit ikkje-sosiolingvistisk perspektiv (1994). Alle desse tre artiklane ligg til grunn for drøftingane mine i kapittel 8.

finna ei einskapleg form for gælisk i austlege Sutherland, slo det henne fyrst at dei geografiske skilnadene mellom landsbyane var større enn venta (Dorian 2001:136-137). Ut over denne variasjonen observerte ho ei pågåande forenkling av det grammatiske systemet i målføra mellom dei yngste talarane (Dorian 2001:142-143). Dessutan observerte ho variasjon innetter i landsbyane. Som døme nemner ho eit eldre syskenpar der systema og broren utan nokon opplagd grunn nyttar både ulike leksikalske former av ord og ulike bøygningsformer av ulike verb (Dorian 2001:146).

Dorian sat til sist med store mengder språklege data som var meir sprikjande enn venta, og som ho difor tykte kravde ei meir noggrann handsaming enn det som var mogeleg innanfor dei opphavlege rāmene åt doktorgradsprosjektet hennar. Etter at ho hadde disputert, fór ho etter stutt tid attende til Sutherland for å halda fram med å granska ESG (Dorian 2001:139). Det vart etter kvart meir og meir klårt for henne at mykje av variasjonen ho observerte, ikkje kunne forklårast som resultat av dei faktorane ein vanlegvis reknar med når ein skildrar språkleg variasjon. Ettersom dei gælisktalande i austlege Sutherland utgjorde eit klårt avgrensa språksamfunn, og ettersom den sosiale einskapen var svært stor innetter i denne gruppa, hadde Dorian problem med å finna årsakene attom denne variasjonen. For variasjon av det slaget ho fann t. d. hjå det nemnde syskenparet ovanfor, laut ho sjå bort frå sociolingvistiske forklåringar. Variasjonen kunne ikkje forklårast med utgangspunkt i sosioøkonomiske faktorar, ikkje av kjønnskilnader, ikkje geografisk, i mange tilfelle heller ikkje ut ifrå alder eller dugleik i ESG. Ho hadde observert rikeleg med variasjon, men variasjonen samsvara altso ikkje med dei faktorane ein oftast forklårar språkleg variasjon med. Mange års samanhengande studium av ESG har fått Dorian til å lansera ein påstand om at "social homogeneity need not imply linguistic homogeneity" (Dorian 2001:147), og i ein annan artikkel (Dorian 1994) tek ho føre seg variasjonsmønstra i ESG og dei faktorane ho meiner ligg attom dei. Ho meiner òg at denne forma for variasjon, som ho der kallar *personal-pattern variation*, heller ikkje treng vera noko sereige for ESG, men at det er turvande med gransking av språktilhøva i liknande språksamfunn for å skaffa fram meir kunnskap (Dorian 2001:147-148).

## **2.2 Dorian kritiserer Magne Oftedal**

Dorians funn i Sutherland har fått henne til å reflektera over praksisen mellom dei som har laga deskriptive målføregrammatikkar før henne. Funna hennar gjorde det etter hennar eiga meining naudsynt for henne å utvida utvalet av informantar kraftig av den enkle grunnen at språkbruken var for lite einskapleg til at éin einaste eller berre nokre få informantar kunne

gjeva henne eit fullgodt grunnlag for ei heilskapleg skildring av ESG. Som konkret døme på dette dreg ho då fram sin eigen næraste føregjengar innanfor skotskgælisk målføregransking, nordmannen Magne Oftedal, som i all hovudsak byggjer språkskildringa si på ei einaste "highly intelligent and highly cooperative source" (Dorian 2001:144). I sin målføremonografi *The Gaelic of Leurbost, Isle of Lewis* (1956) omtalar Oftedal hovudinformaten sin og kona hans som fylgjer:

Roderick Martin, called Roddy (*Ròdi*), was my chief informant. He was born in 1888. [...] He had practically unlimited time at his disposal, and I spent several hours with him every day. I am indebted to him for the majority of words, forms, and expressions in my material. After some preliminary training, he became quite proficient in the routine of answering questions aiming at grammar and vocabulary. His greatest virtue as an informant was his limitless patience [...].

Ishbel Martin, Roddy's wife, born 1886, who was present during most of my sessions with her husband, supplemented Roddy's information with many valuable suggestions and also acted as his substitute when he was not at home. [...] **In spite of the fact that her and Roddy's parents were next-door neighbours, her dialect differed on some points from Roddy's, both in phonemic distribution and grammar.**" [mi utheving] [Oftedal 1956:16-17]

Dorians grunnleggjande kritikk av Oftedals framgangsmåte går primært ut på at ei slik tilnærming til innsamling av språkleg tilfang gjer det vanskeleg å dana seg noko inntrykk av språkleg variasjon slik han ovvar seg i vanleg språkbruk i kvardagslege situasjonar (Dorian 2001:144). Jamvel om Oftedal oppheldt seg i Leurbost i til saman ni månader og arbeidde med ein innfødd talar i hans naturlege omgjevnader (Oftedal 1956:18), lyt det likevel seiast at hovudmengda av det språklege tilfanget hans vart innsamla i den konstruerte situasjonen som eit strukturert intervju er.

Når Dorian (2001) les det som Oftedal skriv om variasjonen han har registrert mellom hovudinformaten og kona, kan ho ikkje tolkast annleis enn at ho reknar med at den forma for variasjon som ho har observert i Sutherland mest truleg kunne finnast i Leurbost òg.<sup>3</sup> I og med at Oftedal har gjort dei vala han har gjort, får ein ikkje vita det. I alle fall har Oftedal etter Dorians meining kome med ei ufullstendig skildring av målet i Leurbost. I staden for å skildra *The Gaelic of Leurbost* i heile si breidd, har han skildra gælisk i Leurbost slik det ovvar seg hjå éin einskild informant, medan Dorian sjølv i større mon kan seiast å ha freista å skildra *East Sutherland Gaelic* meir heilskapleg.

Dersom ein skal oppsummera Dorians kritikk på ålment grunnlag, kan det etter mitt inntrykk gjerast som fylgjer: Når ein skal samla inn språklege data i samband med språkvitskapleg forskning, er det naudsynt å samla dei inn under so naturlege og ukontrollerte

---

<sup>3</sup> Hovudskilnaden mellom språksamfunna i Sutherland og på Lewis er at dei gælisktalande i Sutherland utgjer ei øy i engelskspråklege omgjevnader, medan gælisk enno stod svært sterkt på Lewis og i Leurbost på 1950-talet. Det som er likt, er at det ikkje har vore nokon sterk tradisjon for lesing og skriving på gælisk nokon av stadene, med delvis unnatak for religiøse aktivitetar (Dorian 1981:90-91, Oftedal 1956:13-14).

tilhøve som råd. Dersom ein held seg til å samla inn språklege data i strukturerte og kontrollerte intervju, misser ein høvet til å observera og registrera den variasjonen som gjerne over seg når talarane interagerer med kvarandre på naturleg vis utanom konstruerte og unaturlege situasjonar. Dette gjeld variasjon både i språkbruken åt ein einskild talar og mellom ulike talarar. Di meir ein er i stand til å ha omgang med folk i dagleglivet deira, di betre vert ein i stand til å skildra språket i eit språksamfunn på ein heilskapleg måte.

For orden skuld lyt det nemnast at Dorians kritikk ikkje berre rår Oftedal eller tradisjonelle målføregranskarar, jamvel om Oftedal er det einaste konkrete dømet som vert framdrege hjå henne. Kritikken hennar slår i fleire retningar. Dorian (2001:144) kritiserer fyrst moderne teoretiske lingvistar på leit etter ein universalgrammatikk for heller å søkja etter einskap enn variasjon og individuell språkbruk. Dinest kritiserer ho både tradisjonell målføregeografi og nyare sosiolingvistikk for i hovudsaka å ha nytta ”multi-person single-interview survey” for samla inn tilfang. Slik hamnar òg dei som i utgangspunktet er ute etter å skildra variasjon, i ein situasjon der dei misser høvet til å fanga opp den variasjonen som oppstår i spontane og naturlege språkbrukssituasjonar i kvardagen.

### 3 Norske faghistorikarar om norsk målføregransking heime og ute

Mellom 1996 og 2001 gjekk det føre seg det ein kan karakterisera som ein fagdebatt om norsk målføregransking. Denne debatten byrja med ein artikkel av Ernst Håkon Jahr i 1996, heldt fram med eit faghistorisk verk om språkvitskap i Norden av Even Hovdhaugen og tre andre medforfattarar i 2000, og enda med ein artikkel av Kjell Venås i 2001 der han kommenterer stoffet om norsk språkvitskap i Hovdhaugen ofl. (2000) med hovudvekt på det dei har skrivne om norsk målføregransking. Artikkelen åt Jahr (1996) er ein freistnad på å definera og skildra ein fagtradisjon som han vel å kalla *nynorsk språkforskning*, og som skal ha utgjort ein viktig del av nordisk språkvitskap i Noreg fram til kring 1970. Svært sentralt innanfor denne tradisjonen stod utgranskinga av dei norske målføra. Jahr kritiserer denne tradisjonen for å ha vore svært konservativ og isolert frå den ålmenne språkvitskapen. Dette vert serskilt illustrert ved at han nyttar mykje plass på å skildra korleis Sigurd Kolsrud (1888-1957), grunnleggjaren av og den fyrste styraren ved Norsk Målførearkiv, dominerte og la sterke føringar for kva for språkvitskaplege tilnærmingar til utgranskinga av målføra som var godtakande innanfor denne tradisjonen. Hovdhaugen ofl. (2000) fylgjer opp med dei same grunnleggjande synsmåtane, medan Venås (2001) nyttar mykje plass på å argumentera imot at Kolsrud hadde ei so dominerande rolle innan norsk målføregransking som dei to hine hevdar. Jamvel om fagtradisjonen *nynorsk språkforskning* etter Jahrs (1996) definisjon kjem til å spela ei viktig rolle i denne oppgåva, har eg ingen intensjon om å gjera Sigurd Kolsrud til nokon hovudperson i drøftingane mine.<sup>4</sup> Eg kjem difor ikkje til å leggja hovudvekt på honom, men kjem inn på honom i den mon det er relevant i andre samanhengar. Eg kjem soleis heller til å konsentrera meg om kritikken av *nynorsk språkforskning* på ålment grunnlag.

#### 3.1 Ernst Håkon Jahr definerer og kritiserer *nynorsk språkforskning*

I artikkelen ”Nynorsk språkforskning. En historisk oversikt” (1996) definerer Ernst Håkon Jahr ein sernorsk fagtradisjon han vel å kalla *nynorsk språkforskning*. Jahr skildrar dette som ein tradisjon som er motivert av politiske og ideologiske, nasjonsbyggjande grunnar heller enn av vitskaplege og faglege motiv. Jahr definerer soleis ”hele programmets raison d’être” slik:

Å fremme nasjonsbygginga gjennom å beskrive forbindelsen 1) mellom det gammelnorske og det nynorske språkstadiet, 2) mellom de nynorske dialektene innbyrdes og 3) disse dialektenes intime forhold til skriftmålet landsmål/nynorsk. Programmets mål var å behandle norsk som et helt ut eget språk uavhengig av de nordiske grannespråka (historisk, dialektologisk og som standardisert skriftspråk [...]). Særlig var motsetninga til dansk viktig, siden dansk gjennom talt og skrevet riksmål/bokmål hadde – slik forståelsen var – sin avlegger innafor Norges grenser. (Jahr 1996:97)

---

<sup>4</sup> Dersom ein ynskjer å lesa meir om Sigurd Kolsrud, har Kjell Venås gjeve ut ein biografi om honom (Venås 2005).



Oppsummeringa ovanfor slår fast det politiske og ideologiske grunnlaget for *nynorsk språkforskning* slik Jahr ser det.

Som ein konsekvens av at *nynorsk språkforskning* skal ha hatt som ei grunnleggjande innstilling at (ny)norsk språk skulle skildrast utan omsyn dansk i dansketida og seinare til riksmål/bokmålstradisjonen, var det etter Jahrs syn ”ikke bare tjenlig, men nærmest nødvendig” å ha ei grunnleggjande historisk og junggrammatisk tilnærming til dei nynorske målføra. Jahr slår fast at dersom ein nyttar den sokalla *Stammbaum*-teorien, der ein ser på nyare språksteg som beinveges etterkomarar etter eldre språksteg, vert det mogeleg for forskaren å sjå bort frå språkkontakt i eldre og nyare tid, som òg har vore med på å forma det moderne målføret (Jahr 1996:90). Jahr kritiserer soleis tradisjonen for å ha sett på utviklinga frå gamalnorsk til nynorsk som ein ubroten og sjølvstendig prosess som har gått føre seg utan at andre faktorar enn den indre språkvoksteren har hatt noko å seia. Nett som ein insisterte på ei grunnleggjande diakron tilnærming i målførestudiane, fanst det ein tilsvarande motvilje mot både synkrone studium (Jahr 1996:90) og mot det å sjå eit einskildmålføre for seg utan å jamføra det med grannemålføre (Jahr 1996:88). Medan tradisjonelle målføregranskarar hadde vore opptekne av å skilja mellom ”gode” og ”mindre gode” dialekter og informanter”,<sup>5</sup> tok den nye generasjonen av nordistar kring 1970 til med å granska språkleg variasjon i eit sosiolingvistisk ljøs, og det vart vanlegare å nytta nemninga *talemål* i staden for *målføre* og *dialektar* (Jahr 1996:95). Eit gjennomgåande drag var at ein ikkje var viljug til å taka i bruk språkvitskaplege nyvinningar, slik at ein bortimot programmatisk heldt fast ved ortodoks junggrammatikk og tok avstand frå strukturalisme og fonemteori på eine sida og sosiolingvistiske tilnærmingar på hi. Like eins heldt ein prinsipielt fast ved Johan Storms *Norvegia*-ljodskrift i staden for å taka i bruk IPA (Jahr 1996:90-91). Med andre ord var tradisjonen grunnleggjande konservativ og lite nytenkjande og vart soleis hangande meir og meir etter utviklinga innanfor den ålmenne språkvitskapen (Jahr 1996:92).

Som illustrerande døme på motsetnadstilhøvet og den avvisande haldninga åt *nynorsk språkforskning* andsynes moderne språkvitskap dreg Jahr (1996:88) fram den rolla Sigurd Kolsrud skal ha spela i samband med Magne Oftedals avhandling *Ordstrukturen i Gjestalmålet* (1946).<sup>6</sup> Denne avhandlinga var ei synkron og strukturalistisk skildring av ordstrukturen i målføret i Gjesdal på Jæren. I utgangspunktet skal Oftedal ha ynskt å levera

---

<sup>5</sup> J. K. Chambers og Peter Trudgill (1997:29) har definert den prototypiske informanten som har vorte nytta i tradisjonell målføregranskning som ein ”*nonmobile, older, rural male*” [deira kursivering]. På grunnlag av denne definisjonen har dei laga akronymet *NORM*, som dei omtalar denne informantkategorien med.

<sup>6</sup> Hjà Jahr (1996) er avhandlinga åt Oftedal tidfest til 1947. Det kan godt vera at ho vart innlevert i 1947, men i sjølve avhandlinga finst det inga anna datering enn ”desember 1946”. I samsvar med dette vel eg å tidfesta avhandlinga til 1946.

avhandlinga som hovudfagsoppgåve i nordisk språkvitskap, men ho skal då ha vorte avvist av Kolsrud. I staden vart ho godkjend som magistergradsavhandling i ålmenn språkvitskap av Hans Vogt (Jahr 1996:89). Jahrs oppsummering etter å ha skildra denne episoden kan godt verta ståande som ei spissformulering av den teoretiske og metodiske profilen åt *nynorsk språkforskning*. Nyare teoriar og metodar var ikkje dugande

fordi de ikke bidrog til det som var hovedsaka og hovedoppgava for nynorsk språkforskning: den aksiomatiske sammenhengen dialektene imellom, likedan sammenhengen mellom dialektene og nynorsk skriftmål, og endelig sammenhengen mellom gammelnorsken og dagens dialekter. Det kan vanskelig bli understreka nok at nynorsk språkforskning (etter Aasen) var grunnleggende historisk, pre-strukturalistisk og fundamentalt knytta til det junggrammatiske paradigmet. (Jahr 1996:89)

### **3.2 Even Hovdhaugen og felagane hans kritiserer *nynorsk språkforskning* og rosar norsk keltologi**

I 2000 kom det faghistoriske verket *The history of linguistics in the Nordic countries* ut med Even Hovdhaugen som norsk medforfattar.<sup>7</sup> Jamvel om dei fire forfattarane i står oppførde som ansvarlege for heile boka i fellesskap, vel eg å taka utgangspunkt i at Hovdhaugen sjølv er hovudansvarleg for dei bolkanane som dreier seg om språkvitskap i Noreg. Artikkelen åt Jahr (1996) byggjer på eit konferanseinnlegg som vart halde på ein konferanse som vart skipa til i samband med arbeidet med denne boka. Det er tydeleg at framstillinga deira av norsk målføregransking byggjer svært tungt på Jahrs artikkel. Både i vinkling og vektlegging av stoff og i kvalitativ vurdering er det stort samanfall mellom dei, jamvel om dette ikkje vert gjort eksplisitt greie for hjå Hovdhaugen ofl. (2000).

På byrjinga av 1900-talet var språkvitskapen i Norden som heilskap dominert av det junggrammatiske paradigmet, men frå kring 1930 og utetter vart strukturalistisk språkvitskap stadig meir utbreidd i Norden og fekk etter kvart stadig større utbreiing (Hovdhaugen ofl. 2000:330-337). Til liks med Jahr (1996:87-89) gjer Hovdhaugen ofl. (2000:332, 339, 428-429) det til eit poeng å syna at Sigurd Kolsrud dominerte fagfeltet norsk målføregransking og stod imot denne trenden, soleis at han var ei dominerande kraft som heldt faget sitt attende med den sokalla "Kolsrud tradition" (Hovdhaugen ofl. 2000:429). I omtala si av norsk målføregransking i perioden 1900-1965 slår Hovdhaugen ofl. (2000:427-429) fast, til liks med Jahr (1996), at utøvarane av tradisjonen vart verande ved å driva med junggrammatikk etter at strukturalismen hadde vorte hovudstraumen i den ålmenne språkvitskapen: Ein heldt seg unna nyvinningar som fonemteori og rein synkroni, og ein var ikkje viljug til å operera med eit sosiolingvistisk variasjonsperspektiv i forkinga si eller skildra språkleg variasjon på inter- eller intraindividuell nivå.

---

<sup>7</sup> Dei andre forfattarane er Fred Karlsson (Finland), Carol Henriksen (Danmark) og Bengt Sigurd (Sverige).

Ettersom Hovdhaugen ofl. (2000) målber det same synet på norsk målføregransking som Jahr (1996), er det svært interessant å sjå serskilt på kva dei skriv om dei norske keltologane, Carl Johan Sverdrup Marstrander, Alf Sommerfelt, Carl Hjalmar Borgstrøm og Magne Oftedal. Marstrander hadde drive feltarbeid med dei moderne keltiske språka både i Irland, Bretagne og på Man (jf. NBL 6:240-241), og dei tre siste har alle publisert større studiar der dei skildrar ei rekkje ulike målføre av dei moderne keltiske språka. Jamvel om han i utgangspunktet var junggrammatisk skulert, m.a. som student av Marstrander, var Sommerfelt ein førande figur i å introdusera den strukturalistiske språkvitskapen i Noreg. Like eins var han tidleg ute med å leggja vekt på dei sosiale aspekta ved språkending. Vidare var han den fyrste som vart utnemnd til professor i ålmenn språkvitskap i noko nordisk land i det heile (Hovdhaugen ofl. 2000:330-331). Borgstrøm vert dregen fram som døme på ein av dei unge forskarane som hadde vorte påverka av Sommerfelt og som vart utnemnde til professorar etter krigen. Dei vitna soleis om kor vellukka den sokalla "Sommerfelt School" hadde vore (Hovdhaugen ofl. 2000:332-333). Oftedal vert skildra som den som etter deira meining toppar dei hine norske keltologane ved å laga den beste gæliske målførestudien (Oftedal 1956) frå norske hender (Hovdhaugen ofl. 2000:465).

I skildringa si av studiet av keltiske språk i Noreg, gjer dei greie for korleis indoeuropeisten Marstrander serskilt undersøkte norrøn påverknad på keltiske språk. Og i det han publiserte om keltiske emne, heldt han seg i hovudsaka til historiske studiar av stadnamn og lånord av norrønt opphav. Etter honom fylgde Sommerfelt som gav ut målførestudiar som både var historisk-komparative og deskriptive på 1920-talet, Borgstrøm som både har diakrone og strukturelle synkrone bolkar i studiane sine kring 1940, og til sist Oftedal som den mest gjennomførde strukturalisten på midten av 1950-talet (Hovdhaugen ofl. 2000:464-465). Dersom ein med utgangspunkt i dette skal vurdera skilnaden mellom denne tradisjonen og *nynorsk språkforskning*, ser det ut til at dei keltiske målførestudiane representerer ein gradvis overgang frå det junggrammatiske til det strukturalistiske paradigmet i språkvitskapen. Hovdhaugen ofl. (2000) kjem attende til dei norske keltologane i det oppsummerande kapitlet i boka. I motsetnad til dei som har granska norske målføre, vert dei norske keltologane serskilt nemnde som nokre av dei mest framskotne norske målgranskarane gjennom alle tider:

Norway's international strengths lie in the descriptive and typological domains, as exemplified by the work of Carl Marstrander, Hans Vogt,<sup>8</sup> Knut Bergsland,<sup>9</sup> and O. Chr. Dahl,<sup>10</sup> as well as by the work of

---

<sup>8</sup> Hans Vogt (1903-1986), professor i romansk språkvitskap 1946-1962 ved Universitetet i Oslo, professor i ålmenn språkvitskap (etter Alf Sommerfelt) 1963-1973), arbeidde mykje med m.a. kaukasiske språk (NBL 9:378-380).

Alf Sommerfelt, Carl Borgstrøm, and Magne Oftedal on Celtic languages and by Georg Morgenstierne on Indo-Iranian languages.<sup>11</sup> Norwegian linguists have been on the move. (Hovdhaugen ofl. 2000:566)

Når Hovdhaugen omtalar om norsk målføregransking som vart drivi etter junggrammatiske prinsipp, er den kvalitative vurderinga av denne tradisjonen eintydig negativ. Skildringa kan vanskeleg tolkast annleis enn at denne tradisjonen vert sedd på som bakstrevande og uviljug til å taka til seg språkvitskaplege framsteg i samtida som t.d. strukturalisme og sosiolingvistikk. Difor er det svært interessant og noko paradoksalt å merkja seg den kvalitative vurderinga deira av den svenske sinologen og junggrammatikaren Bernhard Karlgren:

The best-known international Swedish linguist of this period [1900-1965] is probably Bernhard Karlgren ([1889]-1978), **who became famous for his reconstruction of Archaic Chinese on the basis of modern Chinese dialects, thereby successfully applying the neogrammarian methodology to data of a different character than was found in the Indo-European languages.** Equally remarkable was his discovery that Archaic Chinese was not an isolating, but an inflectional language. [mi utheving] (Hovdhaugen ofl. 2000:470)

### 3.3 Kjell Venås mæler imot

I 2001 kom Kjell Venås med ein artikkel der han kjem med ei lang rekkje merknader til det som er skrivi om det norske stoffet i Hovdhaugen ofl. (2000), der hovudvekta ligg på det som står der om norsk målføregransking og sosiolingvistikk. Venås kjem både med tilleggsopplysningar og kritiske merknader til analysane åt Hovdhaugen og felagane. Hovudpoenget åt Venås (2001) er å syna at *nynorsk språkforskning* ikkje var like attendeskodande og blankt avvisande til alle nye idear som både Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) skapar inntrykk av.

Venås (2001:230-232, 244-252) brukar mykje plass på å kommentera og mæla imot at Sigurd Kolsrud hadde ein like dominerande posisjon og var so avvisande til alt nytt innanfor språkvitskapen som Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) argumenterer for. Når det gjeld den rolla Kolsrud skal ha spela i samband med innleveringa av magistergradsavhandlinga åt Magne Oftedal (1946), kjem Venås (2001:205-251) med ein annan, og langt meir velviljug andsynes Kolsrud, versjon av korleis omstenda kan ha vore: Venås tenkjer seg heller at Kolsrud kan ha gjort den vurderinga at Oftedals avhandling truleg kunne verta meir rettvist vurdert av dei som alt dreiv med strukturalistisk språkvitskap, og at det soleis ville vera meir

---

<sup>9</sup> Knut Bergsland (1914-1998), professor i finsk-ugriske språk ved Universitetet i Oslo 1947-1981, arbeidde m.a. med sør- og nordsamisk, påviste slektskapen mellom grønlandsk og aleutisk (NBL 1:276-277).

<sup>10</sup> Otto Christian Dahl (1903-1995), misjonsprest på Madagaskar 1929-1957, statsstipendiat frå 1966, dreiv omfemnande historisk-komparative studiar med utgangspunkt i madagassisk språk (NBL 2:279-280).

<sup>11</sup> Georg Valentin von Munthe af Morgenstierne (1892-1978), professor i jamførande språkvitskap ved Göteborgs Högskola 1930-1937, professor i indisk språk og litteratur ved Universitetet i Oslo 1937-1962, arbeidde serskilt med indo-iranske språk (NBL 6:355-356).

naturleg å levera oppgåva som magistergradsavhandling i ålmann språkvitskap. Venås noterer seg òg, ikkje utan reint lite ironi og sarkasme, at det fanst mykje i avhandlinga åt Oftedal (1946) som ikkje braut stort med det som hadde vore vanleg praksis innan norsk målføregransking og at praksis hjå honom vel so mykje representerte kontinuitet som brot med etablerte tradisjonar:

Det var mykje i *Gjestalmålet* [Oftedal (1946)] som Kolsrud må ha nikka og bukka til med hovud og hjarta. Oftedal hadde halde seg til éin heimelsmann, han som hadde det eldste systemet. Han nemner ikkje om heimelsmannen var tannlaus, eller at det var noko anna problem med tenner og uttale, jf. “probably most toothless” på s. 530 i *Hist.* [Hovdhaugen ofl. (2000)], men om han skulle ha vore utan tenner, hadde truleg Oftedal alt vore så mykje borti keltisk og kan hende ubykhisk (s. 474 i *Hist.*) at han visste at slike gamlingar kan ha nyttige opplysningar, som lingvistar plar vera glade for, om gamlingane då kjem frå meir eksotiske strok enn Gjestal på Jæren. [...] Heile 66 av dei 158 sidene var ei ordliste av gammalt gjestalmål i ei lite utfordrande lydskrift,<sup>12</sup> og i samsvar med den vanlege malen var det lagt ved målprøver, folkelivsbilete frå Gjestal. (Venås 2001:251)

Slik eg les artikkelen åt Venås, er målsetnaden hans å syna at skilnadene mellom dei ulike fagtradisjonane (norske målføregranskarar innanfor tradisjonen *nynorsk språkforskning*, andre norske målføregranskarar, og kan henda både keltologar og strukturalistar elles) er mindre skarpe og grunnleggjande enn det ein får inntrykk av når ein les Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000). På same måte som Hovdhaugen ofl. har vore svært kritiske mot Sigurd Kolsrud, norsk målføregransking og junggrammatisk språkvitskap, kjem Venås (2001) med ein tilsvarande kritisk og svært eksplisitt artikulert kommentar av måten Hovdhaugen ofl. (2000) har nærma seg stoffet dei skriv om på:

Kolsrud er sett som eksponent for “the neogrammarians”, dei som *Hist.* meiner stod imot strukturalistiske metodar i lingvistikken, og på det punktet er *Hist.* ikkje deskriptivt historisk observerande, men part i ei sak dei prosederer: Dei som heldt seg med junggrammatikk gjorde ugagn for lingvistikken. Og som andre rettruande blir også *Hist.* intolerante. (Venås 2001:230)

---

<sup>12</sup> Oftedal (1946) nyttar ein tillempa versjon av *Norvegia*-ljodskrifta, og ikkje IPA-alfabetet.

## **4 Junggrammatikk, strukturalisme og språkleg variasjon**

I samband med kritikken av *nynorsk språkforskning* og den tilsvarande rosen av dei norske keltologane hjå Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000), står dei tre omgrepa *junggrammatikk*, *strukturalisme* og *språkleg variasjon* sentralt. *Nynorsk språkforskning*, som heldt seg til junggrammatisk teori og metode, vert sedd på som umoderne og lite framstegsvenleg. I motsetnad til dette vert dei norske keltologane, som i alt aukande grad tok i bruk *strukturalistisk* teori og metode, skovne fram som eksponentar for moderne språkvitskap i Noreg. Etersom omgrepa *junggrammatikk* og *strukturalisme* står so sentralt i denne oppgåva, og av di det fyrste vert framstilt som ein motpol til moderne variasjonsorientert språkvitskap og det andre vert sett på som ei ynskeleg nyvinning i språkvitskapen, tykkjer eg det er på sin plass med ei serskild drøfting av dei og korleis dei to tradisjonane på kvar sin kant held seg til språkleg variasjon. Ein bør likevel merkja seg at drøftinga mi ikkje er å sjå på som noka heilskapleg drøfting av desse omgrepa. Eg freistar heller å sjå på det eg oppfattar som dei mest sentrale elementa ved dei to forskingstradisjonane.

### **4.1 Omgrepet *junggrammatikk***

Den junggrammatiske forskingstradisjonen innanfor språkvitskapen steig fram og tok form i Tyskland på 1860- og 70-talet. Dei fyrste som vart nemnde med namnet *Junggrammatiker*, var ei gruppe språkgranskarar i Leipzig med m.a. Karl Brugmann og Hermann Osthoff i brodden (LSW, s. 327, Robins 1967:182). Junggrammatikarane ynskte å nærma seg til naturvitskapen og sette fram hypotesar om at språk over tid endra seg på eit vis som kan jamførast med naturlovene ein opererer med innanfor naturvitskapane (LSW, s. 328). Framvoksteren åt junggrammatikken fall òg saman med gjennombrotet åt Charles Darwins evolusjonslære innanfor biologien. Soleis representerte framvoksteren åt junggrammatikken noko heilt moderne i si eiga samtid. På same måte som ein opererer med metaforar baserte på fysiske naturlover, vert biologiske metaforar tekne i bruk for å skildra slektskapstilhøve mellom ulike språk og målføre. Framvoksteren av nye språkvariantar vert jamført med ein evolusjonsprosess med utgangspunkt i eldre språkformer.

Av det eg har skrive ovanfor, kan ein slutta seg til at junggrammatikarane fyrst og fremst dreiv med diakron språkvitskap. Òg når ein granska moderne språk og målføre, hadde ein ei historisk-komparativ tilnærming til desse, og jamførde med eldre språksteg. I samsvar med dette fylgjer det som gjerne har vorte sett på som den absolutte kjernen i junggrammatisk språkvitskap: Alle ljodendringar er å sjå på som mekaniske prosessar, og dei går føre seg utan unnatak innanfor eit målføre dersom dei naudsynte vilkåra er til stadar. Ein opererer altso med

sokalla unnatakslause ljodlover, *ausnahmslose Lautgesetze*. Omgrepet *lov* vert soleis nytta i same tydinga som ei naturlov, noko som går føre seg utan styring eller vilje av noko slag. Dei to einaste unnataka frå dette ein opererer med, er analogi og lån frå andre målføre og språk.

Når ein opererer innanfor eit paradigme der skildring av ljodendringar står heilt sentralt, er det naudsynt med ein modell for å gjera greie for tilhøvet mellom ulike språk og målføre, både i samtida og tidlegare tider. I samsvar med biologien talar ein om slektskap og familiar òg innanfor språkvitskapen. Dette er eit resultat av den sokalla *Stammbaumtheorie*, som vart framsett av August Schleicher på 1860-talet, inspirert av Darwins evolusjonsteori (Robins 1967:179-181). *Stammbaumtheorie* vert òg dregen fram av Jahr (1996:90) som eit sentralt element i *nynorsk språkforskning*. Denne inneber at ein opererer med opphavsspråk på eine sida og dotterspråk og dottermålføre på hi, der ulike målføre som gjennomgår ulike endringar over tid vert meir og meir ulike, heilt til ulikskapen mellom dei til sist er vorten so stor at ein kan tala om ulike språk. Desse kan ein so setja opp i eit familietre, der skyldskapen mellom dei ulike målføra og språka går fram. For å halda fast ved dei biologiske metaforane kan ein seia at når nye målføre og språk vert fødde med utgangspunkt i eldre språk, er ein vitne til jomfrufødsel i staden for vanleg tvikjønna formeining. I ein idealisert *Stammbaum*-modell har kvart språk eller målføre eitt einaste beinveges opphavsspråk, og dei formene ein finn synkront kan sporast beinveges attende til formene i opphavsspråket. Denne modellen vart sidan supplert av den sokalla *Wellentheorie*, som inneber at språklege endringar òg kan koma til ved at former og konstruksjonar i eitt språk eller målføre kan påverka eit anna språk eller målføre jamvel om det ikkje er noko beinveges genetisk samband (i metaforisk forstand) mellom dei (Robins 1967:179). Nemninga på teorien kjem av at ein jamfører spreinga av språklege former med bylgjer som spreier seg når ein kastar ein stein i vatnet. M.a.o. skildrar denne teorien språkkontaktfenomen og kan soleis reknast til kategorien lån innanfor det junggrammatiske paradigmet.

Elles går kritikken av *nynorsk språkforskning* i stor grad ut på at ein ikkje gjekk inn for å skildra språkleg variasjon innanfor einskildmålføre og hjå einskildtalarar. Helst skulle ein skildra den eldste tilgjengelege språkvarianten på staden. I *Lexikon der Sprachwissenschaft* (s. 328) kan ein lesa at ”Untersuchungsgegenstand des Sprachwissenschaftlers ist nicht das Sprachsystem, sondern die im einzelnen Individuum lokalisierte und somit unmittelbar beobachtbare Sprache ([...] Idiolekt)”. Dersom ein ynskjer å undersøka språket hjå ein einskild talar, vil poenget i so fall vera å skildra ein einskpleg språkvariant som ein so kan jamføra med eit eldre språksteg. Då den danske keltologen og indoeuropeisten Holger Pedersen på 1890-talet granska målføret på Inis Mór utanfor

vestkysten av Irland, gjorde han det slik at han nytta éin hovudinformant, men samstundes sjekka han formene han fekk frå denne for å forvissa seg om at informanten var representativ for målføretalarane på staden (Munch-Pedersen 1991:77). Dersom ein ikkje gjer som Pedersen, er det ein potensiell fåre at ein får med seg språklege serdrag hjå den informanten ein har valt, som ikkje er representative for talarane av den språkforma ein ynskjer å skildra. Ein måte å unngå dette på, er soleis å nytta fleire ulike kjelder og so laga seg ein idealisert variant av målføret på grunnlag av desse. Denne kan ein so jamføra med eldre språksteg og andre målføre. Dette samsvarar godt med praksisen i dei to mest reindyrka junggrammatiske norske målføremonografiane eg ser på (Thorson 1929, Myhre 1951). Ingen av desse gjev opp å ha nytta berre éin einaste informant og skildra hans eller hennar idiolekt, jamvel om dei i all hovudsak skildrar éi jamt over homogen språkform som skal representera det eldste enno levande språksteget på staden. Thorson (1929) har valt å skildra fire nokså einsarta bygdemål under eitt og heimfester soleis mange former serskilt, medan Myhre (1951) baserer seg på tre hovudinformatar frå den same grenda. Same kva for framgangsmåte ein vel, vert stoda den at ein har éi jamt over homogen språkform som ein jamfører med den eldre språkforma. Denne språkforma kan ein i so fall gjerne sjå på som eit idealisert proto-målføre, som mest truleg ingen talarar nyttar fullt ut.

Ovanfor har eg teke føre meg nokre av dei sentrale elementa innanfor junggrammatikken i ei ortodoks form med unntakslause ljodlover og ein *Stammbaum*-modell der det går tydeleg fram korleis ulike språk og målføre står i høve til kvarandre både diakront og synkront, og der både det vertikale og horisontale slektskapstilhøvet mellom ulike språk og målføre i prinsippet er enkelt å definera. Sjølv oppfattar eg at sjølve kjernen i den junggrammatiske tilnærminga til språkgransking ligg i å skildra språkleg *evolusjon*. Når ein jamfører eldre språksteg med moderne og fleire moderne språksteg med kvarandre, vil ein alltid gjera det med det i tankane at det finst eit evolusjonistisk samband mellom dei. Vidare kan ein då spørja seg om det i so fall ikkje er slik at ein då òg har eit variasjonsperspektiv i måten ein studerer språk på. Synkron geografisk variasjon mellom ulike målføre representerer utan tvil eit slikt perspektiv, og etter mitt syn representerer òg jamføring mellom språkformer på ulike historiske språksteg ei form for språkleg variasjonsstudium.

#### **4.2 Omgrepet *strukturalisme***

I kritikken av *nynorsk språkforskning* er det, som tidlegare nemnt, *strukturalisme* som ved sida av sosiolingvistikkk vert sett opp som det som representerer ein motsetnad til den etablerte dialektologiske tradisjonen i Noreg. *Strukturalisme* representerer den nye tida, og dei som



ikkje var viljuge til å nytta strukturalistisk teori og metode fjerna, seg dimed meir og meir frå hovudstraumen innanfor ålmenn språkvitskap. Her ligg kjernen i det både Jahr (1996), Hovdhaugen ofl. (2000) og Einar Haugen (1953) skriv om at målføregransking i stor mon gjekk sin eigen veg og skilde lag med den ålmenne språkvitskapen. I denne bolken kjem eg ikkje med noka heilskapleg drøfting av omgrepet *strukturalisme*, som på ingen måte representerer éin einskapleg forskingstradisjon, men eg kjem til å sjå på nokre av dei mest sentrale og definerande punkta og samstundes på korleis han skil seg frå junggrammatikken.

Det er vanleg å tidfesta byrjinga åt den sokalla strukturalistiske språkvitskapen med utgjevinga av *Cours de linguistique général* i 1916 (Saussure 1916). Denne var basert på førelesingsnotat studentar hadde laga under tre førelesingsrekkjer i ålmenn språkvitskap Ferdinand de Saussure (1857-1913) hadde halde i perioden 1906-1911. Saussure etterlét seg ikkje nokon notat sjølv, og boka som kom ut i 1916, er soleis korkje beinveges eller omveges eit arbeid frå hans eiga hand, men eit resultat av tolkingar i fyrste omgang frå studentane som noterte, og so frå redaktørane.

Ein grunnleggjande distinksjon i Saussures språksyn er at han innfører eit skilje mellom *langage*, *langue* og *parole* (Matthews 2001:11-13). Av desse kan *langage* i utgangspunktet avskrivast som forskingsobjekt åt strukturalistar. Omgrepet kan på norsk setjast om med 'språk' i tydinga einskildspråk som t.d. engelsk, norsk osb. *Langage* er soleis eit sosialt og ofte politisk fenomen på eit svært overordna nivå. *Parole* kan på norsk setjast om med 'tale' og viser til konkret språkbruk hjå einskildmenneske. *Parole* er ikkje eit psykologisk fenomen, men er heller å sjå på som eit fysisk observerbart fenomen i verda. *Langue*, derimot, viser til det språksystemet og den språkevna som finst hjå kvart einskilt menneske. Jamvel om det språket ein finn hjå kvar einskild er kome til og er forma av sosiale konvensjonar, er det likevel slik at språket i tydinga *langue* må lærast av kvart einskilt individ for seg. For Saussure er det *langue* som er det primære studieobjektet åt språkvitskapen. Soleis er det primære studieobjektet for Saussure eit psykologisk fenomen. Han avviser ikkje relevansen åt studiet av *parole*, men det er likevel sekundært.

Ei naturleg fylgje av Saussures syn på *langue* som det primære studieobjektet åt språkvitskapen, er at det synkrone språkstudiet får ein heilt annan posisjon enn det hadde innanfor junggrammatikken (Matthews 2001:13). Saussures *langue* er noko som finst hjå kvart individ som eit reint synkront fenomen utan at det finst noko medvit eller kunnskap hjå talaren om det historiske opphavet åt den språkvarianten han eller ho brukar. Soleis kan det synkrone studiet av *langue* i seg sjølv verta eit fullverdig mål for språkvitskapen. Dette inneber ikkje at Saussure avviser eit diakront perspektiv i språkvitskapen, og diakron

språkvitskap vert soleis ei jamførande utgransking av ulike språkssystem på to eller fleire ulike tidspunkt i soga.

Det er òg på sin plass å definera kva det vil seia å skildra eit språkssystem innanfor Saussures (1916) språksyn. Heilt sentrale omgrep er *signe* 'teikn', *signifiant* 'det kjenneteiknande' og *signifié* 'det som vert kjenneteikna'. *Signifiant* er den mentale representasjonen som ligg attom det akustiske signalet åt det språklege teiknet. Omgrepet *signifié* viser til tydingsinnhaldet, som er ein mental representasjon heller enn konkrete ting i den fysiske verda. Denne heilskapen utgjer saman det språklege teiknet. Innanfor språkssystemet eksisterer ikkje språklege teikn berre i kraft av seg sjølve. Dei oppnår tyding og relevans når dei vert sedde i motsetnad til andre språklege teikn (Matthews 2001:19). Soleis får teiknet **katt** tydinga 'katt' når det vert sett i motsetnad til t.d. teiknet **hund** med tydinga 'hund'. Det same gjeld andre språklege einingar på t.d. fonem- og morfemnivå. Ingen språklege einingar eksisterer soleis på eiga hand. På fonemnivået kan ein soleis etablere den fonemiske motsetnaden i norsk t.d. mellom /k/ og /h/ mellom /kat/ og /hat/, og soleis skilja teikna **katt** og **hatt** frå kvarandre. Slik kan ulike språklege teikn stå i ulike motsetnadstilhøve på fleire ulike måtar.

I løpet av mellomkrigstida spreidde strukturalismen seg både i Europa og Nord-Amerika. Ein fekk fleire ulike skular, som m.a. Prag-strukturalismen og Louis Hjelmslevs glossematikk i København. Dei europeiske retningane innanfor den strukturalistiske språkvitskapen hadde det sams at dei såg på studieobjektet sitt som eit psykologisk fenomen. Strukturalismen spreidde seg òg til Nord-Amerika på 1920- og 1930-talet. Han vart meir og meir dominerande, og i etterkrigstida kom den tradisjonelle strukturalistiske språkvitskapen til å dominere heilt til den generative språkvitskapen tok over etter at Noam Chomsky hadde teke til å publisera sine skrifter frå slutten av 1950-talet og utetter.

På visse område gjekk den nordamerikanske strukturalismen sine eigne vegar jamført med den europeiske. Eg kjem her til å konsentrere meg serskilt om synet på kva som var studieobjektet åt språkvitskapen. Medan dei europeiske strukturalistane, som nemnt ovanfor, meinte at studieobjektet er språkssystemet slik ein finn det hjå kvart individ, var det utbreidde synet i Nord-Amerika at studieobjektet åt språkvitskapen primært er den observerte tala. I den programmatiskle artikkelen "A set of postulates for the science of language" erklærte Leonard Bloomfield (1926:155) at "[t]he totality of utterances that can be made in a speech-community is the *language* of that speech-community." Språket er soleis eit potensielt fysisk objekt i verda og ikkje ei evne og ei mental ovring hjå einskildmennesket. Dette synet heng saman med den *behavioristiske* tilnærminga til psykologien og det positivistiske vitskapssynet

som var rådande innanfor denne språkvitskaplege fagtradisjonen. Innanfor det behavioristiske synet på psykologi står tilhøvet mellom stimulus og respons heilt sentralt. I den viktige innføringsboka si i språkvitskap, *Language*, opererer Bloomfield (1933:26) med høvesvis ikkje-språkleg (t.d. syns- og høyrslainntrykk) (S og R) og språkleg (s og r) stimulus og respons. Desse kan inngå i ei kjede som fylgjer: "S→r.....s→R". Dersom ein har eit språkleg stimulus som so får ein språkleg respons, er det desse ein som språkgranskar kan skildra. Det som hjå Bloomfield er attgjeve med prikkar, representerer produksjonen, transporten og persepsjonen av tala, og er soleis eit reint fysisk fenomen. Det er her ein finn studieobjektet åt språkvitskapen. Derimot er ein som språkgranskar ikkje i stand til å seia noko om det som er representert med pilene. Av alt dette fylgjer det at når ein språkgranskar skal skildra eit språk, er det han skildrar i røynda berre eit endeleg tal med ytringar som han har observert hjå ein eller fleire talarar eller i eit språksamfun. M.a.o vert deskriptiv språkvitskap i røynda til ei form for korpuslingvistikk.

Dette har ein eit godt døme på i magistergradsavhandlinga åt Magne Oftedal (1946). I denne oppgåva gjer han det eksplisitt klårt at han berre skildrar språket hjå éin einskild informant, og berre det (Oftedal 1946:8). Soleis er det han skildrar einast eit avgrensa sett med ytringar. Jamvel om Oftedal (1946:2) i innleiinga refererer til både Saussure og Hjelmlev og deira syn på tilhøvet mellom språklege uttrykk og språkleg tydingsinnhald, og soleis ikkje utan vidare kan seiast å stå inne for det behavioristiske synet på dei mentale prosessane, er han lik det synet behavioristane representerer i sin eigen deskriptive praksis. I samsvar med strukturalistisk praksis gjer Oftedal greie for foneminventaret hjå informanten sin. Han diskuterer fleire ulike tilfelle der det kan argumenterast for at ulike fonar er allofonar av eitt og same fonemet. Eit slikt tilfelle er fonane [h] og [ç]<sup>13</sup> som berre finst i komplementær distribusjon i høve til kvarandre. [h] finst berre i framljod, [ç] finst berre i innljod, og ingen av dei inngår i nokon konsonantgrupper. Oftedal vel til sist å ikkje taka omsyn til artikulasjonen, og reknar dei som allofonar av eitt og same fonemet på reint distribusjonelt grunnlag utan å drøfta om denne definisjonen av fonemet /h ç/ speglar att ein mental realitet hjå språkbrukaren: "Pragerskolen ville oppfatte h og ç som forskjellige fonemer fordi deres fonetiske realisering er helt ulik. Men for den som bare befatter seg med funksjoner, blir dette argument verdiløst. Det dreier seg i grunnen om to helt ulike syn på begrepet fonem." (Oftedal 1946:21-22).

---

<sup>13</sup> Notasjonen [ç] i Norvegia representerer ein stemd, alveolar frikativ, som i IPA vert transkribert som [d͡ʒ].

Oftedal ser soleis ut til å liggja ein stad mellom europeisk og nordamerikansk strukturalisme, der han ikkje avviser det mentale aspektet som ein del av studieobjektet åt språkvitskapen, men elles held seg strengt til å skildra eit korpus med ytringar frå éin einskild informant. Oftedal (1946) går t.d. ikkje like langt som Zellig S. Harris, som i alle fall i prinsippet heilt avviser alle andre relasjonar enn dei reint distribusjonelle når ein skal granska menneskeleg tale:

The main research of descriptive linguistics, and the only relation which will be accepted as relevant in the present survey, is the distribution or arrangement within the flow of speech of some parts or features relatively to others. (Harris 1951:5)

Soleis avviser Harris prinsipielt at semantiske omsyn har nokon relevans når ein skal skildra eit sett med ytringar. Dette er noko Oftedal ikkje gjer. Men det han faktisk gjer, er å vera korpuslingvist i og med at han held seg til å skildra eit avgrensa sett med ytringar frå éin einaste informant med ei einskapleg språkform.

Kritikken av *nynorsk språkforskning* går m.a. ut på at dei tradisjonelle norske dialektologane ikkje gjekk inn for å skildra språkleg variasjon. Samstundes vert dei òg kritiserte for at dei ikkje tok til seg moderne teori og metode representert ved strukturalismen. I dette ligg det eit paradoks. Dersom ein skal skildra dei språklege einingane i eit avgrensa sett med ytringar reint distribusjonelt, er det ein stor føremon dersom desse ytringane er so einskaplege som råd seg imellom. Slik vert det enklare å etablera eitt fast og regelbunde system. Dette vert tilsvarande vanskeleg dersom settet med ytringar har stor indre variasjon. Oftedal (1946:7-8) gjer greie for at han er fullt ut klår over at det finst variasjon ikkje berre av geografisk art, men òg, som Oftedal formulerer det, at "[e]n enkelt familie kan ha flere språklige eiendommeligheter." (Oftedal 1946:7) Oftedal gjer greie for at han er avhengig av å ha informantar med eit jamt over stabilt og konsekvent fonologisk system (Oftedal 1946:6). Når det vilkåret so er stetta, valde Oftedal berre å skildra språket åt éin einskild informant, etter di dei tre informantane, som alle var sambygdingar på om lag same alderen, viste seg å representera minst to ulike fonologiske system, og soleis ikkje ville høva som kjelder for ei og same språkskildringa. Difor valde Oftedal

ham [hovudinformaten Kristian B. Lima] fordi hans system var det mest arkaiske og mest kompliserte, og følgelig fra fonologiens synspunkt det mest interessante. Denne avhandling er utarbeidet utelukkende på grunnlag av hans oppgaver; når det unntagelsesvis er sitert ord som stammer fra andre heimelsmenn, er det alltid anmerket, og slike ord er naturligvis ikke tatt med i beskrivelsen av strukturen. **Med andre ord er det egentlig K. B. Limas mål, ikke Gjestalmålet i sin helhet, som blir behandlet her.** [mi utheving] (Oftedal 1946:8)

Ein kan soleis slå fast at Magne Oftedal i magistergradsavhandlinga si var gjennomført strukturalistisk og synkron og soleis nytta moderne språkvitskapleg teori, men at skilnadene i

høve til *nynorsk språkforskning* slik han vert definert av Jahr (1996), med omsyn til val av informantar og skildring av språkleg variasjon er langt vanskelegare å få auga på. Er det noko Oftedals arbeid **ikkje** kan karakteriserast som, er det som sosiolingvistisk.

Noko nytt med strukturalismen jamført med junggrammatikken var at det synkrone språkssystemet vart eit fullverdig studieobjekt i seg sjølv og at reint synkrone språkskildringar med ei slik tilnærming kunne gå utover det å vera avgrensa m.a. normative grammatikkar. Saussure avviste på ingen måte ei diakron tilnærming til språkvitskapen. Til liks med Saussure var òg Leonard Bloomfield i utgangspunktet skulert innanfor det junggrammatiske paradigmet. Heller ikkje han avviste historisk-komparativ språkvitskap. Samstundes som han arbeidde med å etablera strukturalistisk språkvitskap i Nord-Amerika, arbeidde han sjølv aktivt med å finna fram til dei slektskapstilhøva innerter i den nordamerikanske algonkiske språkfamilien ved hjelp av junggrammatisk teori og metode. Like eins arbeidde han med å rekonstruera ur-algonkisk. Ettersom alle desse språka tradisjonelt har vore skriftlause, gjorde han dette på grunnlag av dei moderne språka som var tilgjengelege i samtida. Soleis dreiv Bloomfield sjølv med historisk-komparativ språkvitskap, men med utgangspunkt i einast synkrone kjelder (ELL 1:102-103).

Eg har freista å koma med ei skildring av nokre av dei mest sentrale aspekta ved strukturalistisk språkvitskap, som eg meiner er relevante i høve til emnet åt denne oppgåva. Strukturalismen opna for synkrone språkstudium og skauv desse i framgrunnen, men utan at dette i alle tilfelle førde med seg at ein avviste relevansen åt diakrone studium. Strukturalismen kan vanskeleg sjåast som eit steg mot moderne sosiolingvistikk i og med at ein var oppteken av å studera relasjonane mellom dei språklege elementa innanfor eitt lukka språkssystem. Dette lèt seg gjera langt enklare di færre kjelder og meir einskapleg språkleg tilfang ein har tilgjengeleg. Eg sit med det inntrykket at tradisjonell junggrammatisk målføregransking tok vel so mykje omsyn til språkleg variasjon, både synkront og diakront, som konsekvent gjennomført strukturalisme.

### **4.3 Omgrepet *språkleg variasjon***

Dorian (2001) kritiserte Oftedal (1956) for at han ikkje hadde skildra den synkrone språklege variasjonen som fanst innerter i dei gæliske språksamfunna i tre landsbyane i austlege Sutherland. Synkron variasjon innerter i språksamfunn, oftast sosiolingvistisk betinga mellom ulike generasjonar, kjønn, klasser eller andre sosioøkonomiske skiljeliner, kan ein sjå på som eit prototypisk døme på språkleg variasjon. Denne forma for variasjon har stått sentralt i nyare sosiolingvistisk forskning. I Sutherland observerte Dorian synkron variasjon som korkje kunne

reknast for sosiolingvistisk eller geografisk. Inga av desse formene for variasjon var skildra av Oftedal (1956) i skildringa hans av målføret i Leurbost. Korkje junggrammatisk eller strukturalistisk målføregransking har lagt mykje vekt på å skildra desse formene for variasjon. Det ser ut til å vera ein klår tendens til at strukturalistisk språkvitskap har ei tilnærming til studieobjektet som gjer vektlegging av språkleg variasjon vanskeleg.

I denne samanhengen ynskjer eg òg å peika på at omgrepet *språkleg variasjon* kan tolkast vidare enn det eg har gjort ovanfor. I tradisjonell målføregransking har eit jamførande perspektiv vore rikeleg til stadar både diakront, med jamføring av ulike språksteg, og synkront, med jamføring av ulike målføre på det same språksteget. Eg ser det som uproblematisk å definera desse formene for tradisjonell jamførande språkgransking som ei anna slags tilnærming til studiet av språkleg variasjon. Dersom ein legg eit slikt syn på språkleg variasjon til grunn, kan ein ikkje lenger seia at sosiolingvistikken og andre former for variasjonsstudiar (t.d. i samsvar med dei ynska som vert framsette av Dorian (1994, 2001)) har noko monopol på å skildra språkleg variasjon. Med ei slik tilnærming til språkleg variasjon vil òg junggrammatisk diakron språkvitskap og målføregeografiske studiar, der ein jamfører synkrona øvringar ( gjerne òg i eit diakront perspektiv), bae kunna seiast å representera ei form for variasjonsstudiar i språkvitskapen.

## 5 Keltiske målførestudier i Noreg

I dette kapitlet skal eg taka føre meg den delen av den keltologiske fagtradisjonen i Noreg som femnar om målføregransking. Eg freistar ikkje å gjeva noko heilskapleg oversyn over moderne keltisk målføregransking utanfor Noreg, men eg kjem likevel til å sjå stutt på andre nordiske keltologar og gælisk målføregransking ålment. Eg ser dette som ein føremon for å kunna plassera dei norske keltologane faghistorisk. Like eins ser eg det som naudsynt å gjera greie for den stoda dei moderne keltiske språka er i og har vore i nyare tid. Samla utgjer desse perspektiva eit naudsynt bakteppe for at ein skal kunna forstå kva for omstende nordmennene har produsert dei keltiske målførestudiane sine under.

### 5.1 Stoda åt dei moderne keltiske språka

Alle dei nolevande keltiske språka, dvs. walisisk, bretonsk, irsk og skotskgælisk, har det sams at dei er minoritetsspråk både nasjonalt, og ofte jamvel lokalt og regionalt, og at bruken av dei har vore på retur gjennom lang tid. I dag er stoda dessutan vorti slik at det knapt nok finst nokon morsmålstalarar av desse språka som i tillegg ikkje talar majoritetsspråket, dvs. engelsk på dei britiske øyane og fransk i Bretagne. Attåt desse kjem det gæliske språket på Man, som døydde ut som morsmål på 1970-talet. Det er liten eller ingen grunn til å tru noko anna enn at majoritetsspråka i dei ulike statane i svært mange tilfelle spelar ei vel so stor rolle i kvardagen åt dei keltisktalande i dag som dei keltiske språka sjølve gjer. For fleire av dei keltiske språka finst det offisiell statistikk som gjev oss tal på kor mange talarar det skal finnast. Denne statistikken har ein tendens til å vera notorisk upåliteleg og må i alle høve ikkje takast for bokstavleg. Den engelske samfunnsgeografen Reg Hindley (1990:45-64) illustrerer dette godt i si omfemnande drøfting av korleis ein kan nytta og tolka offisiell språkbruksstatistikk i Irland. Meir om dette kjem i avsnittet mitt om språkstoda i Irland. Jamvel om stoda er ei anna i Den irske republikken, med irsk som offisielt fyrste nasjonalspråk og engelsk som andre nasjonalspråk,<sup>14</sup> slik at irsk språk offisielt har ein meir framskoten posisjon enn dei hine keltiske språka, er det liten grunn til å tru at ikkje offisiell statistikk frå dei andre landa med keltisktalande minoritetar òg bør lesast med ein viss skepsis.

#### 5.1.1 Walisisk

Tal frå *Office for National Statistics* i Storbritannia syner at 28,4 % av innbyggjarane i Wales gav opp at dei hadde ein viss dugleik i walisisk, at 20,5 % kunne tala walisisk og at 16,3 % av

---

<sup>14</sup> [http://www.taoiseach.gov.ie/attached\\_files/Pdf%20files/Constitution%20of%20Ireland%20\(Irish\).pdf](http://www.taoiseach.gov.ie/attached_files/Pdf%20files/Constitution%20of%20Ireland%20(Irish).pdf)  
[11. februar 2007]

dei kunne både tala, lesa og skriva walisisk i folketeljinga i 2001.<sup>15</sup> Talet er serskilt høgt for aldersgruppene 3-9, 10-15 og 16-19 år,<sup>16</sup> noko som tyder på at mange som har hatt opplæring i walisisk på skulen, vert registrerte som walisisktalande når statistikken vert samla inn. Statistikken seier ingenting om kor mange av desse som reknar walisisk for å vera morsmålet sitt, eller kor mange som nyttar walisisk som heimespråk eller som på andre måtar er habituelle talarar. Det røynelege talet på målbrukarar som nyttar målet i heimen og kvardagen, og som fører det vidare til nye generasjonar, er difor etter alt å døma mykje lægre.

### 5.1.2 Bretonsk

Bretonsk er det keltiske språket som er på sterkast retur i dag. Det finst heller ingen offisiell statistikk som seier noko om kor mange talarar det finst,<sup>17</sup> soleis at alle freistnader på talfesting av bretonsktalande berre er meir eller mindre kvalifiserte gissingar. Medan ein har rekna med at det fanst so mykje som 1,4 millionar bretonsktalarar so seint som i 1905 (mellom desse om lag 60 % monoglottar), rekna ein i 1991 med om lag 250 000 talarar (og ein del fleire som hadde oppgjeve berre ein viss passiv kjennskap til bretonsk) (Humphreys 1993:628). Mellom desse 250 000 var dei aller fleste gamle. Dette kan illustrerast med tal som vert framlagde frå landsbyane Bothoa og Plouvien (Humphreys 1993:628, 630). I Bothoa i 1982 vart talet på "fluent speakers" oppgjeve til å vera over 90 % mellom folk som då var eldre enn 60 år, medan talet var 84,4 % mellom dei i aldersgruppa 50-59 år. I aldersgruppa 18-29 år vart berre 7,9 % oppgjevne som "fluent speakers", 22,2 % som "semi-speakers" og 25,9 % som "uncertain". 44,4 % var utan tvil fransktalande monoglottar. I Plouvien i 1982 var 96 % av alle eldre enn 66 år oppgjevne å kunna tala bretonsk flytande, og berre 1,4 % som fransktalande monoglottar. I aldersgruppa 18-25 år var berre 14 % flytande i bretonsk, og heile 30 % fransktalande monoglottar. Jamvel om alle tala her bør lesast med ei viss varsemd, syner dei likevel klårt den massive tilbakegangen bretonsk språk har hatt i det siste hundreåret, men òg kor sterkt det har stått mellom folk fram til svært nyleg.

### 5.1.3 Irsk

Offisiel statistikk frå folketeljinga i 2002, henta hjå *An Phríomh Oifig Staidrimh na hÉireann* (*Central Statistics Office Ireland*), seier at heile 41,9 % av innbyggjarane over tre år i Den

---

<sup>15</sup> [http://www.statistics.gov.uk/downloads/census2001/KS\\_LA\\_Wales\\_in\\_English.pdf](http://www.statistics.gov.uk/downloads/census2001/KS_LA_Wales_in_English.pdf) [11. februar 2007]

<sup>16</sup> <http://www.statistics.gov.uk/ci/nugget.asp?id=447> [11. februar 2007]

<sup>17</sup> <http://www.uoc.edu/euromosaic/web/document/breto/an/i1/i1.html> [11. februar 2007]



irske republikken kan tala irsk, og dette er jamvel ein framgang frå 32,5 % i 1991.<sup>18</sup> Same kjelda seier at talet i 1901 var 19,2 %, og at det var 27,2 % i 1961.<sup>19</sup> I tillegg syner offisiell statistikk frå folketeljinga i 2001 for Nord-Irland, henta frå *Northern Ireland Statistics and Research Agency*, at 7,4 % av innbyggjarane kan tala irsk og at 4,2 % attåt desse har ein viss dugleik i irsk språk.<sup>20</sup> Soleis kunne ein koma til å tru at irsk mål har hatt jamn og god framgang det siste hundreåret, medan det er det motsette som faktisk har vore tilfelle. At det finst fleire menneske i dag enn tidlegare som har ein meir eller mindre fragmentarisk kjennskap til det irske målet, men som ikkje er røynelege målbrukarar, endrar ikkje på dette faktumet. Dette er tal som på ingen som helst måte speglar att nokon relevant røyndom om stoda for det irske målet og som er villeiande i ein heilt ekstrem mon. Desse tala seier heller ingenting om det som det verkeleg hadde vore interessant å få truverdige opplysningar om: nemleg ei talfesting av kor mange menneske som nyttar irsk i kvardagen og som heimespråk. Statistikken seier soleis ingenting om kor mange som har irsk som morsmål på eine sida og kor mange som er habituelle språkbrukarar på hi.

Meir interessant er det difor å sjå på eit tal som den irske keltologen og målføregranskaren Brian Ó Cuív kjem med då han i 1951 oppsummerte stoda åt det irske språket i dei hovudsakleg irsktalande områda, *na Gaeltachtaí*, slik:

The fact that economic conditions have forced the people to turn their eyes to the outside world, coupled with other influences such as the radio, cinema, and newspapers, has lead many of those left in the Gaeltacht areas to give up speaking Irish, and has brought about the position that exists today when probably no more than 35,000 persons use Irish as their ordinary medium of speech, and no more than 3,000 are ignorant of English. Moreover, the districts where Irish is still normally used are among the most 'uneconomic' in the country, and they are separated from one another by large English-speaking areas where most of the people cannot speak Irish. (Ó Cuív 1951:31-32)

Her får ein eit heilt anna og langt meir røyndomsnært inntrykk enn det som den offisielle statistikken skapar. Ó Cuív skildrar eit språk som har vore i langvarig tilbakegang og enno er det. Jamvel om det i dei over femti åra som er gått etter dette har vore ein del framsteg i høve til tilgjenge til irskspråkleg skulegang og at det finst mange familiar utanfor Gaeltacht som nyttar irsk som heimespråk, har utviklinga i Gaeltacht halde fram i same retninga. Eit nyare og meir pessimistisk overslag over talet på målbrukarar har vorte framsett av Reg Hindley:

I do not suggest this dogmatically but feel it safe to set a 10,000 upper limit to the current numbers of habitual native speakers while admitting that many of them share grave doubts about the advisability of continuing to speak Irish and may well end their careers more fluent in English and in normal circumstances no longer using Irish. (Hindley 1990:251)

---

<sup>18</sup> [http://www.cso.ie/census/documents/vol11\\_t1\\_17.pdf](http://www.cso.ie/census/documents/vol11_t1_17.pdf) [11. februar 2007]

<sup>19</sup> Talet for 1901 gjeld berre det området som i dag utgjer Den irske republikken.

<sup>20</sup> [http://www.nisra.gov.uk/census/Excel/commissioned\\_output/EXT20031001B.xls](http://www.nisra.gov.uk/census/Excel/commissioned_output/EXT20031001B.xls) [11. februar 2007]

Under alle omstende er det ingen tvil om at dette gjev eit langt meir realistisk bilete av målstoda i Irland enn den offisielle statistikken, og det er liten grunn til å tru at stoda er betre i dag, meir enn 15 år seinare. Som nemnt ovanfor, har Hindley dessutan drøft korleis ein kan og bør lesa offisiell irsk språkstatistikk med størst mogeleg utbytte. Han konkluderer med at ein ikkje kan rekna med at irsk er eit berande språk i lokalsamfunnet andre stader enn der statistikken syner over 90 % irsktalande. Han konkluderer vidare med at der statistikken syner kring 80 %, har engelsk alt teke over som hovudspråk lokalt, men at irsk enno kan vera morsmål åt mange av dei eldste innbyggjarane. Engelsk vil soleis vera nytta i dei aller fleste heimane, men mange born vil likevel vera relativt flytande i sokalla "school-Irish", utan at det gjer dei til habituelle språkbrukarar som truleg kjem til å føra språket vidare til sine born. Det næraste ein kjem eit realistisk overslag over talet på irsktalande, finn ein ved å sjå på kor mange talarar folketeljinga syner for aldersgruppa 3-4 år. Desse har enno ikkje byrja på skulen og har soleis ikkje hatt høve til å læra irsk der. Som døme nemner Hindley at det i 1981 var oppgjeve å skulla vera 9,1 % irsktalande i aldersgruppa 3-4 år i *Gaeltacht*-områda i grevskapet Meath, men

even this low figure is a gross exaggeration of Irish fluency appropriate to the age and it must be emphasized that all the census language figures are inflated by patriotic and nationalistic sentiment, 'wishful thinking' by persons who would like to speak Irish but whose other priorities leave them only with a token amount, and parental over-optimism about the language attainments of their children at school. (Hindley 1990:47)

Hindleys metode er soleis å taka utgangspunkt i talet for denne aldergruppa og so rekna med at dette talet er kraftig overdrive. Det er då interessant å merkja seg at folketeljinga i 2001 synte 10,3 % irsktalande i Den irske republikken som heilskap og 50,6 % i dei områda som har offisiell *Gaeltacht*-status.<sup>21</sup> Det er soleis tydeleg at engelsk er sterkt til stadar i kvardagen absolutt overalt i Irland. Observasjonane og vurderingane Holger Pedersen gjorde på Inis Mór i grevskapet Galway, som enno i dag høyrer til det absolutte kjerneområdet for levande irsk talespråk, i 1895, illustrerer svært godt at dette nærværet slett ikkje er noko nytt:

Og her på Aran [Inis Mór] er Irsk heller ikke eneherskende; man hører mere Engelsk end Irsk her i denne Landsby (Kilronan); de små Børn taler Engelsk indbyrdes, der er næppe en Mand på hele Øen, der ikke kan noget Engelsk; selv den gamle Martin, der, som jeg ovenfor sagde, »ikke kan tale Engelsk«, kan til syvende og sidst Engelsk nok til at kunne hjælpe sig frem dermed. Det irske Sprog er dødsdømt, og den Tid vil snart komme, da man forgæves vil søge efter det i den fjerneste Afkrog af Irland, om det vil holde sig i Amerika, véd jeg ikke. (*Ung sprogforsker på rejse* 1994:196)

Gjennomgangen ovanfor om stoda åt det irske språket kan synast noko lang, men eg meiner at ho er på sin plass av di ho godt illustrerer kor problematisk det kan vera å tolka språkstatistikk, og på eit meir ålment plan kor misvisande statistikk kan vera i det heile, jf.

---

<sup>21</sup> [http://www.cso.ie/census/documents/vol11\\_t1\\_17.pdf](http://www.cso.ie/census/documents/vol11_t1_17.pdf) [11. februar 2007]

den jamne voksteren i talet på irsktalande som etter statistikken visstnok skal ha gått føre seg frå tidleg på 1900-talet til i dag. Jamvel om dei norske keltologane utførde feltarbeidet sitt i perioden frå midten av 1910-talet fram til byrjinga av 1950-talet, er stoda i dag resultatet av ein prosess som har gått føre seg heile denne perioden, og som enno gjer det i dag.

#### **5.1.4 Skotskgælisk**

For skotskgælisk har eg funne tal frå folketeljningane i 2001 og 1991 som er lagde ut av *Comunn na Gàidhlig*.<sup>22</sup> Dei syner at det oppgjevne talet på gælisktalande i høvesvis 2001 og 1991 var 58 552 (1,16 % av folkesetnaden i heile Skottland) og 65 978 (1,32 %). Statistikken for 2001 syner òg at mellom dei som var i aldergruppa 3-24 år, var det 0,93 % gælisktalande, medan det tilsvarande talet mellom dei som var eldre enn 75 år gamle, var 1,98 %.<sup>23</sup> Dessutan rapporterer Kenneth MacKinnon (1993:493-494) at berre 58 % av dei oppgjevne gælisktalande i folketeljninga i 1981 budde innanfor dei tradisjonelt gælisktalande områda. Dette talet, som er dramatisk mykje lægre enn det som vert oppgjeve for walisisk og irsk, speglar godt den veikare offisielle statusen språket har. Likevel ser ein at tendensen her òg er fallande, slik det har vore heilt sidan mellomalderen (MacKinnon 1993:491-492). For den perioden målførestudiane eg skal granska, kjem frå, er det mest interessant å merkja seg at talet på oppgjevne gælisktalande i Skottland gjekk ned frå 254 415 i 1891 til 95 447 i 1951, med ein jamn nedgang i heile tidbolken.<sup>24</sup> Til liks med tala for dei hine keltiske språka er det heller ikkje her nokon grunn til å rekna med at det røynte talet ligg høgare enn desse, men mykje tyder på at tala for skotskgælisk ligg mykje nærare sanninga enn dei tilsvarande tala frå Wales og Irland.

#### **5.2 Norske keltologar**

I dei fylgjande avsnitta kjem eg til å sjå nærare på kvar einskild av dei fire ”store” norske keltologane, og vidare sjå stutt på andre nordmenn og andre nordiske keltologar som har arbeidt med moderne keltiske målføre. Dei biografiske opplysningane er i hovudsaka henta frå *Norsk biografisk leksikon* (1999-2005) og *The encyclopedia of language and linguistics* (1994). Der eg har nytta andre kjelder, er dei nemnde serskilt.

---

<sup>22</sup> <http://www.cnag.org.uk/converted/stats/gspeakcensus01.php> [11. februar 2007]

<sup>23</sup> <http://www.cnag.org.uk/converted/stats/01censusagegroup.php> [11. februar 2007]

<sup>24</sup> <http://www.cnag.org.uk/converted/stats/locgaelspeakersdata.php> [11. februar 2007]

### 5.2.1 Carl Johan Sverdrup Marstrander

På fyrste halvdel av 1900-talet utvikla det seg ein fåment, men viktig keltologisk tradisjon på Universitetet i Oslo, og ein heilt sentral del av denne tradisjonen var studiet av moderne keltiske målføre. Hovudvekta låg på skotskgælisk og irsk, men dei granska òg bretonsk, walisisk og mansk i tillegg. Jamvel om han sjølv aldri gav ut nokon større keltisk målførestudie, var Carl Johan Sverdrup Marstrander (1887-1965) ein heilt sentral opphavsmann attom denne tradisjonen.

Bakgrunnen hans var at han var orientert mot dei klassiske måla. Mellom desse fanst òg gamal- og mellomirsk. Likevel var han mellom dei aller fyrste målgranskarane som dreiv med feltarbeid på den irske landsbygda for å granska det levande målet. Jan Erik Rekdal (u.u.) har skildra korleis Marstrander sumaren 1907 reiste til øya Great Blasket (An Bhlascaod Mhór) i grevskapet Kerry for å granska målet der og vart verande der mest eit halvt år (Rekdal u.u.:1, 5). Han publiserte aldri nokon studie som resultat av dette opphaldet, men han etterlét seg eit ufullført manuskript *Fra Blasket. (Nedtegninger under et ophold paa Great Blasket Isl. sommeren 1907)*. Dette tek utgangspunkt i den fyrste utgåva av Patrick S. Dinneens ordbok *Foclóir Gaedhilge agus Béarla* frå 1904. Marstrander tok utgangspunkt i oppslagsorda hjå Dinneen og fylte ut med både historiske og etymologiske utfyllande opplysningar om dei, og aller viktigast her – med opplysningar frå nyirsk slik han fann at det vart tala på Blasket. Manuskriptet er handskrive og er på kring 80 sider, og Marstrander fekk aldri fullført bokstaven A eingong – manuskriptet endar med oppslagsordet *aimhréidhe*. Soleis var det aldri i nærleiken av å verta fullført eller publisert, og det har lege bortgøymt fram til heilt nyleg. Opphaldet hans på Blasket og dette manuskriptet representerer soleis byrjinga på tradisjonen for utgransking av moderne keltiske språk ved Universitetet i Oslo.

Marstrander heldt sidan fram med det keltologiske arbeidet. I 1909 vart han professor i keltisk målvitskap ved *The School of Irish Learning* i Dublin. Sidan vart det skipa eit personleg professorat for honom ved Universitetet i Oslo i 1913, som han sat i til han gjekk av med pensjon i 1954. I 1919 reiste han til Bretagne der han var i tre år, og i den perioden dreiv han òg omfemnande feltarbeid på moderne bretonsk, men ingenting av dette har vorte publisert. Det må òg nemnast at han i åra kring 1930 dreiv feltarbeid mellom dei siste mormålstalarane av mansk på Man. George Broderick har publisert dagboksnotata hans frå opphalda hans på Man i 1929, 1930 og 1933 (i original språkdrakt attåt ei omsetjing til engelsk) (Broderick 1999:229-252), der han gjorde både fonografiske opptak og transkripsjonar av levande mansk tale. I ”Det norske landnåm på Man” har han med ei stutt fonetisk skildring av moderne mansk, slik han fann det mellom dei siste talarane (Marstrander

1932:52-75). Jamvel om han sjølv publiserte lite om moderne keltiske språk, var han heilt sentral både som feltpioner og som læremeister og organisator for seinare norske og nordiske keltologar, som i sin tur publiserte etter måten mange keltiske målførestudier. Marstrander synte soleis ei interesse for dei moderne keltiske språka, noko som var uvanleg mellom diakront orienterte keltologar på denne tida, og han såg på sin eigen innsats som eit tilskot til å dokumentera dei keltiske språka, som han sjølv rekna med var i ferd med å døy ut. På slutten av 1930-talet sette han i gang eit prosjekt for å dokumentera dei moderne skotskgæliske målføra, *A linguistic survey of the Gaelic dialects of Scotland* (Rekdal u.u.:5). I alt kom det ut tre band i denne rekkja (Borgstrøm 1940, Borgstrøm 1941 og Oftedal 1956). I føreordet til det fyrste av desse banda syner han svært klårt at han har eit språkdaudeperspektiv og at han er oppteken av stoda åt det moderne skotskgæliske språket:

**The Celtic family of languages is slowly but surely nearing its extinction. No national bombast nor Celtic Congresses can conceal this truth. [...]**

We expect no great sympathy with our task in our own day. But we feel convinced that when all Celtic languages have become extinct, many grateful thoughts will go to those who, with such scanty support, laboured so unselfishly for years in the isles and highlands of Scotland to save at least some remnants of this neglected heritage. [mi utheving] (Carl J. S. Mastrander i Borgstrøm 1940:5)

### 5.2.2 Alf Sommerfelt

Alf Sommerfelt (1892-1965) hadde studert under Marstrander i Oslo. Han hadde soleis grundig kjennskap til tradisjonell junggrammatisk og historisk-komparativ målvitenskap. I hovudsaka var han utdana og tok doktorgraden i Paris. Han er rekna for å vera den som seinare introduserte strukturalistisk språkvitenskap i Noreg. I 1926 vart han utpeika til dosent i jamførande og ålmenn språkvitenskap, og då han vart oppflytt til professor i ålmenn språkvitenskap ved Universitetet i Oslo i 1931, var han den aller fyrste i sitt slag i både Noreg og Norden (Hovdhaugen ofl. 2000:306-307). Attåt dette var Sommerfelt den fyrste nordmannen som gav ut ein større keltisk målførestudie, i 1921. Sett i det ljuset at han kom til å verta ein tidleg strukturalist i Noreg, er det serskilt interessant å sjå på korleis han tek føre seg tilhøvet mellom synkroni og diakroni i målførestudiane sine.

Mellom dei norske keltologane merkjer Sommerfelt seg ut ved at han er den som har størst spreining når det gjeld val av emne. Medan dei fleste av dei norske målførestudiane med moderne keltiske mål som emne gjeld irsk og skotskgælisk, har Sommerfelt òg arbeidd med bretonsk og walisisk attåt irsk. Sommerfelt har gjeve ut fylgjande fem større keltiske målførestudier:

*Le breton parlé à Saint-Pol-de-Leon. Phonétique et morphologie* (1921)<sup>25</sup>

*The dialect of Torr, Co. Donegal. I. Phonology* (1922)

*Studies in Cyfeiliog Welsh. A contribution to Welsh dialectology* (1925)

“Munster vowels and consonants” (1927)

“South Armagh Irish” (1929)

I 1965-årgangen av tidsskriftet *Lochlann*<sup>26</sup> publiserte Sommerfelt dessutan ei strukturalistisk skildring av fonologien i målføret i Torr, som byggjer på det same tilfanget som målføremonografien hans frå 1922: ”The phonemic structure of the dialct of Torr, Co. Donegal” (Sommerfelt 1965). Eg kjem òg til å sjå på denne i samband med gjennomgangen min av Sommerfelts målførestudier. Utover dei studiane eg har nemnt her, har han òg publisert ei rekkje stuttare artiklar med dialektologiske emne, men eg kjem ikkje til å sjå nærare på dei i denne oppgåva.

### 5.2.3 Carl Hjalmar Borgstrøm

Carl Hjalmar Borgstrøm (1909-1986) var student under både Marstrander og Sommerfelt, og var soleis skulert både innan strukturalistisk og tradisjonell samanliknande målvitskap. Han tok magistergraden i keltisk filologi med ei avhandling om det skotskgæliske målføret på Barra i Dei ytre Hebridane. Til saman publiserte han tre større studiar om skotskgæliske målføre. Han var òg på Blasket og gjorde feltarbeid med målføret der. Dette viser seg m.a. i meldinga hans av Marie Louise Sjoestedt-Jonvals *Description d'un Parler irlandais de Kerry* (1938) i *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap* (Borgstrøm 1939). I 1932 vart han tilsett som lektor i jamførande filologi ved Trinity College i Dublin, og i 1947 vart han utpeika til professor i jamførande indoeuropeisk målvitskap ved Universitetet i Oslo. Borgstrøm var ein sentral figur i norsk målvitskap i etterkrigstida. Eit døme på dette er at han skreiv det som i ein mannsalder var innføringsboka som vart nytta på forprøvene i fonetikk og lingvistikk – den strukturalistisk organiserte *Innføring i sprogvidenskap*. Den fyrste utgåva av denne kom ut i 1958.

Borgstrøm har publisert tre større skotskgæliske målførestudier:

”The dialect of Barra in the Outer Hebrides” (1937)

---

<sup>25</sup> I 1978 kom det ut ei ny, revidert og auka utgåve av dette verket med François Falc’hun og Magne Oftedal som redaktørar. Dei har gjort om ljoskripta til moderne IPA og lagt til utfyllande kommentarar på ein del punkt.

<sup>26</sup> Tidsskriftet *Lochlann. A review of Celtic studies* vart gjeve ut av det keltologiske miljøet ved Universitetet i Oslo med til saman seks årgingar i perioden 1958-1974. *Lochlann* vart gjeve ut som tilleggsband til *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap*.

*The dialects of the Outer Hebrides* (1940)<sup>27</sup>

*The dialects of Skye and Ross-shire* (1941)<sup>28</sup>

#### 5.2.4 Magne Oftedal

Magne Oftedal (1920-1985) er den siste nordmannen som har gjeve ut ein keltisk målføremonografi. Bakgrunnen hans er omtala tidlegare i oppgåva. Han hadde soleis teke magistergraden i ålmenn målvitskap, men hadde bakgrunn frå norsk målføregransking. Han vart utnemnd til professor i keltisk språkvitskap i 1957.<sup>29</sup> Denne utnemninga hadde han mellom anna kvalifisert seg for ved å skriva det som er det mest omfemnande norske målførestudien om noko keltisk målføre, *The Gaelic of Leurbost, Isle of Lewis* (1956), som òg vart innlevert som doktoravhandling. Oftedal har sjølv klårt føre seg at han byggjer på det som på dette tidspunktet hadde etablert seg som ein eigen fagtradisjon. I føreordet skriv han at

I wish, above all, to mention my teachers, Professors Carl J. S. Marstrander, Alf Sommerfelt and Carl Hj. Borgstrøm. None of them has contributed directly to this paper, but I am indebted to them for their inspiring instruction and for many fruitful discussions. Professor Borgstrøm's works on Scottish Gaelic dialects have been a constant source of reference, and his previous studies in the field have facilitated my task enormously. (Oftedal 1956:9)

Oftedal stod soleis på solid norsk grunn då han gjennomførde arbeidet sitt på Lewis. Dette var den einaste keltiske målføremonografien Oftedal gav ut sjølv, men i 1978 var han med på å redigera ei nyttgåve av Sommerfelts bretonske målføremonografi frå 1921. Elles arbeidde Oftedal òg med walisiske målføre. I 1969-årgangen av *Lochlann* har han ein artikkel om vokalar i nordwalisiske målføre (Oftedal 1969), og då han døydde i 1985, arbeidde han med ein walisisk målføremonografi som aldri vart fullført (munnlege opplysningar frå Jan Erik Rekdal).

#### 5.2.5 Andre norske og nordiske keltologar

Ingen andre nordmenn har publisert nokon større keltiske målførestudiar utanom Sommerfelt, Borgstrøm og Oftedal. Men i tillegg til desse hadde svenske Nils Magnus Holmer (1904-1994) vore involvert i Marstrandens prosjekt *A linguistic survey of the Gaelic dialects of Scotland*. I føreordet til ein av studiane sine gjer han greie for korleis studien eigenleg skulle ha vorte publisert i Noreg, men at krigsutbrotet stogga desse planane, og at manuskriptet vart

---

<sup>27</sup> Borgstrøm (1940) inneheld to større målføreskildringar: "The dialect of Bernera, Lewis" (s. 11-118) og "The dialects from Harris to Barra" (s. 127-198).

<sup>28</sup> Borgstrøm (1941) inneheld dei to målføreskildringane "The dialects of Skye" (s. 7-64) og "Dialects of Ross-shire" (s. 65-151).

<sup>29</sup> <http://www.hf.uio.no/forskningsprosjekter/ffu/FaktaUiO/databaser/vafak.html> [11. februar 2007]

liggjande ein del år før det vart publisert i Dublin i 1957 (Holmer 1957:vii-viii). Holmer publiserte heile seks større studiar av både irske og skotske målføre:

*Studies of Argyllshire Gaelic* (1938)

*On some relics of the Irish dialect spoken in the Glens of Antrim* (1940)

*The Irish language in Rathlin Island, Co. Antrim* (1942)

*The Gaelic of Arran* (1957)

*The Gaelic of Kintyre* (1962)

*The dialects of Co. Clare* (1962-1965)

Elles var Holmer ein både mangslungen og produktiv målvitskapsmann. Han arbeidde med og publiserte skrifter om både nord- og søramerikanske språk, australske språk og baskisk (Hovdhaugen ofl. 2000:476).

Danske Holger Pedersen (1867-1953), som fyrst og fremst var historisk orientert indoeuropeist, dreiv òg feltarbeid i Irland og lærte seg moderne irsk på Aran-øyane i grevskapet Galway i 1895 (jf. Munch-Pedersen 1990), men publiserte ikkje nokon studie om det moderne det moderne målføret.

Håkon Melberg (1911-1990) var student under Marstrander, og var på feltarbeid i Ring, Co. Waterford (Rekdal u.u.:3). Melberg dreiv dessutan feltarbeid i både Skottland, Wales og Bretagne, men publiserte ingen målførestudier på grunnlag av dette.

I 1996 leverte Geir H. Henden (1955-2001) ei hovudfagsoppgåve i irsk, der han skildrar korleis irsk vert påverka av engelsk mellom yngre habituelle talarar i landsbyen Leitir Móir na Coille i Conamara (Henden 1996).

### **5.2.6 Ålment om keltisk målføregransking**

Eg har ikkje til føremål å laga noka omfemnande utgreiing om keltisk målføregransking, men ynskjer heller å setja dei norske tilskota til keltisk målføregransking inn i ein samanheng.

For det fyrste vel eg å sjå på Sommerfelts bretonske og walisiske målføreskildringar (Sommerfelt 1921, 1925), som bae er åleine i sitt slag både i Noreg og Norden, som einskildovringar. Basert på det som har vorte publisert, finst det ikkje grunnlag for å tala om eigne norske tradisjonar for utgransking av bretonske og walisiske målføre. Difor lèt eg bretonsk og walisisk målføregransking ålment liggja med dette, vel vitande om arbeidet med desse språka som ikkje har ført til publikasjonar om emna.



Derimot har nordmennene Sommerfelt, Borgstrøm og Oftedal og svensken Holmer spela ei sentral rolle når det gjeld skildringa av moderne gæliske målføre på 1900-talet. Til saman har dei gjeve ut ei lang rekkje målføremonografiar og andre studiar som tek føre seg moderne irsk. Dessutan har Marstrander spela ei sentral rolle i å dokumentera språket medan gælisk på Man var i ferd ved å gå ut or bruk (jf. Broderick 1999). I både Irland og Skottland har dei vore med på å dokumentera målet på stader der det anten er heilt eller mest heilt utdøytt i dag. Mellom nordmennene har hovudvekta av det gæliske lege på skotskgælisk, og dei norske og nordiske bidraga utgjer ein stor og viktig del av den samla dialektologiske produksjonen for skotskgælisk.

Den fyrste irske målføremonografien vart skriven av tyskaren Franz Nikolaus Finck som i 1899 gav ut *Die araner mundart. Ein beitrag zur erforschung des westirischen* etter at han hadde drive feltarbeid på Aranøyane i 1894 og 1895. Eit anna verk som har vore viktig som underlag for seinare norske tilskot til utgranskinga av irsk og skotskgælisk, er E. C. Quiggins *A dialect of Donegal. Being the speech of Meenawannia in the parish of Glenties. Phonology and texts* frå 1906. Quiggin nytta her ei ljodskrift som skapte mønster for seinare målføregranskarar. Før Borgstrøm og Oftedal granska målføra på øyane og i det vestlege Høglandet, hadde C. M. Robertson gjeve ut ein del mindre studiar av målføre frå desse områda (jf. Borgstrøm 1941:167). Omfram Marstrandens prosjekt som vart nemnt ovanfor, dreiv ein i Skottland på 1950- og 1960-talet ei omfattande innsamling av målføretilfang i samband med den gæliske delen av det store innsamlings- og dokumentasjonsprosjektet *The Linguistic Survey of Scotland*. William Gillies (1997:29) gjev Borgstrøm, og med det indirekte òg Marstrander, mykje av æra for å ha drive eit viktig pionerarbeid som har lagt grunnlaget for seinare utgransking av gæliske målføre i Skottland. Jan Erik Rekdal (ELL 1:383) skriv at Borgstrøm var ein pioner i skotskgæliske målførestudiar på same måten som Finck og Quiggin hadde vore det for irsk fleire tiår tidlegare og soleis dreiv pionerverksemnd. Anna Bosch (1990:201-202) formulerer det slik: "[Borgstrøm's] work stands alone to announce the advent of modern linguistics to specifically Scottish Gaelic dialectology."

## 6 Norsk målføregransking

Det er ikkje noko mål i seg sjølv for meg å laga noka fullstendig skildring av soga åt norsk målføregransking i den perioden denne oppgåva tek føre seg. Eg kjem likevel til å setja opp nokre heilt sentrale hovudpunkt i denne tradisjonen for å kunna setja *nynorsk språkforskning* inn i ein breiare faghistorisk samanheng. Vidare er det naturleg å spørja seg om Jahrs (1996) omgrep *nynorsk språkforskning* har noka rot innanfor den fagtradisjonen han meiner å skildra, og i den samanhengen røkjer eg nærare etter i nokre av skriftene åt Sigurd Kolsrud (1951, 1952). Ingeborg Hoff vert av både Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) nemnd som eit døme som ei som var meir open for nyare trendar i språkvitskapen enn mange andre innanfor norsk målføregransking, men som likevel stod trygt planta i fagtradisjonen *nynorsk språkforskning*. Ho har skrive ein grundig artikkel der ho kjem med både eit oversyn over og med egne vurderingar av stoda innanfor norsk målføregransking (Hoff 1968). Dessutan er Magne Oftedal, ein interessant person i og med at han fungerer som ein bindelekk mellom dei to fagtradisjonane eg tek føre meg. Før han melde overgang til keltologien, skreiv han fleire artiklar med norske målføre som emne, og skreiv dessutan ei melding av Sigurd Kolsruds (1951) lærebok i norsk målførekunnskap (Oftedal 1952-1954). Til sist ser eg på korleis dei to språkgranskarane Einar Haugen (Haugen 1948, 1953, Haugen og Markey 1972) og Oskar Bandle (1962) ser på norsk målføregransking frå utanfor Noreg i eit internasjonalt perspektiv. Både desse har vorte nytta som sanningsvitne av Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) når dei underbyggjer synet sitt på den norske fagtradisjonen. Eg kjem til å syna at dei har lagt ei svært selektiv tolking av både Haugen og Bandle til grunn når dei meiner å finna full dekning for sine egne synsmåtar hjå desse.

### 6.1 Opphavet åt norsk målføregransking

I denne oppgåva ser eg fyrst og fremst på representantar for *nynorsk språkforskning* som er samtidige med dei norske keltologane, dvs. dei som har vore aktive i tidbolken frå kring 1920 til kring 1970. I 1920 var junggrammatikken alt veletablert i Noreg. Det var òg på denne tida målføregransking etablerte seg som ein kjernedisiplin i universitetsfaget norsk/nordisk språkvitskap.

Dei eldste røtene åt målføregranskinga i Noreg ligg i ei rad ordsamlingar som vart laga alt frå midten av 1600-talet og fram til byrjinga av 1800-talet (Hoff 1968:398-407) utan at det vart drive målføregransking i moderne meining. Den fyrste som dreiv med systematisk og jamførande utgransking av dei moderne målføra både grammatisk, fonologisk og leksikalsk, var Ivar Aasen, som tok til med dette kring 1840. Aasen var primært ikkje målføregranskar,

men han gjorde dette som ein lekk i arbeidet med å skriftfesta landsmålet. Soleis var målføregranskinga for honom meir eit middel enn eit mål i seg sjølv. På slutten av 1800-talet, frå kring 1880 og utetter, kom det ein generasjon med målføregranskarar som dreiv med det ein kan kalla systematisk målføregransking i moderne forstand. Hans Ross (1833-1914) tok utgangspunkt i arbeida åt Aasen då han utarbeidde si *Norsk Ordbog* (Ross 1890-1895) og ikkje minst det geografisk ordna oversynsverket over norske målføre *Norske bygdemaal* (Ross 1905-1909). Ein av dei aller mest sentrale målføregranskarane frå denne tida er Amund B. Larsen (1849-1928). Han gav ut ei rekkje større målførestudier og tok doktorgraden i 1895 på ei avhandling om målføra i Solør (Larsen 1894). Elles er han kjend for å ha skildra bymåla i Oslo (Larsen 1907), Bergen (Larsen og Stoltz 1912) og Stavanger (Berntsen og Larsen 1925). Larsen hadde vore student av fonetikaren Johan Storm (1836-1912), som skildra ei rekkje norske målføre fonetisk og som utvikla *Norvegia*-ljodskrifta som heilt til på 1970-talet dominerte i norsk målføregransking.<sup>30</sup> Larsen var aldri tilsett ved universitetet, men i 1899 vart Marius Hægstad (1850-1927) tilsett som professor i ”Landsmaalet og dets dialekter” (NBL 4:433-434). Jamvel om han publiserte lite om dei moderne norske målføra sjølv, vart målføregransking soleis etablert som undervisnings- og forskingsdisiplin på universitetet. Etter 1910 vart fleire hovudfagsoppgåver i målføregransking utgjevne, mellom dei Ragnvald Iversens *Senjenmaalet* (1913) og Didrik Arup Seips *Lydverket i Åsdølmålet* (1915), og desse kom soleis til å dana mønster for seinare målføreskildringar. Då Sigurd Kolsrud overtok Hægstads professorat i 1921, var norsk målføregransking ein disiplin på frammarsj, som med Kolsrud kom til å styrkja seg vidare m.a. med skipinga av Norsk Målførearkiv som eit eige institutt på Universitetet i Oslo i 1936 (Venås 2005:132).

## **6.2 To røyster frå innsida**

### **6.2.1 Sigurd Kolsrud**

Dersom ein skal forstå Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) rett, var Sigurd Kolsrud (1888-1957) den dominerande skapnaden innanfor målføregranskinga i Noreg. Kolsrud vart professor i nordisk språkvitskap i 1923, og var styrar for Norsk målførearkiv heilt frå skipinga i 1936 til han døyde i 1957. Jahrs bruk av nemninga *nynorsk språkforskning* gjer det naturleg å røkja etter om denne nemninga kan seiast å samsvara med det biletet dei tradisjonelle norske målføregranskarane sjølve hadde av det dei dreiv med. Ein ser av skriftene åt Kolsrud at han sjølv ikkje var i tvil om at emnet både for hans eiga forsking, men òg for andre norske

---

<sup>30</sup> Ljodskrifta vart fyrste gongen presentert i artikkelen ”Norsk Lydskrift med Omrids av Fonetiken” (Storm 1884-1908) i tidsskriftet *Norvegia. Tidsskrift for det norske Folks Maal og Minder* og fekk namnet sitt soleis.

målføregranskarar, var det *nynorske*. I ein slik samanheng kan ein med ein gong utelukka at han med dette meiner skriftspråket som i 1929 offisielt fekk nemninga *nynorsk*. Jamvel om Jahr (1996:86) gjer greie for at *nynorsk* òg har vorte nytta som ein språkhistorisk term i motsetnad til *gamalnorsk* og *mellomnorsk*, er han likevel klår på det punktet at det i hans tolking òg representerer eit ideologisk samband med skriftspråket *nynorsk* og målrørsla og hennar ideologi. I Jahrs forståing av omgrepet *nynorsk språkforskning* heng båe beinveges saman.

I 1951 gav Kolsrud ut boka *Nynorsken i sine målføre*, som fyrst og fremst må seiast å vera eit oversynsverk som gjer greie for ulike sider ved dei norske målføre. Om denne boka skriv Hovdhaugen ofl. (2000:428) svært lite rosande som fylgjer: "His introduction to Norwegian dialectology ([Kolsrud] 1951), which vexed Norwegian students for decades, is so unsystematic and untheoretical that it is hard to see what the author is trying to say. It is a monument of a method (or a lack of method) that failed."<sup>31</sup> I denne boka gjer han fyrst greie for meir ålmenne drag som er utbreidde i norske målføre og det gamalnorske grunnlaget for dei moderne formene, dei ulike målføreområda og skriv noko ålment om målføre- og talemålsgransking i Noreg. I drøftingane av dei ulike språklege draga og dei einskilde målføreområde vert det aldri jamført med *nynorsk* skriftspråk. Ein legg enkelt merke til at korleis Kolsrud nyttar omgrepet *nynorsk* i sjølve tittelen på boka. I tittelen *Nynorsken i sine målføre* ligg det at dei norske målføra vert sedde som dei moderne eksponentane for det *nynorske* språksteget i ubroten tradisjon etter *gamalnorsk* og *mellomnorsk*.

I 1952 publiserte Kolsrud ein skriftleg versjon av opposisjonsinnlegget han hadde halde ved doktordisputasen åt den strukturalistisk orienterte målføregranskaren Hallfrid Christiansen (Kolsrud 1952:398-411). Avhandlinga hennar, *Gimsøy-målet. Fonologi og orddannelse* (Christiansen 1933), var likevel til dels tradisjonelt lagt opp i den forstand at ho har som mål å gjera greie for både ljothistorie og andre diakrone prosessar. Hovdhaugen ofl. (2000:332) seier at Christiansens arbeid ikkje var revolusjonerande i si eiga samtid, men likevel hadde teke i bruk termen *fonem* og nytta minimale par i motsetnad til det som var etablert praksis mellom norske målføregranskarar. Frå dette går dei rett over til å slå fast at Kolsruds opposisjon jamt over var negativ. Utan at dei seier det heilt eksplisitt, impliserer dei likevel at desse punkta må vera sentrale i Kolsruds kritikk. Dette gjer det interessant å sjå nærare på kva Kolsrud faktisk seier, og ikkje minst ikkje seier i opposisjonsinnlegget sitt.

---

<sup>31</sup> Venås (2001:239) avviser at denne boka nokon gong ha vore obligatorisk pensum i norsk målførekunnskap for grunnfagsstudentar i nordisk. Boka vart mest nytta av vidaregåande studentar på hovud- og mellomfag som fordjupa seg i norske målføre.

For det fyrste kan ein slå fast at Hovdhaugen ofl. (2000) har heilt rett i at Kolsruds opposisjonsinnlegg (1952) er bortimot utelukkande negativt, og godt kan karakteriserast som slakt. Han har heilt tydeleg ikkje hatt stor sans for Christiansens avhandling (1933), og ikkje éin einaste stad kjem han med noko som utan vidare kan tolkast som ros av arbeidet hennar. Likevel kan ein samstundes slå fast at det ikkje er noka grundig lesing av opposisjonsinnlegget som ligg til grunn for utsegnene åt Hovdhaugen ofl. (2000). Kolsruds opposisjonsinnlegg (1952) er faktisk ikkje med i bibliografien deira i det heile. T. d. tek Kolsrud aldri noko uttala oppgjer med bruken hennar av termane *fonem* og *fonologi* eller med bruken av minimale par i den fonologiske analysen. M.a. går kritikken hans ut på at ho nyttar ei ljodskrift som byggjer på Johans Storms *Norvegia*-ljodskrift, men som likevel vik av frå henne i mangt. Elles kritiserer han henne for at ho har med ei lang rekkje norrøne former som det ikkje finst belegg for i kjeldene eller som ho har gjeve att rangt. Det eg sjølv oppfattar som den mest grunnleggjande kritikken frå Kolsruds side, er at ho i altfor stor mon ser gimsøymålet isolert frå andre målføre i same området. Kolsrud både opnar og avsluttar med å peika på at eitt einskilt bygdemål historisk ikkje kan sjåast isolert, men berre er ein lekk i eit større geografisk samband (Kolsrud 1952: 398-399, 411). Han uttrykkjer eit ynske om at han helst hadde sett at Christiansen hadde lagt alle målføra i eit større område som Lofoten eller Vesterålen til grunn for avhandlinga, men med hovudvekt på Gimsøy (Kolsrud 1952:398-399). For Kolsrud er det eit hovudpoeng at eit bygdemål ikkje kan sjåast på som ei sjølvstendig språkform som er klårt avgrensa i høve til grannemålføra, i motsetnad til det som etter honom gjeld bymåla.<sup>32</sup>

### 6.2.2 Ingeborg Hoff

I 1968 publiserte Ingeborg Hoff (1911-1993) den grundige og informative oversynsartikkelen ”Norwegische Mundartforschung” som tek føre seg norsk målføregransking heilt frå dei eldste ordsamlingane frå 1600-talet fram til hennar eiga samtid. Hoff vart i 1948 tilsett ved Norsk Målførearkiv som fyrstearkivar, vart dosent i 1970, og ho var styrar frå 1972 til 1981 (NBL 4:310). Både Jahr (1996:96) og Hovdhaugen ofl. (2000:429) dreg henne fram som ein sentral representant for tradisjonen *nynorsk språkforskning*, men likevel som mindre ortodoks enn Sigurd Kolsrud. Artikkelen inneheld eit svært omfemnande oversyn over norsk

---

<sup>32</sup> Dette gjeld i større grad bymåla, og han dreg difor fram m.a. Amund B. Larsens bymålsskildringar som døme på vellukka tillemping av Christiansens metode med å granska eitt einskildmålføre for seg. Som grunngeving for dette synet seier han at ”[e]in kann i det heile segja at eit bymål ligg betre til rettes for monografier [sic!], av di dei sosiale tilstand er lettare å kjenna enn i ei bygd. Bydialekten er på grunn av sambandet med Bokmålet betre avslutta og avgrensa mot umlandet enn bygdemålet.” (Kolsrud 1952:398)

målførelitteratur. Litteraturtilvisingane er samla i 221 fotnotar, men talet på refererte verk er mykje høgare enn dette. Hoff kjem òg med eigne kvalitative vurderingar av mange av dei omtala arbeida. Eg skal her sjå nærare på det ho skriv om det ein kan kalla den moderne målføregranskinga i Noreg, frå slutten av 1800-talet og frametter, eit skilje som fell godt saman med gjennombrotet åt junggrammatikken.

Hoff (1968:422) slår fast at ho sjølv ser på Amund B. Larsen, som av Jahr (1996:86-87) vert definert utanfor tradisjonen *nynorsk språkforskning*, som den viktigaste norske målføregranskaren ved sida av Ivar Aasen. Som døme på framsteg innan norsk målføregransking Larsen stod for, dreg ho fram at han i staden for å sjå kvar ljodending som ei isolert ovring og resultat av éi einskild ljodlov, hadde auga for korleis ulike ljodar i ljodverket påverka kvarandre ymsesidig (Hoff 1968:426). Vidare slår ho fast at ein har Larsen og forskinga hans å takka for at ein i si tid byrja å sjå på dei tradisjonelle bymåla grunnleggjande sett som norske målføre heller enn som avartar av norsk-dansk bokmål.

I gjennomgangen av den nyare målføregranskinga (frå 1930-talet til utgjevingstidspunktet) slår Hoff (1968:445) fast at strukturalistisk teori og metode har fått gjennomslag fyrst og fremst hjå dei som driv med ålmenn og deskriptiv språkvitskap, medan målføregranskinga ”noch in konservativen Bahnen verlief.” Ho fortel at dette òg galdt hennar eiga doktoravhandling *Skjetvemålet* (Hoff 1946) (jf. Hoff 1968:446-447). Men som døme på korleis strukturalistisk teori er nytta i norsk målføregransking dreg ho fram doktoravhandlinga til Hallfrid Christiansen og slår fast at *Gimsøy-målet* (1932) med denne er det best utgranska målføret nest etter Olai Skuleruds *Tinnsålet* (1922-1938).<sup>33</sup> Hoff (1968:448) forsvarar den diakrone tilnærminga i norske målførestudier med at ei slik tilnærming òg gjev oss innsyn i den nyare norske språkhistoria. Etter di dansk skriftspråk heilt trengde norsk unna på 1500-talet, er dei nynorske målføra den einaste potensielle kjelda som kan seia noko om denne delen av språkhistoria. Jamvel om ho er klår på at eitt av hovudføremåla med målføregransking er å skildra korleis dei moderne målføra har oppstått, er ho på ingen måte avvisande til alternative måtar å granska målføra på: ”Besonders vermißt man phonematische und synchrone morphologische Untersuchungen der Einzelmundarten, Darstellungen der großen Mundartgruppen, syntaktische und wortgeographische Untersuchungen.” (Hoff 1968:458) Hoff ser soleis ut til å stå for eit syn som går ut på at ny sokalla fonemisk metode er eit godt supplement til den etablerte historiske metoden og at diakroni og synkroni på ingen

---

<sup>33</sup> Einar Haugen (1948:71) omtalar *Tinnsålet* (Skulerud 1922-1938) slik: ”A multitude of digressions constitute almost a general survey of all Norwegian dialects, but for all its vast materials, recorded with infinite patience and accuracy, the effective phonological system of the present-day dialect remains undescribed.”

måte står i motstrid til kvarandre. Korkje Jahr (1996) eller Hovdhaugen ofl. (2000) har Hoff's artikkel (1968) med i bibliografiane sine, noko som for meg verkar både påfallande og symptomatisk.

### **6.3 To røyster utanfrå**

Medan Ingeborg Hoff (1968) gjev oss eit oversyn og ei vurdering av sin eigen fagtradisjon sedd innanfrå, finst det to artiklar av høvesvis norskamerikanaren Einar Haugen (1948) og sveitsaren Oskar Bandle (1962) som vurderer den same tradisjonen utanfrå, båe med eit kritisk blikk. Båe desse artiklane har vorte nytta av både Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) og vert førde som sanningsvitne for deira eigen kritikk av *nynorsk språkforskning*.

#### **6.3.1 Einar Haugen**

Den norsk-amerikanske språkgranskaren Einar Haugens (1906-1994) artikkel "Norwegian dialect studies since 1930" (Haugen 1948) inneheld eit oversyn over norsk målføregransking i den perioden som går fram av tittelen, og er soleis ikkje meint som noko fullstendig oversyn over heile fagtradisjonen. Haugen er kritisk til mykje, og ikkje minst til at dei norske målføregranskarane ikkje har fylgt med i utviklinga åt den moderne språkvitskapen. Han er misnøgd med ei tradisjonell junggrammatisk tilnærming der ein typisk målførestudie går ut på at ein skildrar samtidige refleksar av ljodane i gamalnorsk, men utan at ein kjem nærare inn på den synkrone fonemiske strukturen åt målføret. Det rådande synet er etter hans inntrykk at dei moderne målføra er komne til som resultat av ein jamn vokster med utgangspunkt i gamalnorsk og at dette stengjer for å sjå på dei moderne målføra som noko som er oppstått som resultat av "conflicting influences washing back and forth along the lines of communication." (Haugen 1948:75-76) Haugen har òg merkt seg Hallfrid Christiansens strukturalistiske doktoravhandling (1933), men som nordamerikansk strukturalist sjølv kjem han likevel med eit spark til henne av di han meiner avhandlinga hennar vert veikt av "a typical Prague-school mania for making psychological guesses about the motives behind the phonological patterns and events." (Haugen 1948:73)

Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) har soleis god dekning når dei viser til at Haugen (1948) var kritisk til den junggrammatiske tilnærminga som rådde innanfor målføregranskinga. Mest påfallande er det likevel at Haugens kritikk på ingen måte råkar den vektlegginga som ein har hatt på dei mest arkaiske målføreformene i den norske målføregranskinga i Noreg. Tvert imot gjer han det klårt at det er viktig å gjera so mykje som råd for å dokumentera dei tradisjonelle målføra medan dei enno er levande:

Norwegian dialects are changing more rapidly today than ever before. If we are to learn what can be learned about them before modern communication changes them beyond recognition, there must be more intensive and extensive collection, more phonographic recording, and more structural analysis than heretofore. (Haugen 1948:77)

Eg kjem òg inn på vurderingar Haugen har gjort i andre samanhengar (Haugen 1953, Haugen og Markey 1972) i bolk 6.5, der eg gjer greie for utvalet mitt av dei norske målføreskildringane eg nyttar som ”referansegruppe” i denne oppgåva.

### 6.3.2 Oskar Bandle

I Oskar Bandles (f. 1926) artikkel ”Die norwegische Dialektforschung. Ein Überblick über ihre Geschichte und ihre heutige Situation” (Bandle 1962) er tidsperspektivet det same som hjå Hoff (1968). Artikkelen er meint som eit oversyn for utanforståande, og inneheld soleis interessante vurderingar av norsk målføregransking. Bandle peikar på at Noreg fram til fyrste verdskrigen var å rekna som eit førande land innanfor målføregransking ålment, og meiner at norske målføregranskarar sidan har kome noko meir i ei bakevje i høve til kva slags teoriar og metodar dei har teke i bruk i forskinga si. Dette tolkar eg som at strukturalistisk metode er mindre utbreidd i Noreg enn i andre land. Likevel meiner han på ingen måte at det ikkje vert drive verdfullt dialektologisk arbeid i Noreg (Bandle 1962:302).

Jahr (1996:94) nyttar fylgjande sitat frå Bandle som sanningsvitne for sitt syn om at *nynorsk språkforskning* låg attende jamført med målføregranskinga i Danmark i høve til innføringa av strukturalistisk teori og metode:

Die lautliche Untersuchung der norw. Dialekte folgt im allgem. heute noch der traditionellen historischen Methode. Im Gegensatz vor allem zur dänischen Dialektologie hat die phonologische Methode in der norw. Mundartforschung bisher nur vereinzelt Eingang gefunden. (Bandle 1962:309)

Dersom ein les Bandles tekst, ser ein at dette avsnittet ikkje inneheld noka kvalitativ vurdering av den norske målføregranskinga i høve til den danske. Teksta er reint refererande. Som Venås (2001:237-238) òg har påpeika, finn ein på den neste sida i Bandles artikkel ein passasje som ikkje kan tolkast på annan måte enn at Jahr (1996) slett ikkje har dekning for dei synspunkta han tillegg Bandle i artikkelen sin. Sjølv uttrykkjer Bandle seg som fylgjer:

Daß die phonologische Methode bis heute keinen stärkeren Anklang gefunden hat, wird man indessen den norw. Dialektologen im Hinblick auf die Haltung ihrer Kollegen in zahlreichen anderen europäischen Ländern wie etwa Deutschland und der Schweiz nicht verargern wollen, um so weniger, **als eine völlige Abkehr von der historischen Methode, wie wir sie bei den meisten dänischen Mundartforschern feststellen können, größte Bedenken erregen muß.** [mi utheving] (Bandle 1962:310)

Ein kan soleis utan minste tvil slå fast at dersom ein berre les Jahrs artikkel (1996), vert Bandles kritikk av norsk målføregransking ståande i eit heilt anna ljøs enn om ein les Bandles artikkel (1962) sjølv.



Bandles (1962:312) eiga hjartesak er eit ynske om større fokus på språkgeografi. Korkje strukturalisme eller variasjonsstudiar vert nemnde serskilt. I denne samanhengen framhevar han Ingeborg Hoff's doktoravhandling om *Skjetvemålet* (1946) som den beste nyare norske målførestudien (før 1962) og grunnjev dette serskilt med korleis ho ser dette målføret i ein språkgeografisk samheng med dei hine målføra i Østfold. Bandle meiner at det bør gjennomførast jamførande utgransking av både ljodverk, formverk og ordgeografi.

#### 6.4 Magne Oftedal – med ein fot i kvar leir

Magne Oftedal er ein interessant figur i denne samanhengen av di han står med ein fot i baa fagtradisjonane eg ser på i denne oppgåva. Han var utdanna ved Universitetet i Oslo i både nordisk og ålmenn språkvitskap. Magistergradsavhandlinga hans (Oftedal 1946), som i utgangspunktet var meint som hovudfagsoppgåve i nordisk språkvitskap, skil seg frå den rådande tradisjonen i *nynorsk språkforskning* i val av språkvitskapleg teori og metode, men ikkje i høve til informantval, som eg alt har synt i bolc 4.2. Oftedals synkrone tilnærming til målførestudiet representerte noko nytt, men det var likevel ikkje tilfelle at han avviser ei diakron tilnærming som irrelevant. I føreordet (Oftedal 1946:[i]) gjer han greie for at ei diakron tilnærming ville ha kravt ein tilsvarande synkron analyse av norrøn ordstruktur, som i sin tur kunne ha lege til grunn for ei jamføring mellom dei to systema. Dette ville ha vorte for omfattande for ei magistergradsavhandling. Alt i 1947 publiserte Oftedal artikkelen ”Jærsk okklusivar”, som i motsetnad til magistergradsavhandlinga både har ei diakron og språkgeografisk tilnærming til studieobjektet.<sup>34</sup> I artikkelen ”On the origin of the Scandinavian tone distinction” (Oftedal 1952) tek han føre seg to ulike teoriar om tonelagsskilnadene ein finn i norske, svenske og danske målføre, og konkluderer med at både tonelagsskilnader og dansk *stød* har sitt opphav i ”Old Scandinavian” heller enn i urnordisk synkopetid.

Eg tykkjer det er verdt å nemna Oftedals (1952-1954) melding av Sigurd Kolsruds *Nynorsken i sine målføre* (1951). I denne meldinga rettar han både skarp og prinsipiell kritikk, i mangt skarpare enn både Haugen (1948) og Bandle (1962), både mot Kolsrud og mot norsk målføregransking ålment. Likevel tolkar eg denne kritikken som korrigerande heller enn som avvisande andsynes den tradisjonelle norske målføregranskinga. Oftedal (1952-54:58) ser på Kolsruds bok meir som eit oversynsverk enn som ei innføring og slår dessutan fast at det er

---

<sup>34</sup> Oftedal (1947:229) går ikkje nærare inn på det, men slår fast at målføra på Jæren er serskilt interessante ”i samband med Marstrand's hypotese om eit norsk substrat for dei gaeliske dialektane i Skottland – ein hypotese som tilhøva i jærsk ser ut til å styrkja.”

turvande med omfemnande førehandskunnskapar om både norske målføre, språkvitskap, fonetikk og gamalnorsk for å ha fullt utbyte av boka. Han gjev òg uttrykk for at ho er upedagogisk lagt opp, slik at lesaren lett misser tråden. Vidare saknar han målførekart til å illustrera utbreiinga av dei ulike målmerka i målføra (Oftedal 1952-1954:59-60).

Det kraftigaste oppgjeret med Kolsrud kjem når Oftedal (1952-1954:59) gjer det klårt at han ser på synkrone språkskildringar som eit naudsynt grunnlag for å driva diakron språkvitskap. Han ser det som generelt uheldig at mange målføregranskarar har nytta mykje tid og krefter på å analysa kva alle gamalnorske ljodar er vortne til i målføret, men samstundes ikkje kome med noka fullnøyande skildring av foneminventaret i det moderne språksystemet. Han peikar vidare på at Kolsrud lèt vera å gjera greie for synkron språkgransking i boka si utan å drøfta dette valet nærare. Oftedal stiller seg so eit prinsipielt og svært syrleg formulert spørsmål om kva for eit syn Kolsrud har på synkron språkvitskap etter di han ikkje nemner det i boka si:

Sidan professor Kolsrud ikkje nemner noko om synkronisk målgransking og heile tilfanget hans berre er ordna historisk, må ein gå ut frå at han anten forkastar eller berre delvis godkjenner synkronisk gransking. Dette synet hans må ein sjølv sagt respektera, men så få tilhengjarar som eit slikt syn har i dag, ventar ein ei grunngeving, ei forklåring på kvifor synet hans vik så sterkt av frå det som har vorte det vanlege. Men det finn ein dessverre ikkje. (Oftedal 1952-1954:59)

## 6.5 Utvalet av norske målføremonografiar

Hovudemnet i denne oppgåva er dei keltiske målførestudiane som er utførde av nordmenn. Men av di granskinga mi tek utgangspunkt i kritikk som er vorten framsett mot både norsk keltologi (Dorian 2001) og *nynorsk språkforsning* (Jahr 1996 og Hovdhaugen ofl. 2000), og i at Hovdhaugen samstundes rosar dei norske keltologane, ser eg det som naudsynt å sjå på eit mindre utval på tre norske målføremonografiar frå fagtradisjonen *nynorsk språkforsning*. Desse vert undersøkte med utgangspunkt i dei same problemstillingane som dei keltiske målførestudiane. Soleis fungerer dei som ei "referansegruppe" i høve til dei keltiske. I motsetnad til dei keltiske målførestudiane, der eg tek føre meg alle dei større heilskaplege målføreskildringane som nordmenn har publisert, kan ikkje eit utval på tre norske målførestudiar på nokon måte seiast å representera ein heil fagtradisjon.

Det ligg fleire vilkår attom utveljinga av dei norske målføremonografiane. For det fyrste er dei valde ut med tanke på når dei fyrst var skrivne,<sup>35</sup> slik at dei er nokolunde samtidige med dei keltiske. For det andre har det vore eit poeng å velja ut skildringar som er skrivne av folk som har stått relativt sentralt i fagtradisjonen. For det tredje har det vore eit

---

<sup>35</sup> Alle dei tre norske målføremonografiane eg ser på, har fyrst vorte leverte inn som hovudfagsoppgåver og sidan vorte publiserte i meir eller mindre omarbeidd form.

poeng å sjå på verk som er vortne omtala av kritikarane av fagtradisjonen *nynorsk språkforskning*.

Den eldste norske monografien av dei tre eg har valt, er Per Thorsons (1899-1969) *Målet i Nordaust-Ryfylke. Umrit av ljodlæra* (1929). Denne er ein utvida versjon av hovudfagsoppgåva hans frå 1925 (Thorson 1929:5) og vart utgjevi i serien *Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Universitetet i Oslo*. Soleis fell dette verket saman i tid med alle dei større keltiske målførestudiane åt Alf Sommerfelt. Thorson vart i 1953 dosent i nordisk språkvitskap ved det nyskipa Universitetet i Bergen og professor i 1959 (NBL 9:164-165). Einar Haugen og Thomas L. Markey (1972:88) skriv om Thorson (1929) at studien er ”distinguished by [Thorson’s] careful attention to detail and his solid understanding of phonetics.”

Den andre norske målføremonografien eg har sett på, er Reidar Myhres (1917-2006) *Vokalismen i iddemålet*. Denne vart utgjeven i 1952, men vart levert som hovudfagsoppgåve i 1942 (Myhre 1952:iv). Soleis er denne studien nokolunde samtidig med Carl Hjalmar Borgstrøms skotskgæliske målførestudier. Myhre heldt ikkje fram som språkgranskar seinare, men vart i 1974 professor i pedagogikk ved Universitetet i Trondheim (NBL 6:414). Grunnen til at eg har valt nett denne monografien, er at både Jahr (1996:93-94) og Hovdhaugen ofl. (2000:429) serskilt dreg fram den svært sterke kritikken Einar Haugen (1953) kom med av Myhres studie i det prestisjetunge amerikanske tidsskriftet *Language*. Jahr (1996:92-93) lèt Haugens kritikk (1953) av Myhre (1952) illustrera mykje av den ålmenne kritikken mot *nynorsk språkforskning* som heilskap og peikar vidare på det programmatisk i at denne monografien vart utgjeven som nr. 1 i serien *Skrifter frå Norsk Målførearkiv* med Sigurd Kolsrud som hovudredaktør.<sup>36</sup> Haugens kritikk gjeld både den overordna tilnærminga til studieobjektet og detaljar i skildringa. For det fyrste er han lei for at det ikkje vert nytta fonemisk teori i skildringa. Difor kan ein berre vurdera studien ”on the basis of its phonetics, which is poor.” (Haugen 1953:545) Vidare peikar Haugen på ei rekkje inkonsekvensar i den fonetiske notasjonen og på definisjonar og skildringar av einskildljodar som han finn merkelege. I innleiinga av meldinga si peikar Haugen (1953:544) på at det er ein tendens i mange land at målføregransking har etablert seg som ein eigen disiplin åtskild frå ålmenn språkvitskap der mange syner ”a fine disregard for the results of linguistic science.” Basert på gjennomgangen av Myhre (1951), vert ikkje Haugens syn endra. Han avsluttar soleis med

---

<sup>36</sup> Jahr (1996) peikar på eine sida på det sterke ideologiske sambandet mellom *nynorsk språkforskning* og *nynorsk målreising*, men dreg likevel fram Myhres monografi, som er skriven på bokmål utan tilnæringsformer, som hovuddømet sitt på kva for konkrete utslag denne fagtradisjonen fekk.

denne drepende kommentaren: "In conclusion, it should be emphasized that a dialect is also a language and deserves to be treated accordingly." (Haugen 1953:547)

Den tredje og siste norske målføremonografien er Gunnvor Rundhovdes (1918-1987) *Målet i Hamre. Ljodvokster og stutt utsyn over formverk i eit Nordhordlandsmål* (Rundhovde 1964). Denne vart publisert i 1964, men er ei omvølt og utvida utgåve av hovudfagsoppgåva hennar frå 1948. 1964-versjonen vart innlevert som doktoravhandling. Rundhovde vart professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen og hadde i ei årrekke hovudansvaret for målføresamlinga der. Haugen og Markey (1972:88) er grunnleggjande positive til Rundhovdes studie. Dei peikar på det at ho har teke i bruk fonemteori og at ho skildrar skilnader mellom dei eldste og yngste generasjonane, og slår fast at han er "one of the finer accomplishments of recent work in Nw dialectology." Det vert soleis interessant å sjå om Rundhovdes studie (1964) i hovudsaka representerer kontinuitet eller brot med den dominerande tradisjonen innanfor *nynorsk språkforskning*.

## **6.6 Norsk målføregransking – ei oppsummering**

Med utgangspunkt i det Sigurd Kolsrud (1951, 1952) har skrive, meiner eg at ein trygt kan slå fast at det finst solid grunnlag for å rekna med ein fagtradisjon som kan kallast *nynorsk språkforskning*, og at målføregransking er ein heilt sentral del av denne tradisjonen. Han står for eit syn der målføra vert sedde både i samband med eldre norske språksteg og i samband med kvarandre. Det evolusjonistiske perspektivet i junggrammatikken er soleis til stadar. Jahr (1996) har eit poeng når han definerer ein slik tradisjon, utan at eg elles fullt ut går god for hans definisjonar og avgrensingar. Jamvel om Jahr (1996:92) medgjev at denne tradisjonen har gjeve oss mykje verdfull kunnskap om norsk språk, er det likevel vanskeleg å lesa kritikken hans og den åt Hovdhaugen ofl. (2000) på andre måtar enn at dei er prinsipielt kritiske til heile tradisjonen i seg sjølv. Dei ser på den grunnleggjande og integrerte historiske tilnærminga til studieobjektet, valet av sokalla NORM-informantar (Chambers og Trudgill 1998:29) og det fråverande fokuset på sosiolingvistiske faktorar og språkleg variasjon som eit utslag av noko grunnleggjande bakstrevande og romantisk attendeskodande som i mangt har vore ideologisk og politisk motivert heller enn fagleg. Denne tradisjonen har hindra norsk målføregransking frå å vera ein del av den moderne språkvitskapen, og hindra dei frå å taka i bruk nyvinningar som synkroni, strukturalisme og sosiolingvistikk.

Utanom Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) er det ingen av dei hine eg har referert til i dette kapitlet som ikkje er samde i det faktumet at målføregranskinga i Noreg i hovudsaka har vore junggrammatisk og diakront orientert og at målføregranskarane har vore seinare ute

enn mange andre språkgranskarar med å taka i bruk nye teoriar og metodar. Dette har heller ikkje vore noko sereige for Noreg. Av dei to utanlandske granskarane som er siterte, Haugen (1948 og 1953, Haugen og Markey 1972) og Bandle (1962), er Haugen klårt kritisk til at både norsk og utanlandsk målføregransking ser ut til å leva sitt eige liv ved sida av den ålmenne språkvitskapen. Han ynskjer heilt klårt at ein tek i bruk strukturalistisk teori og metode. Bandle er samd i dette isolert sett, men ynskjer slett ikkje at det diakrone perspektivet skal leggjast til side i forskinga. Oftedal (1952-54) uttrykkjer klårt at gode synkrone målføreskildringar er naudsynte for å kunna driva jamførande diakron språkvitskap, og jamvel Hoff (1968) etterlyser synkrone skildringar av einskildmålføre. Både Haugen og Bandle etterlyser målføregeografiske studiar, medan Jahr (1996) kritiserer *nynorsk språkforskning* for å konsentrera seg om sambandet dei moderne målføra imellom. Og jamvel Haugen, som er mest kritisk til den junggrammatiske tilnærminga til studieobjektet, er heilt klår på at det er naudsynt å dokumentera dei eldste tilgjengelege målføreformene medan dei enno er i bruk.<sup>37</sup>

---

<sup>37</sup> På heimebane var òg Hallfrid Christiansen oppteken av å berga og dokumentera so mykje som råd av målføretilfanget og folkekulturen i bygdene før det forsvann. I ein kronikk i *Aftenposten* 26. november 1955 skreiv ho: "For hver 70-80-åring som dør, forsvinner det viktig materiale av språk, folklore og folkemusikk, stedsnavn, sagn og eventyr, bygdekultur og -historie. Og nesten ingenting av dette går i arv til de følgende generasjoner." (Hallfrid Christiansen etter Karlsen 1997:39)

## 7 Problemstillingar og hypotesar

I innleiingskapitlet åt denne oppgåva har eg alt gjort greie for bakgrunnen åt dette prosjektet og for korleis eg har gått fram for å gjennomføra det. Like eins har eg gjort stutt greie for problemstillingane og hypotesane i innleiingskapitlet. I dette kapitlet kjem eg til å taka desse opp att, men denne gongen vert dei grunnjevne med utgangspunkt i det som er framlagt i dei føregåande kapitla. Eg er fullt ut klår over at det kan synast noko påfallande å koma til problemstillingane og hypotesane nær midten av oppgåva. Men eg meiner det er naudsynt av di det som er kome fram i samband med gjennomgangen av kritikken av *nynorsk språkforskning*, drøftingane av omgrepa *junggrammatikk*, *strukturalisme* og *språkleg variasjon*, og ikkje minst gjennomgangen av fagtradisjonane for målføregransking i Noreg med både norske og keltiske målføre som studieobjekt, ligg som eit naudsynt bakteppe for å formulera hypotesane og problemstillingane. Å formulera desse direkte i kapittel 1 ville vera som å koma med konklusjonen før ein har fått argumentert for og dokumentert påstandane ein legg fram.

### 7.1 Problemstillingar

Som utgangspunkt for å formulera dei to hovudhypotesane nedanfor, set eg opp fire problemstillingar til hjelp i samband med dette. Dei to fyrste problemstillingane byggjer beinveges på Dorian (2001), medan dei to siste byggjer på kritikken av *nynorsk språkforskning* hjå Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000). Gjennomgangen i kapitla 5 og 6 av dei to forskningstradisjonane syner at problemstillingane nedanfor kan vera fruktbare. Jamvel om berre problemstillingane 1 og 2 går beinveges inn i problematikken kring språkleg variasjon, har eg i drøftingane i kapittel 4 synt at òg problemstillingane 3 og 4 er sers relevante i høve til dette. Eg set fram dei fire problemstillingane som fylgjer med det utgangspunktet at dei skal kunna vera til hjelp i arbeidet med å stadfesta eller avkrefta dei to hypotesane som eg so set fram. Både dei keltiske og dei norske målførestudiane vert granska etter dei same kriteria. Eg skal sjå nærare på

1. **utveljing og bruk av informantar.**
2. **handsaming og skildring av synkron språkleg variasjon.**
3. **val og bruk av språkvitskapleg teori og metode.**
4. **tilhøvet mellom synkroni og diakroni i målføreskildringane.**

For alle desse punkta er det mogeleg å setja opp motsetnader mellom det Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) ser på som idealet for god språkvitskap etter moderne prinsipp på den eine sida, og kva dei meiner faktisk var tilfelle for målføregranskinga innanfor *nynorsk språkforskning* på hi sida. Eg set opp fire motsetnadspaar med utgangspunkt i dei fire problemstillingane ovanfor. Fyrst står det som representerer den tradisjonelle målføregranskinga i Noreg, slik eg har forstått det, og so står det som skal representera moderne, post-junggrammatisk målføre- og talemålsgransking:

1. Tradisjonelt: Gamle informantar av NORM-typen (Chambers og Trudgill 1996:29) som nyttar den eldste språkstadiet som er i bruk mellom talarar av målføret.  
Moderne: Informantar av alle aldrar som nyttar alle tilgjengelege språksteg.
2. Tradisjonelt: Ein ser medvite bort frå synkron variasjon eller skildrar ein idealisert proto-variant av målføret som kan henda ikkje vert nytta av nokon talarar i det heile.  
Moderne: I prinsippet skildra all observert språkbruk.
3. Tradisjonelt: Prestrukturalistisk/junggrammatisk teori eller ingen medviten teori i det heile.  
Moderne: Moderne språkvitskapleg teori og metode (i dette tilfellet strukturalisme og/eller sosiolingvistikk). M.a.o. vert det moderne målføret sett på som resultatet av ein språkleg evolusjonsprosess der ein ynskjer å forklåra kvifor det ser ut som det gjer, eller er skildringa av målføret primært ei deskriptiv skildring av eit moderne system eller variasjon utan omsyn til tidlegare språksteg (jf. drøftinga i kapittel 3).
4. Tradisjonelt: Gjennomført beinveges kopling mellom diakroni og synkroni som integrert del av skildringa av målføret.  
Moderne: Anten ei reint synkron gransking av målføret eller so tette skilje som råd mellom den synkrone og den eventuelle diakrone delen av målføreskildringa; den synkrone delen bør kunna stå på eigne føter uavhengig av den diakrone.

Alle desse fire problemstillingane har det sams at dei på ulike måtar tek føre seg språkleg variasjon. Dei to fyrste, som har med informantbruk og synkron variasjon å gjera, utgjer sjølve kjernen i det ein tradisjonelt knyter til variasjonsomgrepet i språkvitskapen. I kapittel 4 synte eg at det er relevant i eit variasjonsperspektiv om ei språkskildring er strukturalistisk lagd opp eller ikkje av di ei gjennomført strukturalistisk tilnærming til studieobjektet ser ut til

å samsvara dåleg med vektlegging av språkleg variasjon i skildringa. Vidare gjorde eg det klart at eg ser òg ser på jamførande diakroni i språkskildringar som ei form for variasjonsstudium, jamvel om det ikkje er vanleg å sjå det slik.

## 7.2 Hypotesar

Eg set dinest opp to hypotesar som eg vonar at dei fire problemstillingane ovanfor skal hjelpe meg i å gjeva svar på. Den fyrste byggjer på Dorians (2001) kritikk av Oftedal (1956). Kritikken hennar gjer det freistande å spørja seg om kritikken hennar av hans vantande vektlegging på språkleg variasjon er rettvis eller ikkje. På grunnlag av å ha granska både Oftedals skotskgæliske målføremonografi (1956), Dorians eigen produksjon og dei hine keltiske målførestudiane, vonar eg å kunna gjeva eit svar på den fyrste hypotesen:

### **Hypotese 1:**

**Nancy C. Dorians (2001) kritikk av praksis innanfor tidlegare målføregransking med mangelfull skildring og vektlegging av språkleg variasjon, hjå henne representert ved Magne Oftedal (1956), byggjer på ukorrekte premisar.**

Den andre hypotesen byggjer primært på kritikken av målføregranskinga i tradisjonen *nynorsk språkforskning* som kjem fram hjå Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000). Medan norske målføregranskarar som arbeidde med norske målføre, vert skildra som ei gruppe målgranskarar som ikkje var viljuge til å taka til seg moderne språkvitskaplege teoriar og metode, jf. Einar Haugens oppsummering i si melding av Myhre (1952): "A dialect is also a language, and deserves to be treated as accordingly." (Haugen 1953:547) Ein ser at Oftedal (1956) hjå Dorian (2001) vert tildelt om lag den same rolla som *nynorsk språkforskning* har hjå Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000). Difor er det naturleg å spørja seg om skilnaden mellom dei to fagtradisjonane er so stor som det då er enkelt å få inntrykk av, utan at eg av den grunnen ser bort frå at det finst skilnader mellom dei to tradisjonane.

### **Hypotese 2:**

**Målføreskildringar som er laga av nordmenn med moderne keltiske målføre som studieobjekt, har grunnleggjande sett meir sams med målføregranskinga innanfor den forskningstradisjonen Ernst Håkon Jahr (1996) kallar *nynorsk språkforskning* enn det som skil dei to tradisjonane frå kvarandre, motsett av det inntrykket ein får når ein les om dei norske keltologane hjå Even Hovdhaugen**



**ofl. (2000). Dette gjeld både informantbruk, skildring av språkleg variasjon, val av språkvitskapleg teori og metode, og tilhøvet mellom synkroni og diakroni.**

Som ein kan sjå av dei to problemstillingane, er det dei målførestudiane som nordmenn har skrive med målføre av moderne keltiske språk som emne, som er sjølve granskingsobjektet i denne oppgåva. Det er berre desse eg vil ha grunnlag for å konkludera noko om. Dei tre norske målførestudiane vert granska på same måte som dei keltiske, men dei er som nemnt berre med som "referansegruppe", og eg vil soleis ikkje ha noko grunnlag for å koma med ålmenne konklusjonar om målføregranskinga innanfor *nynorsk språkforskning* på grunnlag av dei framsette hypotesane og problemstillingane. Det ville i so fall krevja ein langt meir omfemnande gjennomgang av norske målførestudiar.

## 8 Ei vurdering av Dorians kritikk av Oftedal

I kapittel 2 gjorde eg greie for den kritikken Nancy C. Dorian (2001) sette fram mot Magne Oftedal (1956), som hadde vore hennar næraste føregjengar innanfor skotskgælisk målføregransking. I hovuddrag går kritikken hennar ut på at Oftedal har late vera å freista å skildra den språklege variasjonen i Leurbost og i staden nøgt seg med å skildra språkssystemet hjå éin einaste hovudinformatant. Han har soleis ikkje gjeve ei heilskapleg skildring av den språklege røyndomen på staden. Dorians kritikk rårar ikkje berre Oftedal, og ho kritiserer samstundes både tradisjonelle målføregranskarar, moderne sosiolingvistar og teoretiske lingvistar for at dei i altfor stort omfang berre nyttar tilfang frå strukturerte intervju og tilsvarande i for lite omfang har nytta språkleg tilfang frå autentiske eller nær autentiske språkbrukssituasjonar i den grad det faktisk er mogeleg.<sup>38</sup>

I dette kapitlet skal eg taka føre meg og drøfta den fyrste av dei to hovudhypotesane eg sette fram i kapittel 7, der eg hevdar at Dorians kritikk av Oftedal byggjer på ukorrekte premisser i den forstand at ho ikkje tek omsyn til den tradisjonen og dei historiske omstenda som var rådande den gongen Oftedal utførde arbeidet sitt i Leurbost. Vidare ser eg det som naudsynt i denne samanhengen å sjå nærare både på Dorians eigen praksis slik han kjem fram i hennar eigen vitenskaplege produksjon. I tillegg til å sjå korleis hennar eigen praksis er jamført med hennar eigen kritikk, vil det vera interessant å røkja etter korleis ho omtalar og viser til Oftedals produksjon og praksis, og om ho der kjem med kvalitative vurderingar av denne eller ei. Dessutan kjem eg til å sjå nærare på Oftedals eigen skotskgæliske målføremonografi (1956) for å kunna slå fast kva han faktisk har skildra i denne og korleis han har gjort det. På grunnlag av gjennomgangen vil eg gjeva ei grunnlegjande drøfting av den fyrste av dei to hypotesane mine.

### 8.1 Magne Oftedals praksis

I artikkelen frå 2001 viser Dorian til Magne Oftedals praksis slik han kjem fram i monografien hans *The Gaelic of Leurbost, Isle of Lewis* frå 1956, etter dette omtala som *Leurbost*. Som nemnt kritiserer Dorian korleis han berre har skildra ein liten flik av den språklege heilskapen i Leurbost ved at han jamt over berre har teke omsyn til det språklege tilfanget han henta frå den eine hovudinformatanten sin. I dette avsnittet kjem eg i hovudsaka til å halda meg til dei to fyrste problemstillingane eg sette opp i kapittel 7, som tek føre seg

---

<sup>38</sup> Jf. William Labovs (1972:209) *Observer's Paradox*: "[T]he aim of linguistic research in the community must be to find out how people talk when they are not being systematically observed; yet we can only obtain these data by systematic observation."

høvesvis val og bruk av informantar på den eine sida og skildring av språkleg variasjon på hi. Eg ser dessutan nærare på korleis Oftedals praksis i *Leurbost* faktisk er i høve til desse punkta. Som kjent byggjer båe desse problemstillingane beinveges på kritikken mot Oftedal i Dorian (2001), men eg kjem her til å vera meir detaljert enn ho i gjennomgangen min. Det er ikkje til å koma ifrå at eg òg kjem inn på Oftedals tilnærming i høve til problemstillingane 3 og 4, som tek føre seg høvesvis språkvitskapleg teoretisk tilnærming og tilhøvet mellom synkroni og diakroni i målføreskildringa, men dei er ikkje hovudemnet i dette kapitlet.

Oftedals monografi er resultatet av til saman kring ni månaders feltarbeid i landsbyen Leurbost, som ligg noko sør for Stornoway, den største og mest engelskdominerte byen på øya Lewis i Dei ytre Hebridane. Oftedal var i Leurbost i to bolkar, den fyrste frå september til desember 1950 og den andre frå april til august 1951 (*Leurbost*, s. 18). Denne monografien var tredje og siste bandet som kom ut som resultat av Marstrandens prosjekt *A linguistic survey of the Gaelic dialects of Scotland* og vart dessutan innlevert som doktoravhandling.

Dorian (2001) kritiserer Oftedal for berre å ha nytta éin hovudinformatant. Samstundes har Oftedal sjølv notert at han har observert skilnader mellom talemålet åt hovudinformatanten sin og det åt kona, som var berre to år eldre enn han og dessutan oppvaksi som næraste granne. I magistergradsavhandlinga *Ordstrukturen i Gjestalmålet* (1946), som eg har synt i kapittel 4, er Oftedal heilt eksplisitt om at målføreskildringa berre tek føre seg språket åt den eine informatanten han har nytta som grunnlag for skildringa. Skildringa var soleis ei strengt synkron skildring av det fonemiske systemet og ordstrukturen hjå éin einskild person, og berre det. Oftedal tok ikkje omsyn korkje til diakroni, målføregeografi, språkleg variasjon innerter i det aktuelle bygdelaget eller andre sosiolingvistiske faktorar i skildringa si. Tilvisingar til slikt finst berre som spreidde merknader, men dei er aldri del av sjølve skildringa av ordstrukturen i målføret. Eg finn det turvande å nemna dette her, av di det set *Leurbost* i eit perspektiv ettersom han er langt mindre eksplisitt når han gjer greie for tilnærminga til studieobjektet sitt der. I *Leurbost* lyt ein heller sjå på Oftedals praksis for å finna ut korleis tilnærminga hans har vore.

I innleiinga i *Leurbost* (s. 16) skriv Oftedal sjølv at hovudtyngda av tilfanget hans er henta frå hovudinformatanten Roddy, og det går fram at han er den einaste som Oftedal har arbeidd systematisk med. Jamvel språket åt kona hans, som har vore til stadar ved dei fleste intervju, vert ikkje lagt til grunn for språkskildringa, trass i at Oftedal har gjennomført nokre intervju med berre henne når Roddy har vore fråverande. Likevel må ein til liks med Dorian (2001) slutta seg til at tilfanget frå intervju med kona ikkje har kome med i den endelege målføreskildringa når ein les dei kommentarane han skriv om avvika hjå kona som aldri vert

forklára nærare (*Leurbost*, s. 17). Utover desse to nemner Oftedal fire andre informantar som har gjeve honom forteljingar og leksikalsk tilfang. Elles skriv han at han har hatt

many occasional informants in addition to these six. In fact, nearly everybody in the central part of Leurbost has contributed more or less to the material, and it is impossible to do justice to them all by mentioning them individually. (*Leurbost*, s. 18)

På denne måten kan ein gå ut ifrå at Oftedal har hatt eit grunnlag for å kunna taka omsyn til om det han har teke med i skildringa av målføret, er nokolunde representativt for den faktiske målbruken på staden. Likevel står ein att med det paradokset at skildringa hans gjev seg ut for å taka føre seg "the Gaelic" i *Leurbost*.<sup>39</sup> I kor stor mon han faktisk har gjort det, vert heller uklårt, og det er truleg i dette mykje av kritikken åt Dorian ligg i og med at Dorian har eit heilt anna syn på kva ein kan leggja i omgrepet "the Gaelic" eller "the dialect". Hjå Oftedal er det målføregeografiske perspektivet bortimot fråverande i denne studien. Likevel meiner han å ha observert geografisk variasjon innerter i *Leurbost*: "The village itself is about two miles long, which apparently is enough for minor dialectal differences to manifest themselves from one end to the other." (*Leurbost*, s. 14) Nett som med skilnadene mellom hovudinformaten og kona hans vert det heller ikkje her gjort greie for kva desse skilnadene går ut på. Faktum er i alle fall at det Oftedal i skildringa si presenterer som "the Gaelic of *Leurbost*", er éi einskapleg språkform som ikkje fortel noko om korleis dei ulike formene for språkleg variasjon han har observert, manifesterer seg.

Dorian (2001) skildrar sitt eige arbeid i eit språksamfunn der det skotskgæliske språket utan tvil alt var ved å døy då ho tok til med arbeidet sitt tidleg på 1960-talet, ettersom det ikkje lenger fanst born som lærde språket i heimen. Likevel var det i *Leurbost* og elles på Lewis, som i alle samfunn der ein finn keltiske språk, ei røyndleg tospråksstode då Oftedal utførde feltarbeidet sitt. Om stoda i *Leurbost* skriv han:

Gaelic is spoken throughout the island. Even the town of Stornoway, where English has made rapid headway, is still Gaelic-speaking to a large extent. Gaelic is spoken by many and understood by many more. But the influence of English is steadily increasing. (*Leurbost*, s. 13)

---

<sup>39</sup> Jf. Quiggin (1909) som skildrar "a dialect" i motsetnad til "the dialect" i Meenawannia i si målføreskildring. Han er svært eksplisitt om at han ikkje meiner det finst ei klårt avgrensa språkform som er avgrensa til denne bygda, og heller ikkje er det slik at språkbruken innanfor bygda er einskapleg mellom dei innfødde. Han observerer både interindividuelle skilnader og skilnader mellom generasjonar: "The speech of this small community of between 30 and 40 souls is perhaps even less homogenous than might otherwise be expected. One of the parents in each family – usually the mother – must almost of necessity come from outside, and the speech of the children is therefore a compromise. Hence in one family cha predominates as the negative, while another has ní almost exclusively [...]. One the other hand the difference between generations is almost incredible. [...] The phonetic decay [sic!] of the speech of the speech of the younger people will be constantly exemplified in this sketch, but more appalling [sic!] is the introduction of English words. Numbers of the people have been in America and Scotland for longer or shorter periods, and when they return the Irish they speak is often little better than a jargon [sic!]." (Quiggin 1909:1-2)

Oftedal held òg fram med å gjera greie for korleis bruken av gælisk og engelsk fordeler seg på ulike domene (*Leurbost*, s. 13-14). Gælisk er fyrst og fremst eit munnleg språk som vert nytta for det lokale og heimlege, medan engelsk er det språket som vert nytta i skulen og som for mange med gælisk som morsmål er det einaste skriftspråket dei meistrar. Mange er funksjonelle analfabetar i gælisk, men ofte med eitt unnatak – det religiøse. Folket i Leurbost er protestantar, og dei aller fleste gudstenester og andre religiøse møte vart haldne på gælisk. At gælisk står svært sterkt innanfor dette domenet, vert gjort serskilt tydeleg når han observerer at dei religiøse møta ”are often conducted by the elders, who frequently display an astonishing proficiency in improvising speeches and prayers.” (*Leurbost*, s. 16). Kontrasten til den samtidige funksjonelle gæliske analfabetismen er slående, men dette er samstundes eit vitnemål om at gælisk enno var eit levande bruksspråk. Likevel er språket på retur. Det at det finst mange som skjønar, men som sjølve ikkje talar språket, syner dette. Men endå ein gong nøyer Oftedal seg med å gjeva eit stutt omrit av den overordna språkstoda etter di dette ikkje er del av studieobjektet hans.

Dersom ein ser på Magne Oftedals skildring i *Leurbost* i ljøs av Nancy C. Dorians (2001) kritikk, finn ein at Oftedal i innleiingskapitlet gjev ei stutt og ytleg skildring av språksamfunnet i Leurbost og elles på Lewis. Men sidan ærendet hans er å laga ei dels strukturalistisk synkron skildring av eit moderne målføre representert ved ein einskildinformant og dels å jamføra den moderne språkforma med gamal- og mellomirsk, vert desse aspekta irrelevante for honom utover det å gjeva ei stutt ålmenn innføring om den staden og den samanhengen han har utført arbeidet sitt på og innanfor.

## **8.2 Nancy C. Dorians eigen produksjon og praksis**

I dette avsnittet ser eg nærare på Nancy C. Dorians eige arbeid med *East Sutherland Gaelic*, slik det framstår i nokre av dei mest sentrale publikasjonane hennar om emnet. Eg meiner at ein trygt kan hevda at Dorians arbeid i Sutherland best kan karakteriserast som eitt einaste langt, samanhengande forskingsprosjekt som har gått føre seg frå ho fyrst kom dit i 1963 fram til i dag. Eg meiner det er interessant og relevant å sjå nærare på Dorians arbeid og serskilt på korleis det står fram i ljøs av hennar eigen kritikk av Magne Oftedals *Leurbost*. Vidare er det interessant å sjå korleis Oftedal og hans arbeid vert omtala i andre arbeid enn artikkelen hennar frå 2001 og dessutan om og eventuelt korleis hennar eiga tilnærming til studieobjektet sitt har endra seg over tid.

Dorian står attom ei lang rekkje stuttare og lengre publikasjonar som tek føre seg ei lang rekkje ulike aspekt ved *East Sutherland Gaelic*. Det er både uråd, og etter mitt syn heller

ikkje naudsynt, å taka føre seg heile produksjonen hennar her. I tillegg til artikkelen ”Surprices in Sutherland. Linguistic variability amidst social homogeneity” (Dorian 2001), som eg tok føre meg i kapittel 2, har eg valt å sjå nærare på dei to monografiane (Dorian 1978a, 1981) og på tre større artiklar (Dorian 1973, 1978b, 1994), som alle har stått i tidsskriftet *Language*.

Den fyrste av desse monografiane er målføreskildringa *East Sutherland Gaelic. The dialect of the Brora, Golspie, and Embo fishing communities* (Dorian 1978a), som er ei vidareføring av doktoravhandlinga hennar om fonologien i dei same målføra (Dorian 1965). Tre år seinare kom monografien *Language death. The life cycle of a Scottish Gaelic dialect* (1981), som tek føre seg den pågåande språkdaudeprosessen i dei same tre landsbyane.<sup>40</sup> Dei tre større artiklane eg har valt å sjå på, er ”Grammatical change in a dying dialect” (Dorian 1973), ”The fate of morphological complexity in language death. Evidence from East Sutherland Gaelic” (Dorian 1978b) og ”Varieties of variation in a very small place. Social homogeneity, prestige norms, and linguistic variation” (Dorian 1994). Desse publikasjonane fell i fleire ulike kategoriar. Dei to eldste artiklane (Dorian 1973, 1978b) ser på endringar i målføra som direkte resultat av språkdaude, medan språkdaudemonografien (Dorian 1981) skildrar språkdauden både historisk, sosiolingvistisk og reint språkleg. Målføremonografien (Dorian 1978a) er ei strengt synkron strukturalistisk skildring av språket mellom informantar som talar ESG flytande i dei tre landsbyane. Artikkelen frå 1994 kan på mange måtar seiast å vera ein langversjon av 2001-artikkelen og målber mange av dei same synsmåtane. Hovudvekta her ligg på observert språkleg variasjon, i mange tilfelle inner i både landsbyar og familiar, som ho ikkje finn grunnlag for å rekna som korkje geografisk, sosiolingvistisk eller språkdauderelatert.

### **8.2.1 Dorians handsaming av språkleg variasjon**

Omvendt kronologisk vel eg å taka føre meg artikkelen frå 1994 fyrst. Dorian (1994:631-633) opnar denne artikkelen med mykje av den same kritikken som ho kom med mot Oftedal i 2001. Ho syner korleis ho meiner at etablerte metodar for feltarbeid i både målføregeografi og variasjonsstudiar der ein driv systematisk utspørjing av einskildinformantar, stengjer for at ein får samla inn andre typar tilfang som ein ville få dersom ein m.a. observerte faktisk spontan daglegdags språkbruk over lengre tid. Denne praksisen kan føra til at det innsamla tilfanget

---

<sup>40</sup> Brora og Golspie, dei to største av landsbyane, har tradisjonelt hatt ein blanda folkesetnad med ein engelsktalande majoritet og ein eigen avgrensa, gælisktalande *fishertown*. Embo har i motsetnad til dei tradisjonelt hatt ein homogen, gælisktalande folkesetnad (Dorian 1978a:2-4).

vert meir homogent, og med det mindre representativt for den aktuelle språkvarianten eller språksamfunnet enn det ville ha vorte med andre innsamlingsmetodar. Det nye i denne artikkelen er den forma for språkleg variasjon som ho kallar *personal-pattern variation*. Denne vik av frå andre former for variasjon ved at det ikkje er mogeleg å relatera henne til nokon sosiale eller geografiske faktorar. Han kan heller ikkje knytast til språkdaude av di ho påviser at denne forma variasjon òg er rikeleg til stadar mellom dei eldste og mest flytande talarane. Medan ho meiner at sociolingvistisk variasjon ikkje ovrar seg mellom dei gælisktalande i desse landsbyane, legg ho fram døme på geografisk variasjon (Dorian 1994:645-648), stilistisk variasjon (Dorian 1994:665-668) og alders- og dugleiksbasert variasjon (Dorian 1994:657-665). Denne siste forma for variasjon skal eg drøfta nærare seinare.

Dorian (1994:640-641) deler talarane av ESG inn i tre grupper, *Older Fluent Speakers* (OFS), *Younger Fluent Speakers* (YFS)<sup>41</sup> og *Semi-Speakers* (SS), og plasserer alle informantane i ei av desse tre gruppene. Både dei to gruppene med flytande talarar vert oppfatta som nett dette mellom dei gælisktalande, og inndelinga er noko Dorian sjølv har gjort på grunnlag av observert språkbruk, der OFS er meir konservative enn YFS. Semi-talarane ligg nedst i kontinuumet av talarar, og mange av dei er òg kjenneteikna ved at dei ofte tek ei rolle som passive gæliske språkbrukarar og at dei har eit mangelfullt grep om språket og språkstrukturen (Dorian 1981:114-117). Ho rapporterer òg at det finst eit medvit mellom dei eldre talarane om at SS utgjer ei distinkt gruppe språkbrukarar.

Med åra har Dorian endra syn på kva som kan tilskrivast språkdaude av den variasjonen ho har observert innanfor ESG. I artikkelen frå 1973 har ho enno ikkje teke i bruk nemningane OFS, YFS og SS, men noterer at ho tidleg la merke til at det ho fyrst oppfatta som "mistakes" mellom dei eldste talarane, var meir og meir vanlege di yngre talarane var (Dorian 1973:415). Ein bør merka seg at denne artikkelen berre tek føre seg talarar frå Embo som i 1994-artikkelen ville gå inn i kategorien OFS (Dorian 1994:641).<sup>42</sup> I artikkelen syner ho korleis to ulike endringar aukar i frekvens di yngre talarane er: Det går føre seg ei samanblanding av to ulike passivkonstruksjonar (Dorian 1973:418-426), og at det går føre seg ei utjamning i kasussystemet både når det gjeld mutasjonar i framljod og utljod (Dorian 1973:426-435). Dorian slår tidleg fast at ESG er døyande (Dorian 1973:414) og drøfter aldri

---

<sup>41</sup> YFS fanst berre i Embo, den minste og mest gæliskdominerte av dei tre landsbyane.

<sup>42</sup> I ESG-studiane sine nyttar Dorian eit system der ho nummererer informantane sine med førebokstaven i namnet åt landsbyen dei kjem frå og eit nummer. Informant E4 er soleis informant nummer 4 frå Embo. Denne nummereringa er fylgt konsekvent i alle publikasjonane der ho er nytta. Soleis kan ein leita fram opplysningar om ein og same informant gjennom dei ulike publikasjonane. T.d. vil koden 'E4' verta nytta om den same informanten i alle dei aktuelle publikasjonane hennar.

meir inngåande om endringane er resultat av språkdaude eller ikkje. Som hovudproblemstilling for artikkelen spør ho seg om tilfang frå dei siste tospråklege talarane av eit språk kan gjeva pålitelege opplysningar om strukturen åt det same språket tidlegare, medan det enno fanst monoglottar og språket var dominerande i det aktuelle språksamfunnet (Dorian 1973:415). Når ho sist i artikkelen svarar på sitt eige spørsmål, er ho ikkje i tvil og slår fast fylgjande:

One fact that the study of terminal bilingualism in East Sutherland makes abundantly clear is that the last speakers of a dying language can be very misleading sources of information aboth the grammar (and presumably also phonology and semantics) of the language they represent. (Dorian 1973:437)

Det har soleis vore ein underliggjande premiss heile vegen at dei observerte endringane er eit resultat av språkdauden.

I 1978b-artikkelen innfører Dorian skiljet mellom OFS, YFS og SS for fyrste gongen. Her ser ho nærare på forenkling og utjamning i samband med danning av fleirtalsformer av substantiv (Dorian 1978b:596-599) og verbalnomen<sup>43</sup> (Dorian 1978b:599-601). Ho konkluderer med at SS er den gruppa som fungerer som innovatørar i høve til desse to delane av det morfologiske systemet i ESG (Dorian 1978b:605). Den morfologiske forenklinga tilskriv Dorian det faktumet at SS i motsetnad til OFS og YFS ikkje er habituelle talarar (Dorian 1978b:606), og eg tolkar Dorian slik at forenklinga kan seiast å vera eit språkdaudefenomen. I språkdaudemonografien (Dorian 1981) jamfører ho òg desse tre kategoriane. Ho ser på initialmutasjonar (Dorian 1981:122-124), endringar i substantivsystemet der ho ser på kategoriane grammatisk kjønn (Dorian 1981:124-129), kasus (Dorian 1981:129-136) og tal (Dorian 1981:136-137); ho undersøker verbalsystemet der ho ser på tider av verbet (Dorian 1981:138-141), tal (Dorian 1981:141-142) og modus (Dorian 1981:142-144); og til sist ser ho på oppretthalding av det grunnleggjande ordtilfanget (Dorian 1981:145-146). Dorian konkluderer med at det ikkje er noko uvanleg med endringane i seg sjølve, men at det er heller omfanget som er abnormalt:

Dying languages, to judge by ESG, show much the same sorts of change as we are familiar with from perfectly ordinary change in “healthy” languages: distinctive case structures are replaced by prepositional structures (genitive); analogical leveling reduces the number of allomorphs for some morphemes (noun plural); separate syntactic structures with a single semantic function are merged (the two passives); a native distinction not shared by the speakers’ second language is given up (grammatical gender reflected in pronoun replacement).

**But if the *types* of change are not unusual, it seems possible that the *amount* of change is. Even among fluent speakers, only two of the categories considered showed no significant change: number in the noun and tense in the verb.** [mi utheving] (Dorian 1981:151)

Til liks med i 1978b-artikkelen slår Dorian (1981:153) fast at den store skilnaden mellom SS på eine sida og dei flytande talarane på hi må hanga saman med den vantande kontinuiteten i

---

<sup>43</sup> Dorian (1978b) nyttar nemninga *gerund*.



språktileigningsprosessen, der SS sjølve ikkje har vore aktive brukarar av gælisk i oppvoksteren. Slik eg ser det, verkar Dorians argumentasjon om at SS har eit redusert språksystem på grunn av eit kontinuitetsbrot når det gjeld aktiv språkbruk overtlydande, og konklusjonen plausibel.

I artikkelen frå 1994 tek ho som nemnt føre seg både OFS, YFS og SS til liks med i 1978b og 1981, men i motsetnad til 1973 og 1978a (målføremonografien), der ho ikkje opererer med desse kategoriane, gjer ho det likevel klårt at ho tek føre seg språket å flytande talarar av ESG. I både 1973, 1978b og 1981 har ho eit overordna språkdaudeperspektiv når ho skildrar pågåande språkendingar i ESG. Dette gjeld både variasjonen mellom flytande talarar i 1973 på eine sida og i 1978b og 1981 på hi, der ho òg har teke med SS. I 1994 er det variasjonen som finst mellom flytande talarar, som i 1973 vart sedd i eit språkdaudeperspektiv, som i staden vert sedd på som eit utslag av sokalla *personal-pattern variation* (PPV). Etter di både språkdaude og sosiolingvistiske faktorar vert utelukka som bakgrunn for denne variasjonen, er denne forma for variasjon soleis å sjå som eit fenomen som òg fanst i målføret medan språket enno var levedørt. Variablane Dorian (1994) nyttar for å syna PPV er m.a. vekslinga mellom formene /ma:raɪ/ og /ma:riç/ for 'i morgon' (Dorian 1994:648-651), analogisk utjamning i preteritumsforma av verbet /pi/ 'vera', slik at ein har fått analogisk /xa t rɔ/ jamsides det tradisjonelle /xa rɔ/ 'var ikkje' (Dorian 1994:651-652), analogisk utjamning i kondisjonalis av verbet /tu/ slik at ein får dei analogiske formene /č<sup>h</sup>eu/, /č<sup>h</sup>ɛju/ og /rɛu/ attåt /raxu/ (Dorian 1994:652-654). Vidare finst det fleire parallelle former av leksemet *còmhla ri* 'saman med' (Dorian 1994:652-653, 655). Hovudpoenget hennar er å syna at det etter alt å døma har funnest rikeleg med variasjon i målføret sidan før språkdaudeprosessen sette i gang. Dette poenget gjer ho endå tydelegare når ho omtalar formene hjå ein talar som var klårt meir kompetent i gælisk enn engelsk, men som likevel synte intraindividuell variasjon i samband med bruk av former som inngjekk i PPV. Dette dreg Dorian (1994:682) fram som eit døme på at jamvel om "Gaelic may have been dying in East Sutherland, [...] it certainly was not dying in E4's mouth."

Den viktigaste forma for variasjon utanom PPV er sokalla *age- and proficiency variation* (Dorian 1994:657-665). Her ser ho på korleis ulike former og konstruksjonar ovrar seg i kvar av dei tre gruppene OFS, YFS og SS. I denne bolken ser ho m.a. på korleis den samansette preposisjonen /ɔrn/ *airson* 'for' som er samansett av preposisjonen *air* 'på' og substantivet *son* 'sak'. Tradisjonelt har andrelekken halde på statusen som sjølvstendig substantiv slik at ein m.a. har fått /er mə hɔn/ 'for meg'. Mellom yngre talarar har denne

statusen kvorve, slik at ein i staden oftast får /ɔrn mi(š)/. Den tradisjonelle konstruksjonen dominerer klårt mellom OFS, dei er meir jambyrdige mellom YFS med mykje intraindividuell variasjon, medan dei to SS som er med i oversynet, berre har den nye konstruksjonen. Vidare tek ho, til liks med i 1973-artikkelen, føre seg korleis to gamle passivkonstruksjonar smeltar saman til ein ny. Her vert det tydeleg at OFS har flest tilfelle av dei to tradisjonelle konstruksjonane, YFS har både tradisjonelle konstruksjonar, eit mellomstadium og den nye konstruksjonen, medan dei to SS berre har den nye. Det er dessutan eit gjennomgåande mønster at dei yngste YFS har fleire nye former enn dei eldste (Dorian 1994:663). Heile skiljet mellom PPV og alders- og dugleiksvariasjon vert soleis basert på at ho reknar med PPV der det finst stor variasjon mellom dei eldste talarane, samstundes som denne variasjonen held fram med å ovra seg mellom dei yngre og mindre konservative talarane. Denne variasjonen er soleis sterkt individualisert. Når ein les om alders- og dugleiksvariasjon i denne artikkelen, får ein ikkje det inntrykket at dette har noko beinveges samband med språkdaude. Mot slutten av artikkelen slår Dorian fast at ho tidlegare har hatt ein tendens til å forklåra altfor mykje av variasjonen ho har observert som resultat av språkdaude:

Finally, in cases where a seemingly high incidence of variation appears in a language known to be obsolescent, the co-occurrence of variation and obsolescence offers the latter as a reasonable explanation of the former. This was my own initial assumption, but gradually the explanatory power of obsolescence shrank as patterns of age- and proficiency-related change emerges from what I had earlier considered 'a dismal patchwork of inconsistencies and (from the point of view of the standard language) mistakes, haphazardly distributed over villages, speakers, and occasions' (Dorian 1973:414). It has shrunk still further, of course, in the present exploration of patterns of individual variation at all age and proficiency levels of ESG. At the very bottom of a proficiency continuum, a very high incidence of variation may very well require the invocation of obsolescence as an explanation. Sasse reports what seems an extreme case in Arvanitika (1992:71-72),<sup>44</sup> and at that the level of apparent structural dissolution other explanations become unlikely. **The ESG findings reported here nonetheless suggest that it may be preferable to resort to obsolescence as an explanation for variability later rather than sooner.** [mi utheving] (Dorian 1994:689)

Her ser ein altso at Dorian, jamvel om ho ikkje prinsipielt ser bort ifrå språkdaude som forklåring på språkendingar, likevel gjev denne faktoren ein langt meir perifer plass enn ho gjorde tidlegare. Eg meiner at ho argumenterer overtydande for at det eksisterer eit fenomen *personal-pattern variation*, og at dette har funnest sidan den gongen ESG enno var eit fullt ut levedørt språk. Soleis vert variasjonen ho skildra i 1973 eit resultat av PPV, og ikkje språkdauderelatert. So langt er eg i stand til å fylgja henne henne, og avviser slett ikkje denne konklusjonen. Like eins går det fram av sitatet ovanfor at alders- og dugleiksvariasjon etter hennar meining òg er med på å redusera tydinga åt språkdaude som forklåringsfaktor for språkending både i ESG og ålment, òg jamvel når ein har med eit døyande språk å gjera.

---

<sup>44</sup> Jf. bibliografien.

### 8.2.2 Nokre lause trådar hjå Dorian

Dersom eg har forstått Dorian rett, må ein soleis sjå på alders- og dugleiksvariasjon som eit resultat av heilt ordinær språkendring, som òg kunne ha gått føre seg i eit levedørt språk. Eg har større problem med å hanga med når det gjeld det eventuelle sambandet mellom Dorians alders- og dugleiksvariasjon og språkdaude. Det er eit faktum at språk kan endrast med generasjonar, slik at ein kan få aldersrelatert variasjon som ikkje er noko teikn på språkdaude. Men i 1978b og 1981 gav Dorian sjølv uttrykk for at dei mange endringane som ho observerte mellom SS var eit resultat av ufullstendig språktileigning og at dei stort sett inntek ei rolle som passive brukarar av ESG. Om sjølve endringane skreiv ho, som tidlegare nemnt, at det ikkje var endringane i seg sjølve, men omfanget av dei som var påfallande (Dorian 1981:151). I 1994-artikkelen kjem Dorian aldri med noka drøfting av dette. Difor vert eg som lesar sitjande att med mange spørsmål om kva Dorian anno 1994 meiner er resultat av språkdaude og kva ho meiner ikkje er det. Fyrst og fremst er det kva ho meiner ligg attom dei mange forenklingane mellom SS, som eg saknar ei alternativ forklåring for. Ho nøyer seg med å slå fast at ho ser på språkdaude som ein langt mindre sentral faktor i dag enn ho gjorde tidlegare. Av dei endringane ho ser på som for språkdauderelaterte i 1978b (utjamning og forenkling i samband med danning av verbalnomen og fleirtalsformer av substantiv) og i 1981 (veiking av grammatisk kjønn, utjamning i kasussystemet, fleirtalsbøygning endå ein gong, tendens til samanfall mellom verbformer og til dels bortfall av kategorien kondisjonalis, bortfall av personbøygde verbformer, og oppretthalding av det grunnleggjande ordtilfanget), er det einaste Dorian tek føre seg i 1981 som ho òg tek føre seg i 1994 bruk av ulike passivkonstruksjonar. I 1994 vert desse som før nemnt sedde på som eit utslag av alders- og dugleiksrelatert variasjon. Alt i alt sit eg sjølv att med det inntrykket at det meste av den variasjonen som Dorian tidlegare (1978b, 1981) har sett på som språkdauderelatert, og som syner eit distribusjonsmønster der frekvens tydeleg heng saman med alder og dugleik, i 1994 vert sedd på som nett alders- og dugleiksrelatert variasjon. Problemet er at Dorian (1994) ikkje drøfter dette med dugleik og kva for samband ho meiner varierende dugleiksgrad i ESG har med språkdaude. So lenge overføringa av språket til den neste generasjonen ikkje stoggar heilt brått, vil eit resultat av språkdaudeprosessen vera at det finst ein generasjon der mange er halvtalarar av det aktuelle språket. Dette vert hangande i lause lufta i 1994.

Det er til sist på sin plass å seia noko om korleis Dorian sjølv har omtala og referert til Oftedal i sin produksjon utanom den kritikken som ho sette fram i 1994 og 2001. I hennar tidlegare produksjon (Dorian 1973, 1978a, 1978b, 1981) finn ein ingen liknande vurderingar

eller kommentarar til Oftedals arbeid, korkje negative eller positive. I det heile er tilvisingane til Oftedal svært sparsame, og dei som finst gjeld reint språklege ting, og ikkje informantbruk eller handsaminga hans av språkleg variasjon.

### 8.3 Byggjer Dorians kritikk av Oftedal på korrekte premisar?

I kapittel 2 har eg teke føre meg Dorians kritikk som ho sette fram i artikkelen frå 2001. I dette kapitlet har eg so sett nærare på Oftedals eigen praksis i ljøs av denne kritikken, og like eins på Dorians eigen produksjon og korleis hennar eigen praksis står fram i ljøs av hennar eigen kritikk. På grunnlag av dette skal eg koma med eit svar på spørsmålet om kritikken hennar kan seiast å byggja på korrekte premisar eller ei.

Eg oppfattar Dorians (2001) kritikk av Oftedal og hans *Leurbost* fyrst og fremst som ein kritikk av kva han ikkje har gjort meir enn ein kritikk og underkjenning av det han faktisk har gjort. Heilt sidan Dorian fyrst kom til Sutherland tidleg i 1963, har ho drive med det som kan karakteriserast som eitt einaste langt forskingsprosjekt der ho har granska ei lang rekkje ulike aspekt ved *East Sutherland Gaelic*. I samband med kritikken hennar av Oftedals *Leurbost* er det mest sentrale aspektet ved hennar eiga forskning det at ho har nytta svært mange informantar og at desse har tilhøyrt alle tilgjengelege aldersgrupper – frå dei som var eldst då ho fyrst kom dit til dei yngste halvtalarane. Oftedals skildring av målføret i *Leurbost* var resultatet av ein heilt annan type prosjekt. Oftedals prosjekt var å fara til *Leurbost* for å laga ei synkron strukturalistisk språkskildring kombinert med ei jamføring av ljødverket i det moderne målføret med gamal- og mellomirsk. T.d. hadde han alt i 1954 som resultat av feltarbeidet på Lewis publisert artikkelen "The village names of Lewis in the Outer Hebrides" (Oftedal 1954), der han tok føre seg stadnamn av norrønt opphav. Poenget med å nemna dette er å syna at det meste tyder på at Oftedal ikkje var prinsipielt oppteken av å gjeva ei heilskapleg skildring av språksamfunnet i *Leurbost*. Han var fyrst og fremst språkgranskar i ei snevrare meining av ordet, ikkje språkbruksgranskar. Det er Dorian som med si tilnærming representerer noko nytt. Utgranskinga hennar av ESG er eit både eineståande og nyskapande pionerarbeid dersom ein ser på omfanget, breidda, og på den lange samanhengande perioden det har gått føre seg gjennom (jf. McMahon 1994:294).<sup>45</sup>

Oftedals skildring av språksamfunnet i *Leurbost* og elles på Lewis er svært ytleg og lèt etter seg like mange spørsmål som ho gjev svar. Lesaren får vita at engelsk er til stadar og på

---

<sup>45</sup> April M. S. McMahon (1994:294) skriv fylgjande om Dorians arbeid med ESG: "Nancy Dorian's pioneering fieldwork on Scottish Gaelic [...] represents the first attempt to study intensively both the social motivation for language shift and the linguistic changes which follow in the dying language."

frammarsj, serskilt i den største byen Stornoway, men lite om korleis dette reint faktisk ovrar seg. Landsbyen Leurbost ligg heller ikkje langt unna Stornoway, soleis at det er lite truleg at ikkje engelsk språk var kraftig til stadar der òg på byrjinga av 1950-talet. Oftedal skriv ingenting om dei daglege språkbruksvanane åt nokon av informantane sine eller om meir ålmenne språkbruksmønster i landsbyen, anna enn at gælisk i liten mon vert nytta som skriftspråk, men at det likevel dominerte den religiøse livssfæren. Dorian sjølv har i samband med sitt arbeid i Sutherland ikkje har hatt tilgjenge til ein generasjon med gæliske talarar som var monoglottar eller som var i nærleiken av å vera det. Ein konsekvens av dette er at ho ikkje har vore i stand til å undersøkje om og eventuelt korleis *personal-pattern variation* ovrar seg i eit sosioøkonomisk homogent språksamfunn der det aktuelle språket ikkje er døyande eller jamvel er dominerande. Jamvel om Oftedal er knapp og ytleg, skriv han nok til å få Dorian (1994:685) til å ana at stoda i Leurbost mest truleg minner mykje om den ho sjølv har observert i Sutherland. I Stornoway er stoda etter Oftedal den at jamvel om engelsk er på kraftig frammarsj, er det enno mange som talar gælisk og endå fleire som skjønar det. Denne situasjonen minner til forveksling om stoda i Sutherland, der det finst eit fleirtal med engelsktalande og eit mindretal med gælisktalande av ulik alder og ulik dugleik. Dorian ville truleg ha vore i stand til å gruppera dei gælisktalande i Stornoway i OFS, YFS og SS, dei same tre kategoriane som ho sjølv nyttar. Gælisk språk står langt sterkare i Leurbost, men det er med utgangspunkt i *Leurbost* uråd å slå fast kor mykje engelsk faktisk vert tala i lokalsamfunnet. Likevel får eg det inntrykket at medan språkstoda i Stornoway kan seiast å likna den i det austlege Sutherland (men det går ikkje fram om det enno finst born som veks opp med gælisk som morsmål i Stornoway), er språkstoda i Leurbost kan henda meir lik den språkstoda ein fann i Sutherland ein generasjon eller to føre Dorian kom dit. Den mest systematiske gjennomgangen av engelsk påverknad i målet i Leurbost finn ein faktisk i dei diakrone bolkane av monografien. I tillegg til å taka føre seg korleis kva for gamal- og mellomirske og norrøne ljosar som fonema i det moderne målføret reflekterer, tek han òg systematisk føre seg korleis lånord frå engelsk har vorte handsama i målføret. Men samtidig påverknad frå og nærvære av engelsk tale i språksamfunnet er i seg sjølv eit ikkje-emne i *Leurbost*.

Ein ser at Dorians lange nærvære i Sutherland har ført til at forskinga hennar har teke nye vegar som ein ikkje kunne ha venta seg med det utgangspunktet ho fyrst hadde. Frå å skulla laga ei tradisjonell målføreskildring på grunnlag av tilfang frå nokre få informantar frå kvar av dei tre landsbyane, noko ho òg gjorde (Dorian 1965, 1978a), men med fleire informantar enn ho fyrst hadde tenkt seg, gjekk ho so over til å granska den omfattande

språklege variasjonen i ESG (1973), som ho fyrst tilskreiv den pågåande språkdauden. Ho gjekk sidan vidare og inkluderte halvtalarane (SS) i informantgrunnlaget sitt (1978b, 1981), noko som hadde vore svært uvanleg til då mellom målføregranskarar og deskriptive språkgranskarar. Over tid endra ho syn på mykje av den variasjonen ho hadde observert. I 1994-artikkelen skriv ho soleis om *personal-pattern variation* som eit variasjonsfenomen som ho generelt meiner finst i sosialt homogene samfunn utan sterk språknormering og standardiserande krefter. Dette synet bryt med den tradisjonelle, junggrammatiske målføregranskinga der ein har rekna med at det finst lite variasjon mellom dei "beste" og mest tradisjonelle talarane. Like eins bryt det med det som har vore eit dominerande syn innanfor sosiolingvistikken, der ein har rekna med at stort sett all språkleg variasjon innanfor eit avgrensa språksamfunn kan tilskrivast sosiale faktorar (jf. Dorian 1994:688).<sup>46</sup> På denne måten set Dorian (1994) fram ein ny teori for korleis språkleg variasjon kan ovra seg i eit sosioøkonomisk homogent språksamfunn. Ho etterlyser samstundes ny forskning som kan testa ut hypotesane hennar i språksamfunn som ikkje er råka av språkdaude, og er serskilt interessert i korleis born tileignar seg denne forma for variasjon og om dette er eit fenomen som er vanleg i verdsens språk. Dette er uråd å gjera i Sutherland, etter di det ikkje lenger fanst born som voks opp med gælisk som morsmål då ho kom dit. Ho finn relativt få og til dels usikre døme på slik variasjon i den vitskaplege litteraturen (1994:684-685), m.a. i irskgælisk frå Inis Mór i grevskapet Galway. Men når ho les i *Leurbost* (s. 16) at kona åt hovudinformaten hadde ei språkform som veik av frå språket hans på fleire punkt, er det ikkje urimeleg å tolka dette som eit indisium at fenomenet PPV eksisterte i *Leurbost* òg.

Medan Oftedals språklege tilfang etter alt å døma stort sett vart samla inn i strukturerte intervju, har Dorian i tillegg samla inn store mengder tilfang frå uformelle samtalar ho har hatt med informantar som del av vanleg sosial interaksjon med desse. På ein heilt annan måte enn Oftedal har ho gått inn i miljøet ho skildrar og bortimot vorte del av det. Like eins har ho notert ned ord og former frå personar som ikkje i utgangspunktet var påtenkte som informantar, t.d. andre huslydsmedlemer som har kome til å tala med den påtenkte informaten eller henne sjølv. Dorian (1994:633) avviser ikkje dei resultata som kjem til som resultat av strukturerte intervju med informantar som irrelevante, men peikar på at ein ved å berre halda seg til slikt tilfang misser eit høve til å samla inn andre typar tilfang som ville

---

<sup>46</sup> Dorian (1994:688) viser til O'Grady ofl. (1989:332), ei innføringsbok i lingvistik, der fylgjande vert slått fast: "Perhaps the only real sociolinguistic universal introduced so far in this chapter is that there are always differences in speech communities and that these differences correlate with the existence of social groups within the community."

kunna gjeva grunnlag for anna forskning og andre konklusjonar, slik at ein får meir heilskapleg kunnskap om den språkvarianten ein granskar.

Når ein skal svara på spørsmålet om Nancy C. Dorians (2001) kritikk av Magne Oftedal praksis i *Leurbost* byggjer på korrekte premissar eller ei, vert svaret avhengig av korleis ein tolkar spørsmålet. I *Leurbost* er ikkje Oftedal serskilt eksplisitt om kva for vurderingar som har gjort at han har teke dei vala han har gjort. I magistergradsavhandlinga si (Oftedal 1946), derimot, seier han rett ut at han berre skildrar ordstrukturen og det fonemiske systemet hjå éin einskildinformant. Dette høver, som tidlegare nemnt, godt med ideala åt amerikansk strukturalisme, der det å skildra eit språk i prinsippet er det same som å gjera generaliseringar med utgangspunkt i eit avgrensa sett med ytringar. Dersom ein legg desse føresetnadene til grunn, vil det vera naturleg å nytta eit sett ytringar med størst mogeleg indre einskap. Difor er det då naturleg å halda seg til språkleg tilfang frå ein einskild informant. Det er denne praksisen ein ser at Oftedal held fram med i *Leurbost*. Han arbeider soleis innanfor ein etablert forskningstradisjon når han gjer dei vala han gjer i samband med studien av målføret i *Leurbost*. I og med at Oftedal gjer det han gjer innanfor ein kontekst og faghistorisk samanheng, vert det anakronistisk å kritisera honom utan atterhald for valet han har gjort.

Like eins har Dorian heilt rett når ho skriv om korleis hennar eigen framgangsmåte, der ho har hatt sosial omgang med sine eigne informantar over svært lang tid, og soleis kunna basera forskinga si på andre typar tilfang enn Oftedal, m.a. på autentiske samtaler mellom ESG-talarar. Dorian har hatt tid og høve til å granska langt fleire ulike aspekt ved målføret enn Oftedal hadde med si tilnærming. På grunnlag av mange års observasjonar vart ho òg i stand til å setja fram ein ny teori om at språkleg variasjon i små, sosialt homogene språksamfunn ikkje treng å vera eit sosiolingvistisk fenomen, men heller er ein inherent eigenskap ved denne typen språksamfunn. Dette synet er som nemnt avvikande i høve både til det som har vore dominerande innanfor tradisjonell målføregransking og sosiolingvistik.

### **8.3.1 Konklusjon**

Konklusjonen vert som fylgjer:

JA – Magne Oftedals studie av målføret i *Leurbost*, eller rettare sagt studien hans av språket åt hovudinformaten Roderick Martin, har eit snevert fokus som hindrar ei lang rekkje interessante fenomen frå å verta utgranska. Ved å utnytta fleire informantar og samstundes nytta dei annleis har Nancy C. Dorian gjennomført eit langvarig og svært fruktbart forskingsprosjekt med ESG som studieobjekt, som i sin tur har gjeve opphav til ein hypotese

om *personal-pattern variation* som seier noko universelt om korleis språkleg variasjon kan ovra seg når visse språklege og sosioøkonomiske vilkår er til stadar. Dorian har soleis heilt rett i det saklege innhaldet i kritikken sin, og han representerer eit legitimt ynske om kunnskap som Oftedal ville ha hatt høve til å finna fram til dersom han hadde hatt eit anna perspektiv i forskinga si.

Men òg:

NEI – Dorian's kritikk byggjer på ukorrekte premisser i den forstand at han vert anakronistisk. Som strukturalistisk språkgranskar arbeidde Oftedal innanfor ein etablert fagtradisjon og arbeidde innanfor dei rāmene som den sette. Dei tinga som Dorian sterkast kritiserer honom for å ha late vera å gjera, er å skildra inter- og intraindividuell variasjon og henta tilfang utanom strukturerte intervju med informantane. Men språkleg variasjon fell utanom hans forskingsobjekt, og det å henta tilfang utanom strukturerte og kontrollerte intervju ville vera uturvande innanfor den strukturalistiske språkvitskapen. Det kan dessutan innvendast mot Dorian's kritikk at det ho etterlyser, kan sjåast på som språkbruksgransking heller enn språkstrukturgransking. Dersom ein driv med deskriptiv språkvitskap eller grammatisk språktypologi, og som Oftedal i den synkrone delen av *Leurbost* berre driv med språkstrukturgransking i snever forstand, kan ein slå fast at den variasjonen Dorian reknar som utslag av PPV, som i hovudsaka har med ulike parallelle ordformer og annan analogisk basert variasjon å gjera, ikkje kan seiast å vera grunnleggjande strukturell variasjon i språket. Om ein forskar, som i Oftedals tilfelle, hadde henta tilfanget sitt frå ein informant eller ein annan med noko avvikande former innanfor eit slikt variasjonsmønster, ville opplysningar om alternerande former i dei fleste tilfelle ikkje ha nokon avgjerande innverknad på dei konklusjonane ein kom fram til.



## 9 Norsk keltologi i jamføring med *nynorsk språkforskning*

I dette kapitlet skal eg taka føre meg dei større målførestudiane åt dei tre norske keltologane Alf Sommerfelt (1921, 1922, 1925, 1927, 1929), Carl Hjalmar Borgstrøm (1937, 1940, 1941) og Magne Oftedal (1956) i jamføring med *nynorsk språkforskning*, i denne oppgåva representert ved dei tre norske målføremonografiane åt Per Thorson (1929), Reidar Myhre (1952) og Gunnvor Rundhovde (1964), som eg har valt å taka med som ”referansegruppe”.

Kapitlet er delt inn slik at eg i dei fire fyrste underkapitla tek føre meg korleis dei ovannemnde målførestudiane held seg til kvar av dei fire problemstillingane eg sette opp i kapittel 7 på grunnlag av Dorian (2001) og av den kritikken Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) har sett fram mot *nynorsk språkforskning*:

1. Utveljing og bruk av informantar
2. Handsaming og skildring av språkleg variasjon
3. Val og bruk av språkvitskapleg teori og metode
4. Tilhøvet mellom synkroni og diakroni i målføreskildringane

I kvart av underkapitla ser eg fyrst på dei keltiske studiane, og so på dei norske. I hovudbolken 9.5 oppsummerer eg hovudbolkane 9.1-9.4, medan eg i 9.6 svarar på om eg meiner hypotese 2 er stadfest eller ikkje.

Av praktiske grunnar har eg valt å nytta stuttformer for kvar av dei omtala studiane i dette kapitlet i staden for å nytta vanleg tilvisingsmetode med etternamnet åt forfattaren og utgjevingsåret. Nedanfor set eg difor opp ei liste med stuttformene for dei ulike målførestudiane:

Alf Sommerfelt:

*Le breton parlé à Saint-Pol-de-Léon. Phonétique et morphologie* (1921) = *Saint-Pol*

*The dialect of Torr, Co. Donegal. I Phonology* (1922) = *Torr*

*Studies in Cyfeiliog Welsh. A contribution to Welsh dialectology* (1925) = *Cyfeiliog*

”Munster vowels and consonants” (1927) = *Munster*

”South Armagh Irish” (1929) = *South Armagh*

Carl Hjalmar Borgstrøm:

”The dialect of Barra in the Outer Hebrides” (1937) = *Barra*

*The dialects of the Outer Hebrides* (1940) = *Outer Hebrides*

*The dialects of Skye and Ross-shire* (1941) = *Skye and Ross-shire*

Magne Oftedal:

*The Gaelic of Leurbost, Isle of Lewis (1956) = Leurbost*

Per Thorson:

*Målet i Nordaust-Ryfylke. Umrit av ljodlæra (1929) = Nordaust-Ryfylke*

Reidar Myhre:

*Vokalismen i iddemålet (1952) = Iddemålet*

Gunnvor Rundhovde:

*Målet i Hamre. Ljodvokster og stutt utsyn over formverk i eit Nordhordlandsmål (1964) = Hamre*

## **9.1 Problemstilling 1: Utveljing og bruk av informantar**

### **9.1.1 Keltiske målførestudier**

I kapittel 8 ovanfor har eg teke føre meg Oftedals bruk av informantar i *Leurbost*, og ein kan slå fast at han har nytta same slags informantar som det har vore tradisjon for innanfor junggrammatisk målføregransking. Jahr (1996:95) fortel korleis ein i *nynorsk språkforskning* opererte med meir og mindre gode informantar. Oftedal held seg til éin hovudinformant, som må reknast som "god" dersom han skal innordnast i Jahrs omgrepsbruk. Det er lite som minner om sosiolingvistikk, som er det andre som Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) etterlyser jamsides strukturalisme. Men denne forma for informantbruk er i samsvar med strukturalistisk teori, der det er ein føremon å berre ha eitt einskapleg språkssystem å skildra. Ein kan slå fast at Oftedal, den mest reindyrka strukturalisten mellom dei norske keltologane, er tradisjonell i samband med val og bruk av informantar og har valt ein strategi som samstavar godt med den som norske målføregranskarar er vortne kritiserte for å ha valt.

Alf Sommerfelt, som publiserte alle sine større keltiske målførestudier på 1920-talet, utførde alt feltarbeidet sitt med keltiske målføre før den strukturalistiske språkvitskapen var etablert som ei dominerande retning. I høve til måten feltarbeidet er utført på, lyt ein skilja mellom dei tre fyrste studiane, *Saint-Pol*, *Torr* og *Cyfeiliog*, som alle byggjer på tilfang som Sommerfelt har samla inn medan han har oppheldt seg på dei aktuelle stadene der målføra vart tala, og *Munster* og *South Armagh* som byggjer på intervju som er gjorde med einskildinformantar som har vorte henta inn til honom i Dublin og som soleis har vorte gjennomførde utanfor dei aktuelle språksamfunna. I alle tilfella er det likevel slik at sereigne

drag ved dei ulike språksamfunna opnar for ulike slags drøftingar og problematiseringar av informantbruken og dei konsekvensane han kan få for den endelege målføreskilddinga.

Eg byrjar med *Torr* av di det er det feltarbeidet åt Sommerfelt som ligg lengst attende i tid, jamvel om studien vart publisert eitt år etter *Saint-Pol*. Sommerfelt tilbringa til saman kring eitt år i Torr, nordvest i Donegal, fordelt på to lengre periodar i 1915 og 1916 og ei stutt vitjing i 1921 (*Torr*, s. [vii-viii]). Sommerfelt nemner fire ulike informantar som han arbeidde systematisk med. Dei to eldste var 74 og 67 år gamle, medan dei to yngste var 46 og 44 år (skulestyraren i bygda og kona hans, som Sommerfelt budde hjå). Sommerfelt noterer serskilt at den eldste informanten har halde på ein del gamle målføredrag og representerer det eldste tilgjengelege språksteget, medan dei yngre informantane i varierende mon har nyare former. Soleis kan ein slå fast at han ikkje berre har valt hovudinformatar mellom dei aller eldste, jamvel om ingen av dei kan karakteriserast som direkte unge. Like fullt er det slåande at informantane hans ikkje kan karakteriserast prototypiske NORM-informantar. Vidare skriv han at fleire av informantane ikkje var fødde i Torr, men i andre nærliggjande bygder i Donegal. Like eins peikar han på at det har vore svært vanleg for mennene å fara på sesongarbeid i Skottland, noko som gjeld båe dei eldste hovudinformatane. Sommerfelt drøfter ikkje kva for innverknad dette kan ha hatt på talemålet deira, men reknar tydelegvis likevel med at dei er representative for staden. Sommerfelt har òg hatt høve til å kontrollera om språkbruken åt hovudinformatane var representativ for folket i bygda. Heimen åt skulestyraren, som han budde hjå, fungerte som ein sosial samlingsstad for bygdefolket, og han forklårar korleis han her hadde høve til å spørja ut og observera fleire enn hovudinformatane (*Torr*, s. 1-2). Det er likevel interessant å merka seg at dette mogelegvis kan utfordra dei førestellingane ein i dag har om tilværet på bygdene i eldre tid. Det kan sjå ut til at folk i mange tilfelle har vore meir mobile enn ein lett kan koma til å tru i dag. Det verkar ikkje umogeleg at den marginale økonomiske stoda ein stad som Donegal, der dei fleste irsktalande har vore fattigbønder, nettopp fører med seg større mobilitet av di folk har vore tvinga til å fara dit det har vore arbeid å få. Soleis kan ein tenkja seg at der fattigdomen har vore mindre, eller det har vore relativ velstand, har folk vorte meir stadbundne av di det ikkje har vore turvande å fara andre stader for å livberga seg. Ein kan i alle fall slå fast at Sommerfelt ikkje nyttar prototypiske og sterkt stadbundne NORM-informantar.

Det same gjeld i *Saint-Pol*, men der ovrar det seg noko annleis enn i *Torr*. *Saint-Pol-de-Léon* er ein småby ved kysten nordvest i Bretagne i departementet Finistère. Talet på informantar er for det fyrste langt lægre enn i *Torr*. Sommerfelt har nytta tre informantar: ein ugift pensjonert soldat, og ein skulestyrar og kona hans. Soldaten er hovudinformat i den

forstand at der dei ulike informantane har ulike språklege former, vert dei åt soldaten rekna som hovudformer i Sommerfelts skildring. Skulestyraren var oppvaksen like utanfor byen, medan kona hans og soldaten kom frå sjølve byen (*Saint-Pol* s. 7-8). Alle tre var i overkant av 50 år gamle då Sommerfelt utførde feltarbeidet sitt. Ingen av dei tre er typiske NORM-informantar. For det fyrste kan språkforma truleg karakteriserast som urban eller halvurban.<sup>47</sup> Meir påfallande er det likevel at fransk språk spelar ei sentral rolle for alle tre. Soldaten heldt til utanfor heimbyen i 20 år medan han var i heren. Etter at han kom attende til Saint-Pol, har han butt i lag med mor si og nyttar stort sett bretonsk i kvardagen. For skulestyrarparet er stoda annleis. Dei er ikkje lenger habituelle bretonsktalande og nyttar berre språket meir sporadisk i kvardagen. Det er uneittande noko påfallande at Sommerfelt nyttar informantar som er so lite representative. Alle representerer på kvar sin måte den franske staten, og skulestyrarparet representerer ein spjutodd åt det franske språket og den offisielle franske språkpolitikken i lokalsamfunnet. Dei har ei klassetilhøyrse (Sommerfelt seier lite om klassebakgrunnen deira) som er atypisk jamført med det som har vore vanleg praksis i tradisjonell målføregransking.

Sommerfelts studie *Cyfeiliog* er todelt. Hovudbolken av studien er eit oversyn over ljodverket og grammatikken i målet i Darowen-Llan bryn Mair med tilhøyrande ordliste. Som informantar har han nytta ei mor og ei gift dotter åt henne (*Cyfeiliog*, s. 4). Han seier ikkje meir om bakgrunnen og språkvanane deira konkret, men han noterer korleis walisisk er eit språk som hadde langt fleire bruksomene enn dei hine keltiske språka på 1920-talet. Walisisk er eit etablert skriftspråk, og det finst ein sterk tradisjon for bibellesing. Soleis finst det ein potensiell påverknad frå standardisert walisisk, men Sommerfelt slår fast at denne ikkje er stor og at han er enkel å oppdaga når han ovrar seg. Alt i alt slår Sommerfelt fast at walisisk er dominerande og at engelsk til vanleg berre vert nytta i kontakt med folk utanfrå (*Cyfeiliog* s. 4). Ein lyt soleis kunna slutta seg til at informantane etter Sommerfelts vurdering er habituelle walisisktalande, og lite tyder på at dei er lite representative for talarane i det aktuelle bygdelaget. I den andre hovudbolken tek han føre seg dei målføregeografiske tilhøva og pågåande språkendingar i heile Dyfi-bassenget, der Llan bryn Mair ligg. Der nyttar han informantar frå ei rekkje stader, utan at han drøfter dei serskilt. På lista over informantar (*Cyfeiliog*, s. 151) går det fram at dei er mellom 24 og 80 år gamle, med hovudtyngda av dei i

---

<sup>47</sup> Det er uvisst kor stor relevans nett det har i dette tilfellet. Urbane språkvariantar er til vanleg kjenneteikna ved at dei er sterkare påverka av standardspråk enn bygdemålføre. Når det gjeld eit ustandardisert språk som bretonsk, fell denne innvendinga bort. Det som likevel truleg skil ein småby frå bygdene ikring, er nærværet av fransk språk og kultur, som normalt vil vera sterkare der.

50-åra. Dei fleste er truleg av NORM-typen, men det ser ut til at informantar av ulike aldrar er valde medvite for å kunna observera generasjonsskilnader.

Dei to siste studiane åt Sommerfelt, *Munster* og *South Armagh*, skil seg frå dei tidlegare studiane i og med at dei er gjennomførde med informantar som er henta ut or språksamfunnet dei til vanleg høyrer til. I samband med *Munster* har Sommerfelt henta inn to menn i samband med ei førelesingsrekke han heldt i Dublin, éin frå Coolea/Ballyvourney i grevskapet Cork (mellom 60 og 70 år) og éin frå Ballyferriter i grevskapet Kerry (kring 50 år). Han karakteriserer båe som "excellent speakers from a thoroughly Irish milieu" (*Munster*, s. 195). Dei verkar soleis som informantar av det tradisjonelle slaget. Det er likevel interessant å merka seg at Sommerfelt her luftar tankane sine om det å laga ei språkskildring på grunnlag av tilfang henta frå éin einskildinformant utanfor heimemiljøet sitt:

It is not without some hesitation I publish this study. **The method of using only one speaker has its obvious and grave defects. One has thus no means of controlling the individual peculiarities of the speaker.** Moreover the time which I had at my disposal was very short. [mi utheving] (*Munster*, s. 195)

Sommerfelt har her vore i ein situasjon der han ikkje har hatt andre talarar som kan fungera som ei referansegruppe for å sikra seg om at informantane hans er representative for dei bygdelaga dei kjem frå. At han berre har hatt tilgjenge til informantane i stutt tid, gjer at han har hatt mindre høve til å dobbeltsjekka observasjonane sine, og aukar risikoen for at ein gjer mistak i samband med dokumentasjonsprosessen. I *South Armagh* er problemstillinga mykje den same, men likevel annleis. òg i dette tilfellet hadde Sommerfelt henta inn ein informant for å arbeida med honom i Dublin. Alt tilfanget vart samla inn i løpet av éin dag i Dublin, og Sommerfelt vedgår sjølv at det er meir ufullstendig enn han sjølv helst hadde sett (*South Armagh*, s. 107). Medan informantane i *Munster* var habituelle talarar, er problemet i *South Armagh* at informanten, som var fødd i grenselandet mellom grevskapa Armagh og Louth i 1845, hadde butt i byen Dundalk i Louth sidan han var 14 år gamal. Sommerfelt noterer likevel at han var oppvaksen med irsk og tala lite engelsk før han kom dit. Dessutan var irsk språk i ferd med å døy ut i området han kom frå (jf. Hindley 1990:25) og er i dag heilt dautt. Soleis verkar det like mykje som om han er vorten plukka ut med tanke på å vera ein av dei aller siste talarane som for å vera ein mest mogeleg autentisk og tradisjonell talar av målføret sitt.

Alle Carl Hjalmar Borgstrøms tre studiar har skotsk-gæliske målføre som emne. Dei to fyrste, *Barra* og *Outer Hebrides*, tek båe føre seg målføra på Dei ytre Hebridane, og målføret på Barra går att i båe. I *Barra* (s. 71-72) oppgjev Borgstrøm at han har hatt fem informantar som han har arbeidd systematisk med. Mellom desse er det to menn og tre kvinner, og alderen

varierer mellom "about 50" og "about 75", men har òg fått mykje tilfang frå andre ved meir sporadiske høve. I tillegg har han fått hjelp frå ei lærarinne og ein skulestyrar. Ut over dette drøfter han ikkje informantbruken nærare, men alle ser ut til å vera habituelle talarar. Til saman har han hatt kring 25 vekers opphald på øya (*Barra*, s. 71-72). I *Outer Hebrides*, som i røynda er to målføreskildringar innanfor dei same permene, er praksisen den same. Informantane frå Barra vert nemnde på nytt (*Outer Hebrides*, s. 127-128), og informantane frå Bernera vert karakteriserte som "a tailor and farmer" og "an old man", men har òg fått hjelp frå ei lærarinne (*Outer Hebrides*, s. 10-11). Praksisen i *Skye and Ross-shire* fylgjer det same mønsteret. Eg vil draga fram Borgstrøms skildring av ein av informantane i denne studien. Hovdhaugen ofl. (2000:530) skriv sarkastisk om tradisjonelle målføregranskarar at dei var på leit etter "the genuine dialect in the mouth of the oldest, most traditional, longest residing and probably most toothless, informant". I eit avsnitt som òg seier mykje om pågåande språkdaude og språkending i eit perspektiv som ville interessera Dorian, kjem Borgstrøm med fylgjande målande skildring av ein informant frå Kinlochewe i Ross-shire:

It was difficult to find speakers with a good command of the local dialect. Younger persons did not seem to know much Gaelic, and the middle-aged ones often seemed to be influenced by other dialects, there being a large number of settlers from neighbouring districts in Kinlochewe. My oldest informant was Alex. Mac Kenzie, of about 75 years, who received me very kindly although he was confined to bed and alone in the house when I knocked at his door. Under the circumstances I could not obtain very much material from him, but I regard him as fairly reliable for the old dialect of Kinlochewe. Forms obtained from younger speakers were often different. (*Skye and Ross-shire*, s. 125-126)

I dette ljoset framstår Borgstrøms haldning til informantbruk fullt ut i samsvar med den tradisjonelle tilnærminga Jahr og Hovdhaugen kritiserer *nynorsk språkforskning* for å ha hatt.

### 9.1.2 Norske målførestudier

Ovanfor har eg sett på korleis informantbruken har vore mellom dei norske keltologane i målføreskildringane deira. I *Nordaut-Ryfylke* er det uråd å slå fast kva slags og kor mange informantar Per Thorson har nytta. Studien inneheld inga utgreiing om informantbruken i det heile. Likevel kan ein med rimeleg visse slå fast at dei nok har vore av det heller tradisjonelle slaget, ettersom han alltid tek utgangspunkt i dei mest tradisjonelle formene der han skildrar skilnader mellom generasjonane, jf. bolk 9.2.2 nedanfor.

I Reidar Myhres *Iddemålet*, derimot, gjer forfattaren eksplisitt greie for at han har hatt problem med å finna personar han vurderte som høvelege informantar som tala det gamle målet i Enningdalen sør i Idd. Med unnatak av det mannlege elementet ser informantane hans ut til å samstava godt med NORM-typen: "Gode hjemmelsmenn fant jeg fortrinnsvis på ensomtliggende gårder. Mine hovedmeddelere er frøknene Agnes, Theodora og Anna

Kitterød, som jeg skylder stor takk for velvilje og tålmodighet.” (*Iddemålet*, s. iv) Eg reknar soleis med at den absolutte hovudmengda av former som det vert referert til i studien, kjem frå desse. I tillegg til å ha samla inn tilfang i Enningdalen har Myhre sjølv samla inn språkleg tilfang frå mange bygder i den søraustlege luten av Østfold med det føremålet å slå fast grensa åt det sokalla e-målsområdet i Østfold, der jamvektsregelen ikkje har hatt nokon verknad (*Iddemålet*, s. 87-90). Her er informantane ikkje gjorde greie for, men kommentarane hans tyder på at metoden hans fremst har vore å oppsøkje gardar personleg for å finna informantar. Det er liten grunn til å tru at han ikkje har hatt intensjon om å finna same type informantar i den samanhengen.

Gunnvor Rundhovdes *Hamre* skil seg delvis ut frå dei to føregåande norske målførestudiane. I denne studien skriv ho om sitt eige heimemålføre. Rundhovde har, ulikt Thorson og Myhre, eit gjennomgåande perspektiv der ho attåt den eldste og mest tradisjonelle språkforma ser på språket mellom dei ho kallar *dei unge* eller *dei yngste* og ein mellomgenerasjon (*Hamre*, s. 36). Ho er svært sparsam med opplysningar om kven ho har nytta som informantar, og ho definerer heller aldri dei ulike gruppene eller seier noko som kor gamle dei er og om lag når dei er fødde. I føreordet nemner ho nokre informantar, m.a. far sin, som ho har nytta mykje. Elles har ho spurt ut mange andre, og ho skriv dessutan at ho sjølv har arbeidt ei tid som lærar i Hamre. Mykje kan soleis tyda på at ho i alle fall til dels byggjer på eigne røynslar like mykje som på systematisk utspørjing når ho skildrar generasjonsskilnadene inner i bygda (*Hamre*, s. 5-6). I alle fall skil arbeidet hennar seg ut både frå dei to hine norske studiane og alle dei keltiske ved at ho på ein delvis systematisk måte skildrar generasjonsskilnader i bygda og soleis må ha nytta informantar som vik av frå den tradisjonelle prototypen.

## **9.2 Problemstilling 2: Handsaming av språkleg variasjon**

### **9.2.1 Keltiske målførestudier**

Nett som med problemstilling 1 om informantbruk, meiner eg at eg har sagt det som det er naudsynt å seia om Oftedals handsaming og skildring av språkleg variasjon i *Leurbost* i kapittel 8 ovanfor. Han vel medvite å gjera det språklege tilfanget som ligg til grunn for målføreskildringa so einskapleg som råd ved berre å nytta éin einaste hovudinformatant, nett som han gjorde i magistergradsavhandlinga si (Oftedal 1946). Han noterer at han har observert både interindividuell variasjon (mellom hovudinformatanten og kona hans) og geografisk variasjon inner i Leurbost, men kjem ikkje nærare inn på korleis nokon av dei faktisk ovrar seg.

I gjennomgangen ovanfor av informantbruken kom eg naturleg nok noko inn på eventuell skildring av språkleg variasjon i målførestudiane åt dei norske keltologane. For Sommerfelts del er det difor interessant å merka seg at han i *Torr*, den fyrste feltstudien han utførde, medvite nytta informantar som systematisk synte att generasjonsskilnader i språkbruken sin. Jamvel om denne variasjonen ikkje kan seiast å vera noko hovudemne i studien hans, syner han likevel korleis dei to ulike ljodovergangane  $\mathcal{A}$ :<sup>48</sup> > y: og a: > æ: ovrar seg. Om den fyrste av desse overgangane noterer han at mellom den eldste generasjonen, dei som i 1915/16 var eldre enn 60 år, var  $\mathcal{A}$ : heilt dominerande. I mellomgenerasjonen (30-60 år) fanst  $\mathcal{A}$ : enno, men y: var vorten vanlegare, medan "[t]he children ignored  $\mathcal{A}$ :" (*Torr*, s. 195). Dette kan soleis vera eit mogeleg tilfelle av leksikalsk diffusjon (jf. Chambers og Trudgill 1998:159-165).<sup>49</sup> Sommerfelt peikar serskilt på at denne endringa ikkje er komi til som resultat av påverknad frå ei standardisert språkform. Om den andre endringa, a: > æ:, kjem han med ein i *Torr* sjeldan målføregeografisk merknad og kommenterer at denne endringa spreier seg frå målføra lenger nord i Donegal og mest truleg er resultat av påverknad frå desse målføra. Når det målføregeografiske aspektet likevel er heilt marginalt i studien, er det av di han meinte kunnskapen om dei irske målføra var for liten til at eit slikt perspektiv kunne verta inkludert (*Torr*, s. [vii]). Sommerfelt har ein eigen bolk som tek føre seg "Phonetic fluctuations" (*Torr*, s. 174-181), der har han samla både synkron variasjon og synkrone former som er uventa i høve til det ein normalt skulle ha venta reint språkhistorisk. Den synkrone variasjonen tilskriv han faktorar som flytting, målførekontakt og reint fonetiske tilhøve. Han noterer òg at han har observert intraindividuell variasjon. Likevel seier han at variasjonen er relativt liten, og mindre enn i t.d. bretonsk (*Torr*, s. 174). Det ålmenne inntrykket ein får når ein les *Torr*, er soleis ikkje at Sommerfelt freistar å skapa eit inntrykk av målføret på staden som nokon fullt ut einskapleg materie.

I samband med studien om det bretonske målføret i *Saint-Pol* har Sommerfelt nytta tre ulike hovudinformatar, som alle har sine språklege serdrag. Dei formene som er sette opp i studien utan merknad om opphav, er sams for alle tre. Der det finst avvik, er forma hjå den

---

<sup>48</sup> Sommerfelt definerer ljoden  $\mathcal{A}$ : slik: " $\mathcal{A}$  is a high-back-narrow vowel, the unrounded form of the ordinary *u* [...]. [...]  $\mathcal{A}$ : is the long vowel corresponding to  $\mathcal{A}$ :" (*Torr*, s. 22) Ljoden samsvarar soleis best med [u:] i IPA.

<sup>49</sup> Teorien om leksikalsk diffusjon går i hovuddrag ut på at éi og same ljodendring ikkje får gjennomslag til same tid i alle potensielle ord i språket, slik ein vil hevda i tradisjonell junnggrammatikk. I staden fylgjer distribusjonen av ord der endringa er gjennomført ein tilnærma S-kurve, der nokre få ord vert råka fyrst, so hovudmengda av potensielle ord, medan endringa i siste omgang vil råka anten alle eller dei fleste av dei siste potensielle orda. Soleis treng ikkje ei ljodendring å verta gjennomført i alle potensielle ord, soleis at det kan finnast nokre reliktfomer i språket etterpå. Denne teorien kan sjåast på som ei modifisering av den junnggrammatiske hypotesen om dei unnatakslause ljodlovene. (Chambers og Trudgill 1998:159-165)



pensjonerte soldaten, kalla Ar Brîz, sett opp som hovudform, medan avvikande former vert sette i parentes med opplysning om kven av dei hine informantane dei stammar frå. Denne synkrone monografien har korkje noko overordna variasjons- eller målføregeografisk perspektiv. Likevel kjem Sommerfelt med eit par interessante observasjonar både av geografisk variasjon og ei pågåande språkending. Sommerfelt (*Saint-Pol*, s. 57) noterer at det finst tre ulike slags *r*-ljodar i bruk i målføret. Ar Brîz nyttar ein veikt rulla dorsal vibrant [R],<sup>50</sup> medan skulestyrarparet bâu har ein veikt rulla tungespiss-[r] som er vanleg i byen, medan [r] i bygdene ikring til vanleg er sterkt rulla. Her får ein skildra ein situasjon der soldaten moglegvis representerer påverknad frå standardisert fransk, medan [r]-varianten på bygdene representerer den tradisjonelle uttala, og varianten hjå skulestyrarparet representerer eit mellomstadium. Sommerfelt (*Saint-Pol*, s. 65) har like eins merka seg eit samanfall der [ʎ]<sup>51</sup> i innljod fell saman med [j], og ein får den same endringa som ljodovergang i utljod. Denne tendensen er sterk, og sterkast mellom dei yngste. I avsnittet om ljoden [ʎ] (*Saint-Pol*, s. 64-66) har Sommerfelt nemnt dei få døma der han har funne ljoden i innljod og utljod hjå Ar Brîz. Ting kan soleis tyda på at ein har eit mønster som kan samsvara med leksikalsk diffusjon. Eit slåande døme på at dette bretonske målføret er utsett for kraftig påverknad frå og omfattande kontakt med fransk, ser ein i det at målføret, jamvel om fenomenet i seg sjølv slett ikkje er nytt, låner inn franske ord i stadig større omfang:

**Le vocabulaire d'origine bretonne est en train de disparaître à Saint-Pol comme ailleurs en Bretagne, surtout dans les villes.** [...] [Le breton] emprunte en plus, depuis le moyen âge, des mots français. A présent [ils] entrent en masse dans le breton de la ville Saint-Pol et s'adaptent à la langue. Ces emprunts sont probablement moins nombreux dans les campagnes environnantes. **Ils se conforment aux règles de la grammaire bretonne, les noms prennent les désinences du pluriel breton, le verbe suit la conjugaison du breton et tous ces mots subissent les mutations.** [mine uthevingar] (*Saint-Pol*, s. 177)

På denne måten skildrar Sommerfelt ein situasjon der fransk får ein stadig større plass i det bretonske språksamfunnet. Likevel står det grammatiske systemet sterkt. Sommerfelt har trass i dette observert pågåande forenklingar i verbbøyginga, men denne ser han ikkje som noko utslag av påverknad frå fransk, men heller som utslag av ålmenne språkendringsmekanismar (*Saint-Pol*, s. 183). Sommerfelt spekulerer vidare om det er mogleg for det bretonske språket å overleva eller ei, og han peikar på at det ikkje kan henda utan at bretonarane sjølve aktivt går inn for det (*Saint-Pol*, s. 184-185). Jamvel om bretonsk på denne tida stod svært sterkt i

<sup>50</sup> Når eg gjev att døme på ljodar frå målføret i *Saint-Pol*, nyttar eg ljodskrifta som finst i den reviderte utgåva frå 1978 ved François Falc'hun og Magne Oftedal (Sommerfelt 1978).

<sup>51</sup> Ljoden [ʎ] i Sommerfelt (1978) må ikkje blandast saman med ʎ i *Torr*. I samsvar med vanleg bruk av IPA representerer [ʎ] ein palatal, lateral approksimant.

reine tal (over éin million talarar), såg Sommerfelt klårt at språket var veikt og utsett, noko utviklinga i ettertid har stadfest.

Som nemnt ovanfor var informantane Sommerfelt nytta i sin *Cyfeiliog*-studie, mykje av det tradisjonelle slaget. Det som var meir spesielt, var at han nytta informantar frå fleire ulike stader i Dyfi-bassenget, ikkje berre for å skildra det ein kan kalla statisk geografisk variasjon, men for å røkja etter korleis ljodendringar spreidde seg. Dyfi-bassenget ligg i grenselandet mellom dei nord- og sørwalisiske målføreområda, og målføra er soleis prega av at ulike språkendringar spreier seg både nordfrå og sørfrå samstundes. Det var denne situasjonen Sommerfelt ynskte å kasta ljus over i del 2 av studien sin, "The phonetic characteristics of the Dyfi Basin" (*Cyfeiliog*, s. 131-146). Eg vel å sjå nærare på dei to variablane  $\chi w$  :  $\psi$  av etymologisk *chw*- (*Cyfeiliog*, s. 131, 140-142) og palatalisering av *k* og *g* ( $k, g > k', g'$ ) framfor *a* (og *æ*)<sup>52</sup> (*Cyfeiliog*, s. 136-138) og fremre vokalar (*Cyfeiliog*, s. 139-140). For den fyrste av desse er stoda at eldre walisisk *chw*- i framljod har gjeve opphav til ustemd  $\psi$  i Sør-Wales og har vorte verande uendra som  $\chi w$  i Nord-Wales. Sommerfelt har notert seg at mellom dei to hovudinformatane i Llan bryn Mair, mora og dottera, er det ein tendens til at dottera har  $\chi w$  i mange tilfelle der mora har  $\psi$ . I tillegg har han observert uetymologisk  $\chi w$ , som i tilfellet *χwi-aden* 'and' hjå dottera, der mora har det etymologiske *ψi-aden*. Sommerfelt har òg observert veksling hjå dottera og reknar med at ho er påverka av standardisert walisisk (*Cyfeiliog*, s. 131, 140). Hovudregelen i Llan bryn Mair er  $\psi$ , men med nokre tilfelle av  $\chi w$ . Andre stader i Dyfi-bassenget er  $\chi w$  meir dominerande. Det overordna mønsteret ser ut til å vera at den austlege delen av Dyfi-bassenget har det sørwalisiske  $\psi$ , medan sentrale og vestlege delar er i ein overgangstilstand frå  $\chi w$  til  $\psi$ . I alle fall observerer ein ei spreing av eit typisk sørwalisisk målføredrag. Når det gjeld palataliseringa av *k* og *g*, er dette eit drag som spreier seg frå nord. Sommerfelt understrekar at det er heilt uråd å definera klare grenser for denne overgangen, og det finst både inter- og intraindividuell variasjon på dei ulike stadene. Tendensen er likevel at dei palatale variantane dominerer nordvest i Dyfi-bassenget, medan desse formene er mindre frekvente lenger sør og aust (*Cyfeiliog*, s. 136-142, 150). Det lyt òg nemnast at denne tendensen er langt sterkare for *k* enn for *g*, noko Sommerfelt ser på som "a curious lack of parallelism" (*Cyfeiliog*, s. 138). Her har Sommerfelt synt korleis to ulike språkdrag, som båe ikkje er i samsvar med standardisert walisisk, spreier seg frå kvar si retning inn i Dyfi-bassenget. I denne studien gjev ikkje Sommerfelt uttrykk for

---

<sup>52</sup> Parallellt med overgangen  $k, g > k', g'$  gjekk det føre seg ein overgang  $a: > \text{æ}$ : (*Cyfeiliog*, s. 135-136).

eit syn på målføre som noko statisk eller på språkendingar som noko som går føre seg over lang tid og i alle aktuelle ord samstundes i tradisjonell junggrammatisk forstand. Ljodendringsmønsteret Sommerfelt skildrar, minner heller om leksikalsk diffusjon slik det vert skildra av Chambers og Trudgill (1998:159-165). Det kjenneteiknar soleis målføra i eit overgangsområde som Dyfi-bassenget at området vert "washed over by waves coming in all directions from both the north and the south." (*Cyfeiliog*, s. 150)

Sommerfelts to andre irske studiar, *Munster* og *South Armagh*, kjem naturleg nok i ei serstode i høve til skildring av språkleg variasjon. I *Munster* og *South Armagh* finst det sporadiske døme på doble former frå kvar av dei til saman tre informantane, og ein kan seia at ein soleis får demonstrert at ingen av dei representerer ei fullt ut einskapleg språkform. *Munster* vert avslutta med ein bolk "On the Systems" (*Munster*, s. 230-238), der det går fram at Sommerfelt har hatt eit klårt målføregeografisk perspektiv når han har valt kva for målføre han skulle sjå på. Han hadde sjølv, til liks med Quiggin (1906), granska Ulster-irsk (*Torr*), medan Finck (1899) hadde sett på Connacht-irsk. I *Torr* (s. [vii]) gjev han, som tidlegare nemnt, uttrykk for at han meiner at det er forska for lite på dei irske målføra til at han kunne inkludera eit målføregeografisk perspektiv i studien, men i *Munster* jamfører han med både Ulster og Connacht. I *South Armagh* jamfører han serleg med målet han granska i *Torr* og slår fast at dette målføret har klåre likskapar med målføra i Donegal (*South Armagh*, s. 169).

I Borgstrøms fyrste skotskgæliske målførestudie, *Barra*, noterer han seg fyrst at gælisk enno dominerer i alle generasjonane og at det ikkje er vanleg at born kan tala engelsk før dei byrjar på skulen. Borgstrøm rapporterer vidare at han knapt nok er i stand til å finna skilnader mellom generasjonane i ljod- og formverket, men at det er eit signifikant skilje mellom dei eldste og dei yngre generasjonane i høve til kor mykje engelske lånord dei nyttar (*Barra*, s. 71). I denne målføreskildringa, som tek føre seg tilfang frå ei relativt lita øy og soleis eit skarpt avgrensa område, er doble former so godt som fråverande i skildringa i motsetnad til det me finn hjå Sommerfelt i hans irske målførestudier. Det målføregeografiske perspektivet er like eins bortimot fråverande i denne studien.

I *Outer Hebrides*, som inneheld dei to åtskilde målføreskildringane "The dialect of Bernera, Lewis" (*Outer Hebrides*, s. 11-118) og "The dialects from Harris to Barra" (*Outer Hebrides*, s. 127-198), står det målføregeografiske perspektivet langt meir sentralt enn i *Barra*. I skildringa av målføret i Bernera har skildringa av variasjon i målføret ein langt mindre sentral plass enn hjå Sommerfelt. og berre heilt sporadisk gjev Borgstrøm opp fleire former samstundes. Likevel seier han klårt at det finst ikkje liten variasjon innerter i landsbyane: "[T]he phonemes chosen to make up words, often varies [sic!] considerably even

between neighbouring [sic!] villages, or in the same village.” (*Outer Hebrides*, s. 9) Til liks med Oftedal i *Leurbost* seier han ikkje stort meir om kva desse skilnadene går ut på. Den andre av desse to målføreskildringane i *Outer Hebrides* er annleis i og med at Borgstrøm her skildrar målføra på fleire stader samstundes (Harris, North Uist, Benbecula, South Uist og Barra). Der ordformene ikkje er like alle stadene, gjev han opp ei heimfest form i parentes attåt hovudforma. I *Skye and Ross-shire*, som er delt inn i dei to målføreskildringane ”The dialects of Skye” (*Skye and Ross-shire*, s. 7-64) og ”Dialects of Ross-shire” (*Skye and Ross-shire*, s. 65-151), finn ein at i skildringa av målføra på Skye vert det i mange tilfelle gjeve opp heimfeste former som vik av frå hovudnorma i parentes. I gjennomgangen av målføra i Ross-shire har Borgstrøm valt å skildra målføra i Red Point og Aultbea meir inngåande for seg, medan han etterpå kjem med ”notes” til målføra på fleire andre stader (*Skye and Ross-shire*, s. 122-134).

Jamvel om Borgstrøm ikkje kjem med konkrete skildringar av variasjon på grunn av pågåande språkending, noterer han seg likevel at slikt hender og ville vera eit interessant studieobjekt. I *Outer Hebrides* har han ein stutt bolk ”Notes on some dialects of Ness, Lewis” (*Outer Hebrides*, s. 118-126), der han tek føre seg målføra i dei to landsbyane Swanibost og Eoropie på nordenden av Lewis. Desse skil seg frå grannemålføra på mange punkt, og Borgstrøm meiner dette kjem av at landsbyane vart folkesette frå lenger sør på Lewis mindre enn hundre år tidlegare. Borgstrøm observerer at målføra i desse landsbyane med sine språklege serdrag er i ferd med å verta assimilerte med grannemålføra:

The dialect is now being assimilated to the neighbouring dialects; it would undoubtedly be interesting to have observations concerning the difference between older and younger inhabitants of Swanibost in order to understand how this process of assimilation takes place. (*Outer Hebrides*, s. 118)

Medan det målføregeografiske perspektivet var fråverande i *Barra*, er det til stadar i både *Outer Hebrides* (s. 227-244) og *Skye and Ross-shire* (s. 56-61, 141-147), som båe inneheld eigne kapittel som tek føre seg isoglossar og kva for tilhøve dei ulike målføra står i til kvarandre. Isoglossane vert gjorde greie for, og Borgstrøm set opp tabellar med formene frå dei ulike stadene for å illustrera og underbyggja dette. Desse byggjer heile vegen på tilfang han har samla inn sjølv.

### 9.2.2 Norske målførestudier

Emnet for Thorsons studie *Nordaut-Ryfylke* er målføra i dei fire dåverande herada Vikedal, Sand, Suldal og Jelsa nordaut i Ryfylke,<sup>53</sup> som vert sedde under eitt. Dimed ligg det i sjølve fundamentet for heile studien at studieobjektet ikkje er éi einskapleg språkform. Jamvel om målføra i desse fire bygdene i hovudsaka er svært like kvarandre, er studien soleis per definisjon ein studie i språkvariasjon. I sjølve gjennomgangen av ljodlæra har Thorsen teke med former som er sams for alle bygdene, men der det er avvik vert dei avvikande formene serskilt heimfeste. Elles inneheld ljodlæra mange referansar til andre målføre både i Ryfylke og i Rogaland og Hordaland elles, men utan at desse dominerer i framstillinga. Thorson skildrar ikkje generasjonsskilnader inner i bygdene systematisk, men kjem til tider med merknader om nyare former. Eit døme på det fyrste er konsonantane *k̥* og *r̥* som individuelt er å finna der målføra tradisjonelt har *k* og *r* (*Nordaut-Ryfylke*, s. 16). Dette tilskriv Thorson påverknad frå Stavanger bymål. Like eins er han er medviten om at det finst variasjon som er både sosiolingvistisk og geografisk vilkårsbunden, og syner samstundes at han er medviten om språkkontakt med dansk og norsk-dansk bokmål og Stavanger bymål har vore til stadar, jamvel om han meiner at denne etter måten har vore mindre enn ein skulle venta:

Påverknaden frå dansk og norsk-dansk bok- og talemål er mindre enn ein skulde venta i Ryfylke. Dette hindrar ikkje at folk her som andre stader kann leggja seg etter å tala «fint» for framande (byfolk og embetsmänner). Til det bruk hev det t. d. på Jelsa jamvel kome upp ein serleg jargon – truleg ikkje eldre enn ca. 1850 –, der sernorske målmerke etter evna er burtmåde. Det heiter i den øia, hemma, gjøra, se, spisa, eg fare, eg komme for aua, hima, gjera, sjå, eta (-d-), eg fere, eg kjeme osfr. Formene samstavast med eit visst lag av St[avanger] B[y]m[ål] og er vel ingenting anna enn lånegods derifrå. Med den veksande nasjonalrørsla hev dette «høgtids»-målet tapt sin meste metnad, men er enno høyrande. (*Nordaut-Ryfylke*, s. 13)

Myhres *Iddemålet* tek som nemnt berre føre seg målføret i Enningdalen sør i Idd,<sup>54</sup> og informantane er tre ugifte kvinner som mest truleg er systre. I Myhres framstilling av målføret framstår det som ein einskapleg materie. Når ein les føreordet åt Myhre, går det klart fram at dette ikkje speglar att den språklege røyndomen i Idd kring 1940, då Myhre utførde feltarbeidet sitt. For det fyrste finst det systematiske skilnader som deler Idd i ein nordleg og ein sørleg del (*Iddemålet*, s. iii). Og med tanke på at Idd ikkje ligg langt unna Halden by m.a. med større samferdsle og innflytting, er det heller ikkje uventa at det alt den gongen hadde fått store språklege konsekvensar. Dei var so store at Myhre sjølv gjev uttrykk for at det hadde vorte svært vanskeleg å finna det han såg på som autentisk iddemål:

<sup>53</sup> 1. januar 1965 vart herada Sand og Suldal i sin heilskap lagde inn under den noverande Suldal kommune. Jelsa vart delt mellom Suldal, Hjelmeland og Finnøy. Mest heile Vikedal vart lagt under Vindafjord, medan to gardar vart lagde til Tysvær. (Juvkam 1999:44-45)

<sup>54</sup> Idd herad vart slått saman med Halden og Berg 1. januar 1967 til den noverande Halden kommune (Juvkam 1999:11).

Oppgaven ble så meget vanskeligere enn jeg hadde tenkt, kanskje fordi iddemålet er typen på en dialekt i full oppløsning. Det har vært vanskelig å finne folk som talte den genuine iddedialekt. Nesten overalt hvor jeg kom til gårdene, var det det samme omkvedet: „De skulle vært her for tredve, førti år siden, da levde far, mor, bestefar og bestemor“. For dem falt det gamle målet naturlig. De kjente ikke, forsto ikke og ville ikke forstå alle disse „nymotens“ ord og påfunn som trengte inn fra byen. (*Iddemålet*, s. iii)

Med dette stadfester Myhre sjølv at han medvite har late vera å skildra den synkrone variasjonen og endringane i språkbruken som gjekk og mest truleg hadde gått føre seg lenge i Idd. Myhres målføregeografiske perspektiv gjennomsyrrar heile studien. Heile vegen når han gjer greie for korleis dei einskilde norrøne ljudane har utvikla seg i det moderne målføret, har han teke med ei lang rekkje tilvisingar til og jamføringar med andre målføre i Østfold og på Austlandet, svenske målføre langs norskegrensa og jamvel norske målføre i andre landsluter. Desse tilvisingane er so tett vovne saman med tilfanget frå Idd i teksta at det alt i alt gjev eit forvirrande og kaotisk inntrykk.

I bolk 9.1.2 gjorde eg greie for korleis Rundhovde har nytta informantar som representerer ulike generasjonar i *Hamre*. Ho gjer greie for korleis dei yngre generasjonane har fått eit enklare vokalsystem enn dei eldste og mest tradisjonelle talarane og syner korleis både utgangspunktet mellom dei eldste og resultatet mellom dei yngste samstundes varierer mellom nørde og søre luten av Hamre (*Hamre*, s. 35-36).<sup>55</sup> Likevel er det ikkje dette perspektivet som dominerer i skildringa av ljuodovergangane frå norrønt til det moderne målføret. Det finst sporadiske tilfelle der Rundhovde gjer greie for synkron variasjon, men skildringa av generasjonsskilnadene ber preg av å vera eit tillegg til skildringa av det eldste målet.

### **9.3 Problemstilling 3: Språkvitskapleg teori og metode**

Eit heilt sentralt element ved kritikken av *nynorsk språkforskning* hjå Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) er at denne tradisjonen i hovudsaka representerte den etter deira syn forelda junggrammatiske fagtradisjonen og at utøvarane hadde late vera å taka i bruk nyvinningar som strukturalisme og sosiolingvistikk etter kvart som desse kom til å verta stadig meir etablerte innanfor språkvitskapen både internasjonalt og i Noreg. Av di sosiolingvistikken ikkje vart etablert som eigen fagdisiplin før på 1960-talet, etter at Oftedal hadde publisert sin *Leurbost*-studie, er det tilhøvet mellom junggrammatikk og strukturalisme som vert mest relevant i denne bolken. Dessutan har eg kome inn på skildring av språkleg variasjon i hovudbolc 9.2 og der synt at Sommerfelt har eit språkendringsaspekt som ikkje er direkte sosiolingvistisk, men som heller ikkje avviser ei slik vinkling. Borgstrøm nemner slikt

---

<sup>55</sup> 1. januar 1964 vart tidlegare Hamre herad oppdelt, og delane vart lagde til dei noverande herada Osterøy, Lindås og Meland (Juvkam 1999:50).

i mykje mindre mon, men målber prinsipiell interesse for å skildra språkending og nytta informantar frå ulike generasjonar. I *Leurbost* er dette aspektet heilt fråverande.

Sommerfelts tre studiar *Saint-Pol*, *Cyfeiliog* og *Munster* skil seg frå alle dei hine keltiske målførestudiane i det at dei er bortimot gjennomført synkrone. Synkroni er, som eg synte i kapittel 4, eit sentralt element ved strukturalistisk språkvitskap, og det er difor ikkje unaturleg når Anna Bosch (1990:200) ser på Sommerfelts framgangsmåte i *Saint-Pol* som eit utslag av tidleg strukturalistisk tankegang. Nett dette kjem eg nærare inn på i bolk 9.4.1, der eg serskilt tek føre meg tilhøvet mellom synkroni og diakroni i dei keltiske målførestudiane

### 9.3.1 Keltiske målførestudier

Alf Sommerfelt er i ettertid vorten rekna for å vera ein av dei som var med på å introdusera strukturalistisk språkvitskap i Noreg (Hovdhaugen ofl. 2000:330-331). Som nemnt meiner Anna Bosch (1990) at han har vore påverka av tidleg strukturalistisk tankegods då han lét *Saint-Pol* vera ei bortimot reint synkron målføreskildring, noko som òg gjeld *Cyfeiliog* og *Munster*. Det er samstundes interessant å merka seg at Sommerfelt i *Saint-Pol* nyttar nemninga *phonème* og at han i *Torr* nyttar nemninga *phonology* i tittelen på bandet. Men dersom ein ser nærare på alle dei fem målførestudiane Sommerfelt publiserte på 1920-talet, vil ein sjå at ljodskrifta er fonetisk og at ingen av dei inneheld ei fonemisk skildring av ljodverket i samsvar med strukturalistisk teori. I *Saint-Pol* vert nemninga *phonème* ganske enkelt nytta i tydinga 'einskildljod', og i både *Torr* og *Cyfeiliog* vert *phonology* nytta i tydinga 'ljodlære'. Jamvel om Sommerfelts reint synkrone tilnærming i dei tre studiane det gjeld, bryt grunnleggjande med dei junggrammatiske grunnprinsippa, der ein skildrar diakrone ljodendingar, er det likevel ikkje rett å seia at dei er strukturalistiske av den grunn. Likevel ser ein i *Munster* at Sommerfelt hevdar eit tradisjonelt syn på føremålet med målføregransking som stemmer svært godt med klassisk junggrammatikk: "And it must always be borne in mind that the main point in dialect studies is the description of sounds." (*Munster*, s. 196) *Torr* var meint som fyrste bandet i eit verk som aldri vart fullført, og Sommerfelt heldt fram med å publisera ei rekkje mindre artiklar om dette målføret heile resten av si levetid. I 1965 kom han med artikkelen "The phonemic structure of the dialect of Torr, Co. Donegal". I denne opnar han med å slå fast at "the description of the dialect of Torr [*Torr*] was made long before the rise of structural linguistics." (Sommerfelt 1965:237) Skilnaden vert tydeleg når ein i *Torr* kan sjå at han reknar med til saman 29 vokalar (lange og stutte), 6 diftongar og heile 55 ulike konsonantar (medrekna alle velare og palatale, stemde og ustemde variantar), medan han i 1965 reknar med 15 vokalfonem i trykkunge stavingar, i

trykkveike stavingar reknar han med 5 vokalfonem, og til saman reknar han med 38 konsonantfonem.

Jamvel om eg ikkje meiner det finst grunnlag for å rekna nokon av 1920-talsstudiane åt Sommerfelt som strukturalistiske, finn eg eitt punkt der ein kan sjå ei interessant utvikling når ein ser på dei tre irske målførestudiane og 1965-artikkelen. I gæliske målføre er hovudregelen er at alle konsonantar finst både i ein velar (*broad*) og palatal (*slender*) variant (i skotskgælisk gjeld dette ikkje labiale konsonantar). Denne skilnaden er distinktiv og vert m.a. utnytta i bøygningsmorfologien. For dei fleste konsonantane er vanleg transkripsjonspraksis å notera dei velare variantane utan bruk av diakritisk teikn, som i t.d. *b*, *t*, *ŋ*, *s*, *v* og *χ*. I *Torr* vert dei to fyrste tilsvarande palatale ljodane noterte *b'* og *t'*, medan dei tilsvarande palatale variantane av fire siste vert noterte *ʝ*, *ʃ*, *w* og *ç*. I *Munster* og *South Armagh* har han gått over til å nytta *ŋ'* og *v'* i staden for *ʝ* og *w*. I den gjennomført strukturalistiske artikkelen frå 1965 nyttar han derimot gjennomført notasjonane *ŋ'*, *s'*, *v'* og *x'* for dei palatale motsvara åt dei velare konsonantane ovanfor. Jamvel om desse endringane i notasjonsmåte ikkje gjer skildringane av ljodverka i *Munster* og *South Armagh* meir strukturalistiske i seg sjølve, er det likevel interessant å sjå korleis Sommerfelt med tida gjer val som tydelegare syner det strukturelle sambandet i desse konsonantpara. Konsonantar som høyrer saman i den forstand at det finst systematiske vekslingar mellom dei i målføret, vert i større mon sjåande ut slik på papiret òg.

Carl Hjalmar Borgstrøms tre skotskgæliske målførestudier fylgjer i all hovudsak det same opplegget, slik at eg tykkjer det er greitt å taka dei føre seg under eitt. Alle er oppbygde slik at det finst ein hovudbolk der Borgstrøm tek føre seg ljodane i det moderne målføret i jamføring med gamal- og mellomirsk, og det finst bolkar som tek føre seg morfofonologi og morfologi. I *Barra* vert bolken om ljodane kalla "Phonetic description in comparison with the sounds of Old Irish" (*Barra*, s. 73-120), medan han i både *Outer Hebrides* (s. 25-77, 132-173) og *Skye and Ross-shire* (s. 14-45, 67-102) kallar han desse bolkanne "Phonetic and historical description". Innhaldet i desse bolkanne er organisert slik at Borgstrøm skildrar kva for gamal- og mellomirske og norrøne ljodar som ljodane i dei moderne målføra speglar att. Dei moderne målføra er i alle tilfella transkriberte med ei fonetisk ljodskrift. Etersom strukturalistisk språkvitskap hadde etablert seg då desse studiane kom ut i perioden 1938-1941, og Borgstrøm sjølv hadde ei sterk interesse for dette, finn han det naudsynt å kommentera ljodskrifta i *Outer Hebrides*: "The transcription is admittedly *phonetic* and not *phonological*." (*Outer Hebrides*, s. 10) Medan Sommerfelt nytta omgrepet *phonology* i tydinga 'ljodlære', gjer Borgstrøm i



*Barra* det heilt eksplisitt klårt at for honom er *phonology* ljodlære i strukturalistisk forstand, dvs. fonemikk:

“Phonology” is here taken in the sense in which the word is used by Prince Troubetzkoy and others, as the study of articulations and sounds from the point of view of their function in the system of a language. Cp. Travaux du cercle linguistique de Prague, 4, p. 309 sq. (*Barra*, s. 142)

I alle tre studiane sine har Borgstrøm soleis eigne avsnitt som har fått nemninga ”Phonology” (*Barra*, s. 142-150) eller ”The phonological system” (*Outer Hebrides*, s. 11-25, 128-131, *Skye and Ross-shire*, s. 8-14, 66-67). I desse bolkane set Borgstrøm opp foneminventar for dei ulike målføra og nyttar metoden med minimale par for å demonstrera at ulike ljodar er å rekna som allofonar av ulike fonem. Desse bolkane med det fonemiske perspektivet utgjer alt i alt ein relativt liten del av det totale omfanget åt desse studiane. Det er ikkje slik at eg meiner at det fonemiske og strukturalistiske aspektet er perifert ved Borgstrøms studiar. Det representerer noko grunnleggjande nytt dersom ein jamfører med Sommerfelts keltiske målførestudier. Likevel er det enkelt å danna seg eit inntrykk av at desse bolkane meir fungerer som tillegg til tradisjonelle fonetisk baserte målføreskildringar heller enn som oppsummerande delar av målføreskildringar med ein gjennomgåande strukturalistisk tilnæringsmåte.

Som tidlegare nemnt, hadde Magne Oftedal alt gjennomført ein strengt synkron målførestudie i samband med magistergraden sin i 1946. Dette arbeidet kom han på mange vis til å fylgja opp med *Leurbost* i 1956. I *Leurbost* er heile studien gjennomsyra av eit strukturalistisk perspektiv på ein heilt annan måte enn studiane åt Borgstrøm. Eg har tidlegare synt at han avgrensa det språklege tilfanget som ligg til grunn for analysen til i all hovudsak éin einaste informant. Jamvel om det er ei kjend sak at ingen einskildperson har eit heilt homogent språk, kunne han på denne måten sterkt avgrensa variasjonen og sikra seg eit mest mogleg einskapleg tilfang å analysera. Når ein ser på Oftedals definisjon av studieobjektet sitt, er det interessant å sjå korleis han som strukturalistisk språkgranskar definerer fonemet ikkje som eit psykologisk fenomen, men som noko ein berre kan utleia dersom ein held den fonetiske substansen saman med kva for semantisk innhald som vert uttrykt (*Leurbost*, s. 21). Elles ser ein òg at omgrepsbruken hans er noko annleis enn den ein finn hjå Borgstrøm. Oftedal nyttar omgrepet *phonemics* i same tydinga som Borgstrøm nyttar *phonology*, og lèt det femna om skildringa av fonem og prosodem. Oftedals *phonology*-omgrep inkluderer både fonetisk, distribusjonell og historisk-komparativ skildring av ljodane. Når det mentale vert lausrive frå den fonemiske skildringa av ei språkform, får ein den situasjonen at ein ikkje naudsynleg er ute etter å koma med **den** korrekte skildringa av språkforma, men berre med **éi**

korrekt skildring av fleire potensielle. Av desse vel ein so den enklaste. Dette demonstrerer Oftedal i dei fylgjande to drøftingane. Den fyrste er ålmenn, og den andre tek føre seg eit konkret døme frå målføret i Leurbost:

If we identify the velar closure of *kil* with the velar closure of *gill* (gill), and the aspirations of *k* and *h* as in *hill* (hill), we may transcribe the word 'kill' as *ghil*, thus arriving at four phonemes, whose differentiating value may be demonstrated by comparing the words *ghil* (kill) – *bhil* (pill) – *gril* (grill) – *ghal* (cull) – *ghm* (kin). (The phonetic difference between voiced and voiceless must in this case be regarded as a concomitant, non-distinctive feature.) (*Leurbost*, s. 21-22)

The nasalized aspirated stops, *mp-*, *Nt-*, etc., consist of a voiced nasal consonant followed by aspiration, i. e. a voiceless breathed interval before the onset of voice in the following vowel or consonant: [*N'hahəð*] 'the father', [*Nʃli-ə*] *Ntli-ə* 'the way'. Sometimes the raising of the velum takes place before the release of the oral closure, and we get the impression of a voiced or voiceless stop, as in [*Nʰhahəð*], [*Nʃʃli-ə*]; [*Nʰhahəð*], [*Nʃʃli-ə*]. It is possible to interpret the aspirated nasalized stops as nasal plus *h*, viz. *mh-*, *Nh-*, *N'h-*, *ʃh-*, and *ʃh-*, but this will not be done in the present paper, first because this interpretation would conceal the morphological affinity which exists between *p-* and *mp-*, *t-* and *Nt-*, etc., secondly, because it would require the mediopalatal and velar nasals of [*ʃk-*] and [*ɲk-*] to be counted as separate phonemes, whereas the interpretation *N'k-* and *Nk-* permits us to regard them as allophones of *N* and *N'* respectively. (*Leurbost*, s. 101-102)

På denne måten syner Oftedal at det han analyserer, ikkje er språket i seg sjølv som mental ovring, men språkytringane og den fonetiske substansen. Oftedal framstår på denne måten som ein typisk strukturalist. Fonema er ikkje noko som ligg inherent i språket, korkje innanfor eller utanfor eit mentalt perspektiv, men noko som språkgranskaren sjølv legg inn i språket når han eller ho analyserer det. Når ein lyt velja mellom dei mogelege analysane som finst, gjer ein helst som Oftedal ovanfor, og vel den analysen der ein er mest økonomisk og opererer med færrest mogeleg fonem.

I motsetnad til Borgstrøms studiar er den fonemiske transkripsjonsmåten gjennomført gjennom heile *Leurbost*, og dei få stadene det finst fonetisk transkripsjon, er det serskilt merkt ved at han er sett i skarpe klammer. Som ein kan sjå av avsnittet om dei ulike mogelege fonemiske analysane av nasalerte stemde lukkeljodar ovanfor, vert skilnaden mellom den faktiske uttala og den fonemiske transkripsjonen stor. I *Leurbost* vert skilnaden so stor at den fonemiske transkripsjonen til tider kan verka meir villeiande enn rettleiande dersom ein ikkje har lese avhandlinga svært noggrant. Dette demonstrerer godt at ei strukturalistisk fonemisk skildring av ei språkform er ein abstraksjon med utgangspunkt i det korpuset som ligg til grunn for analysen. Samstundes ynskjer eg å draga fram eit tilfelle der Oftedals synkrone strukturalistiske tilnærming opnar for å sjå synkrone fenomen lausrive frå den historiske samanhengen. Det som Oftedal kallar *infinitive mark*, som vert nytta for å uttrykkja progressivt aspekt, er historisk sett det same som preposisjonen *aig* 'ved'. I *Leurbost* vel Oftedal å sjå på denne som eit morfologisk fonem, og i staden for eit tilfelle av

preposisjonen 'ved' har ein eit tilfelle av prefigering framfor verbalnomen som byrjar med vokal: "Prefix *g-*, *ǵ-* (morphophonemic symbol <sup>G</sup>) is only found after the "infinitive mark" (ə)<sup>G</sup> [...]: *u:Rni* 'to pray' ~ *ha a 'gu:Rni* 'he is praying', *iǽsgǽx* 'to fish' ~ *ha a 'ǵiǽsgǽx* 'he is fishing'."<sup>56</sup> (*Leurbost*, s. 170)

### 9.3.2 Norske målførestudier

Thorsons *Nordaut-Ryfylke* vart utgjeven i 1929 og er ein utvida og omarbeidd versjon av hovudfagsoppgåva hans frå 1925. På dette tidspunktet var strukturalistisk språkvitskap enno ikkje etablert, og naturleg nok fylgjer Thorson eit vanleg junggrammatisk opplegg der hovudvekta ligg på å gjera greie for ljodsoga og dei endringane som har gått føre seg frå norrøn tid til samtida. Han konsentrerer seg berre om ljodverket og skildrar ikkje morfologien eller andre aspekt ved målføret. *Nordaut-Ryfylke* er soleis ein lekk i ein junggrammatisk tradisjon, nett som ein skulle venta på den tida. Det kan likevel nemnast at Thorson nyttar nemninga *fonem* ein gong i studien der han talar om korleis ljodane *ɪ* og *y* kan variera i uttale: "Opning nyttar eg einast um yvergang til meir *mixed* uttale innum same fonem, t.d. **vidd** > *vidd* og (i andre målføre) **klyf** > *klyv*." (*Nordaut-Ryfylke*, s. 40) Dette ser ut til å vera eit fenomen som kan minna om allofoni. Soleis verkar det som om Thorson med si pre-strukturalistiske tilnærming meiner at kvar einskildljod likevel representerer eit kontinuum av uttalemåtar og at det er praktisk uråd å leggja kvar minste litle registrerbare skilnad i uttale til grunn for å definera dei aktuelle uttalemåtane som tilhøyrande ulike språkljodar.

Myhres studie *Iddemålet* vart utgjeven i 1952, men levert som hovudfagsoppgåve i 1942, og er soleis bortimot samtidig med Borgstrøms delvis strukturalistiske skotskgæliske målførestudier. Då Myhre utførde arbeidet sitt, hadde strukturalistisk språkvitskap etablert seg både internasjonalt og i Noreg, og Myhre hadde soleis hatt høve til å nytta strukturalistisk teori om han hadde vilja det. Men, som Haugen (1953) peikar på i meldinga si, finst det ikkje spor av slikt i studien. Heile studien er lagd opp som ei skildring av ljodsoga, utan at det vert lagt vekt på formlæra, syntaks eller andre aspekt ved målføret. Skildringa av ljodverket er einast fonetisk. Det er i det heile uråd å finna synlege spor etter strukturalistisk tankegods.

---

<sup>56</sup> Dei to setningane i sitatet frå *Leurbost* vil i standardisert skotskgælisk verta skrivne som fylgjer: (i) *Tha e aig iasgach*. 'Han fiskar.', (ii) *Tha e aig ùrnaigh*. 'Han bed.' Dersom ein ser historisk på desse konstruksjonane, kan dei med ei ord-for-ord-omsetjing skjønast som 'Han er ved fising.' og 'Han er ved beding.'. Oftedals tilnærming til denne konstruksjonstypen inneber at han medvite vel å sjå heilt bort frå det diakrone aspektet.

Rundhovdes doktoravhandling *Hamre*, som vart utgjevi i 1964 som ein utvida og omarbeidd utgåve av hovudfagsoppgåva hennar frå 1948,<sup>57</sup> er grovt sett nokso samtidig med Oftedals gjennomført strukturalistiske *Leurbost*. Hovuddelen av studien er lagd opp etter tradisjonelle junggrammatiske prinsipp med ei skildring av ljodsoga der det vert nytta ei fonetisk ljodskrift. Likevel skil denne seg frå dei to hine norske studiane med at han inneheld ei oppsummering av ljodverket som er strukturalistisk (*Hamre*, s. 31-39). Dette minner mykje om oppbyggnaden i studiane åt Borgstrøm, der den fonemiske analysen kan sjåast på som eit tillegg til ei elles fonetisk basert skildring av ljodane i dei moderne målføra og ljodsoga. Rundhovde nyttar ikkje omgrepa *fonem* og *allofon*, men skriv i staden om *relevante ljodar* og *vokal- og konsonantvariantar* i dei same tydingane. Når ho gjer greie for endringar i vokalsystemet mellom generasjonane, gjer ho det på grunnlag av fonemiske analysar og tek ikkje med *vokalvariantar* i oversyna over dei ulike systema mellom dei ulike gruppene. *Hamre* skil seg òg ut frå tradisjonell junggrammatikk i og med at ho har inkludert ei skildring av formverket i målføret attåt ljodverket. Alt i alt må ein konkludera med at *Hamre* er ei hovudsakleg junggrammatisk skildring med eit strukturalistisk tillegg. Til liks med Oftedal i hans gjennomført strukturalistiske magistergradsavhandling (Oftedal 1946) nyttar Rundhovde Johan Storms *Norvegia*-ljodskrift, og ho plasserer seg soleis midt i tradisjonen i norsk målføregransking.

## **9.4 Problemstilling 4: Tilhøvet mellom synkroni og diakroni**

### **9.4.1 Keltiske målførestudier**

Som nemnt ovanfor, skil Sommerfelts tre studiar *Saint-Pol*, *Cyfeiliog* og *Munster* seg frå alle dei hine keltiske målførestudiane nordmenn har publisert. Alle desse tre er bortimot reint synkront lagde opp, og alle diakrone kommentarar i desse er so marginale at dei ikkje kan sjåast på som del av ein inherent diakron tilnæringsmåte til studieobjektet. Som nemnt ovanfor, har Anna Bosch (1990:200) skrive at ho ser på Sommerfelts synkrone tilnærming til studieobjektet i *Saint-Pol* som eit utslag av tidleg strukturalisme: "[W]e see here the inception of a structuralist approach to dialect studied – the St. Pol-de-Léon dialect is explored as a closed system and includes self-consciously limited references to historical sources." Dette verkar ikkje urimeleg i seg sjølv. I motsetnad til det ein får inntrykk av etter det Bosch skriv, er ikkje eg i stand til å sjå at det finst noka eksplisitt drøfting av kvifor Sommerfelt har valt ei synkron tilnærming i *Saint-Pol*. I føreordet (*Saint-Pol*, s. 5) nøyer Sommerfelt seg med å slå

---

<sup>57</sup> Eg har ikkje vore i stand til å få tak i hovudfagsoppgåva frå 1948 for å kunna sjå kva som er nytt i 1964 jamført med den fyrste versjonen.

fast at han har valt ei synkron tilnærming bortsett frå nokre få punkt der han ser det som naudsynt med ei diakron forklåring. Eg avviser ikkje at det Bosch seier, kan vera delvis rett, men det er likevel ein påstand som kan problematiserast. Dersom ein ser nærare på *Cyfeiliog*, vil ein finna at det heile vert ståande i eit anna ljós. Sjølv språkskildringa der, med ljodlære, formlære og ordliste, er endå meir gjennomført synkron enn den i *Saint-Pol*. Ein kan slå fast at det diakrone aspektet ikkje er utelate nokon av stadene på grunn av vantande interesse for det diakrone frå Sommerfelts side:

It was originally my intention to study the historical development of the language of these districts, but under the pressure of other work and various university duties I have decided only to give a description of the present state of the language, leaving the history for a later study. (*Cyfeiliog*, s. v)

Dette sitatet set Boschs (1990:200) konklusjonar i eit noko anna ljós. Ettersom Sommerfelt ikkje drøfter det valet han har gjort i *Saint-Pol* eksplisitt, vert alle freistnader på å forklåra den synkrone tilnæringsmåten til spekulasjonar. Når ein ser på *Torr* og *South Armagh*, vert det òg tydeleg demonstrert at det diakrone perspektivet var kraftig til stadar i desse studiane. Ein kan soleis for det fyrste ikkje under nokon omstende forklåra det synkrone perspektivet i *Saint-Pol*, *Cyfeiliog* og *Munster* med vantande diakrone interesser hjå Sommerfelt. For det andre meiner eg heller ikkje at det finst tilstrekkeleg grunnlag for å slå fast at det synkrone perspektivet primært skuldast påverknad frå tidleg strukturalisme. Eg kan heller ikkje sjå bort ifrå det, men basert på grunngevinga åt Sommerfelt for den synkrone tilnæringsmåten i *Cyfeiliog*, vert det heller ikkje meir enn ei kvalifisert gissing. Kor som er, kan ein slå fast at Sommerfelt var tidleg ute med å sjå på eit synkront studium av ei språkform som ei fullverdig forskingsoppgåve i seg sjølv. Same om det vert tilskrive strukturalistisk tankegang eller ikkje, er det eit brot mot den junggrammatiske forskningstradisjonen. Når det språklege evolusjonsperspektivet er utelate, lèt det seg vanskeleg gjera å definera desse studiane inn i ein junggrammatisk bås.

Ettersom både *Saint-Pol*, *Cyfeiliog* og *Munster* er synkrone språkskildringar, seier det seg sjølv at det er ljodane i det moderne målføret som er utgangspunktet i skildringa av ljodverket. I alle tre studiane er strukturen slik at det finst ein hovudartikkel om kvar einskildljod, og so vert det synt fram døme på korleis den aktuelle ljoden ovrar seg i ulike stoder i orda i målføret. I *Saint-Pol* og *Cyfeiliog* står desse ordformene for seg sjølv med ordforklåring på høvesvis fransk og engelsk, og i *Munster* har Sommerfelt i tillegg teke med den ortografiske forma åt dei aktuelle orda slik ho var i Patrick Dinneens fyrste ordbok (1904). Jamvel om det finst grunnlag for å hevda at Dinneens historiserande ortografi fører eit

visst diakront aspekt med seg, er det historisk-komparative aspektet fråverande i skildringa av ljodverka åt dei to Munster-målføra.

Sommerfelts to irske målførestudier *Torr* og *South Armagh* har i motsetnad til dei hine målførestudiane hans eit diakront perspektiv som gjennomsyrrar heile skildringane. Til liks med det som har vore typisk for junggrammatiske språkgranskarar, tek dei berre føre seg ljodverket utan å skildra korkje morfologien og morfofonologien med eit so sentralt og sermerkjande element ved språket som framljodsmutasjonane er for alle dei keltiske språka.<sup>58</sup> Difor er det interessant å sjå på likskapar og skilnader mellom desse og dei hine målføreskildringane hans. Både *Torr* og *South Armagh* er oppbygde av ein hovudbolk kalla "Phonetics" der han skildrar dei ulike synkrone einskildljodane og diftongane ljodleg og artikulatorisk og gjer greie for kva for posisjonar dei ulike ljodane finst i. Dette er sams med dei synkrone studiane. Dertil listar han opp ei lang rekkje døme på ordformer frå målføret som syner korleis ljodane ovrar seg i ulike posisjonar, med tilhøyrande engelsk ordtyding. Det som derimot skil desse frå dei synkrone studiane, er at det heile vegen vert jamført med gamal- og mellomirsk. For kvar einskild ljod gjer Sommerfelt greie for kva for ljod eller ljodar i gamal- og mellomirsk den moderne ljoden speglar att. For kvar einaste moderne ordform listar Sommerfelt opp den eller dei tilsvarande formene frå gamal- eller mellomirsk. I *Torr* har han i tillegg eit omfemnande kapittel der han tek noggrant føre seg korleis lånord frå engelsk ovrar seg i målføret (*Torr*, s. 90-113), og dette gjer han etter dei same prinsippa som han har gjort greie for dei irske arveorda. Til liks med dei synkrone målførestudiane er ljodlæra i desse to studiane organisert med utgangspunkt i det moderne målføret. Sommerfelt tek soleis utgangspunkt i det synkrone og ser baketter når han skildrar ljodsoga og det systematiske tilhøvet mellom ljodverket i nyirsk på eine sida og gamal- og mellomirsk på hi. Det er ikkje unaturleg å spørja seg om òg denne tilnærminga til det diakrone, der òg den diakrone skildringa av ljodane er synkront organisert, er eit resultat av tidleg strukturalistisk tankegods. Men det er like naturleg å tilskriva denne praksisen den eksisterande tradisjonen for irsk målføregransking som alt fanst. Både Finck (1899) og Quiggin (1906) fylgde det same opplegget, der utgangspunktet for skildringa av ljodverket var ljodane i det moderne målføret. Ingen av desse kan under nokon omstende seiast å ha vore påverka av strukturalistisk tankegods. Den andre hovudbolken, som i både *Torr* og *South Armagh*, som går under namnet "Synthesis", har det motsette perspektivet. I desse bolkane tek Sommerfelt føre seg ljodendring i hovudsaka med utgangspunkt i gamal- og mellomirsk. Sommerfelt ser

---

<sup>58</sup> Sommerfelt hadde planlagt at band 2 av verket om målføret i *Torr* skulle taka føre seg grammatikken (*Torr* s. 187)

på ei lang rekkje endringar som har gått føre seg frå gamal tid til samtida og gjer greie for ljodlover, men òg mange tilfelle der ein har fått andre former i det moderne målføret enn ein normalt skulle ha venta seg. Når ein les desse bolkane, vert det tydeleg at det diakrone aspektet står heilt sentralt òg hjå den seinare strukturalisten Sommerfelt. I slutten av oppsummeringa hans i *Torr* går det like eins fram at det eit sentralt føremål med studien hans har vore å få meir kunnskap om irsk språkhistorie: "The phonetic system is still of the old type [...]. The dialect is therefore of particular importance to the history of Irish sounds in general." (*Torr*, s. 196)

Tilhøvet mellom det synkrone og det diakrone i Borgstrøms studiar er i stor mon likt det ein finn hjå Sommerfelt. Dersom ein ser bort frå dei strukturalistiske skildringane av det fonemiske inventaret og dei synkrone skildringane av morfofonologien og morfologien i studiane hans, fylgjer dei fonetisk baserte skildringane hans av ljodane i dei moderne målføra det same opplegget som i *Torr* og *South Armagh*. I tillegg til å gjera greie for kva for gamal- og mellomirske ljodar som ljodane i dei moderne målføra reflekterer, syner han òg systematisk kva for ljodar dei kjem av i norrøne lånord, noko som heng naturleg saman med at det er langt fleire av desse i skotskælisk enn i irsk. Til liks med Sommerfelt har Borgstrøm òg ein bolk i kvar av studiane sine der han tek føre seg endringane i eit perspektiv der utgangspunktet er gamal- og mellomirsk. I *Barra* kallar han denne "Phonetic development from the Common Gaelic period" (*Barra*, s. 120-141) og i *Outer Hebrides* og *Skye and Ross-shire* kallar han bolken "Chief tendencies of phonetic development" (*Outer Hebrides*, s. 199-227, *Skye and Ross-shire*, s. 134-140). Desse syner at jamvel om Borgstrøm med si delvis strukturalistiske tilnærming såg på dei moderne målføra i seg sjølve som fullverdige studieobjekt, hadde han likevel eit gjennomgåande diakront perspektiv som målføregranskar. Desse to perspektiva vert soleis ikkje sedde på som motstridande.

I Oftedals gjennomført strukturalistiske *Leurbost* kan ein sjå at ei tydeleg synkron tilnærming til den språkforma ein granskar ikkje treng å stå i motsetnad til at ein har eit diakront perspektiv jamsides dette. I motsetnad til i Borgstrøms studiar er det fonemiske perspektivet som nemnt til stadar heile vegen i *Leurbost*. Likevel er synkronien skoven lenger fram hjå Oftedal. Aller tydelegast vert det illustrert av at det ikkje finst nokon bolk i *Leurbost* der det vert gjort greie for språkendingar i eit perspektiv der utgangspunktet er gamal- og mellomirsk. Til liks med hjå Borgstrøm er bolkane om morfofonologi og morfologi synkrone og inneheld svært få tilvisingar til eldre språksteg. Oftedals hovudbolk "Phonology" (*Leurbost*, s. 25-163) er på overflata svært lik dei tilsvarande bolkane i dei diakront orienterte studiane åt Sommerfelt og Borgstrøm. Omtalene av kvart einskildfonem tek utgangspunkt i

det moderne målføret. Det vert so gjort greie for artikulasjon og distribusjon, og det vert gjort greie for kva for ljodar i høvesvis gamal- og mellomirsk, norrønt og lånord frå engelsk som dei moderne fonema reflekterer. Men den grunnleggjande skilnaden ligg i det at bolkaner om kvart einskilt fonem i *Leurbost* tek føre seg kvart einskilt fonem som Oftedal reknar med i målføret. I staden for individuelle utgreiingar om kvar allofon har dei vorte tekne inn som del av gjennomgangen av artikulasjonen og distribusjonen åt kvart fonem. Desse bolkaner er langt meir omfemnande enn i nokon av dei tidlegare studiane og er dessutan strengt synkrone. Det diakrone er skilt ut og står tydeleg for seg sjølv. På ein heilt annan måte enn hjå Sommerfelt og Borgstrøm er det tydeleg hjå Oftedal at det diakrone kan sjåast som eit tillegg til det strukturalistisk synkrone, heller enn motsett som hjå Borgstrøm. Dersom dei diakrone bolkaner om einskildljodane hadde vorte tekne bort, kunne det synkrone som stod att, ha stått fullt ut på egne føter. Dersom noko tilsvarande hadde vorte gjort med studiane åt Sommerfelt og Borgstrøm, hadde svært lite vorte ståande att. Eg vert soleis sitjande att med det inntrykket at det diakrone perspektivet hjå Oftedal ikkje er inherent på same måte som hjå Sommerfelt og Borgstrøm. Motsett av hjå Oftedal kunne Borgstrøm i sine studiar ha utelate dei fonemiske analysane, og målføreskildringane kunne ha stått på egne føter utan dei.

Det at Oftedal likevel har valt å taka med ein sopass omfemnande diakron bolk som han har gjort, kan tolkast på to måtar som ikkje treng vera motstridande. For det fyrste har eg tidlegare synt at Oftedals øvrige produksjon etter magistergradsavhandlinga (Oftedal 1946) tydeleg syner at han var oppriktig interessert i diakrone aspekt ved språk attåt å driva med synkron, strukturalistisk språkgransking. Men når det likevel er slik at dei synkrone bolkaner i *Leurbost* godt kunne ha stått fullt ut på egne føter utan dei diakrone, kan ein spørja seg om Oftedal har gjort det tidkrevjande og mødesame arbeidet med å jamføra moderne former med gamal- og mellomirsk for å oppfylla det han og/eller fagfelagane hans har oppfatta som eit sjangerkrav i samband med skrivinga av gæliske målførestudier. Heilt sidan Finck (1899) og Quiggin (1906), som må seiast å vera opphavsmennene åt den gæliske dialektologiske tradisjonen Oftedal skreiv studien sin innanfor, hadde det vore etablert praksis at ein i samband med skildringa av ljodverket gjorde nett denne diakrone jamføringa, og mellom dei norske keltologane hadde denne praksisen vore gjennomført. Kan henda ville det ha vorte opplevd som eit for stort brot med dei etablerte konvensjonane i sjangeren dersom Oftedal hadde late vera å gjera desse diakrone jamføringane i *Leurbost*.



#### 9.4.2 Norske målførestudier

Alle dei tre norske målførestudiane, òg Gunnvor Rundhovdes *Hamre* med ei delvis strukturalistisk tilnærming og eit variasjonsperspektiv, er i hovudsaka diakront orienterte. Jahr (1996) kritiserte *nynorsk språkforskning* for at ein var meir oppteken av å påvisa det beinveges sambandet mellom gamalnorsk og nynorsk representert ved målføra. *Nordaut-Ryfylke* og *Iddemålet* tek berre føre seg ljodverket, og formverket kjem forfattarane berre inn på som del av skildringa av ljodane i trykkveike stavingar. I *Nordaut-Ryfylke* finst det eit stutt, synkront oversyn over ljodane i målføret (*Nordaut-Ryfylke*, s. 14-17) og i hovudsaka synkrone oversyn over trykktilhøve og tonelag i målføret (*Nordaut-Ryfylke*, s. 16, 18-25). I *Iddemålet* er det berre oversynet over ljodane i målføret (*Iddemålet*, s. 14-17) som kan karakteriserast som synkront. I *Hamre* er stoda den same, bortsett frå at ljodverket er skildra fonemisk, og fleire samtidige system vert presenterte (*Hamre*, s. 31-39). Like eins er det ein i hovudsaka synkron bolk om aksentueller tilhøve (*Hamre*, s. 39-46). I alle tre studiane vert kvantitetstilhøva primært sedde som resultat av ein diakron prosess.

Når både *Nordaut-Ryfylke* og *Iddemålet* framstår som tradisjonelle, junggrammatiske målførestudier med få eller ingen spor etter strukturalistisk tankegod, er det heller ikkje overraskande å slå fast at skildringane av ljodverka i målføra er diakront organisert. I motsetnad til i dei diakrone gæliske studiane åt både Sommerfelt, Borgstrøm og Oftedal, som uavhengig av om dei var strukturalistisk organiserte eller ikkje, tek utgangspunkt i ljodane i dei moderne målføra, skildrar dei norske studiane kva for moderne ljodar som reflekterer dei ulike norrøne ljodane – og ikkje motsett. På overflata er strukturen i studiane svært lik, med eigne bolkar om kvar einskild ljod, men med den sentrale skilnaden at desse ljodane er norrøne i dei norske studiane medan dei er tekne frå det moderne målføret i dei gæliske studiane. Beingrinda i strukturen er soleis det norrøne språksteget, og ikkje det moderne målføret. Det vert aldri skildra systematisk kva for ulike norrøne ljodar ein ljod i det moderne målføret reflekterer. Rundhovdes delvis strukturalistiske studie *Hamre* er inkje unntak. Jamvel om ho har teke med fleire aspekt i granskinga si som skil henne frå det som har vore vanleg praksis i norsk målføregransking, representerer ikkje tilnærminga hennar i den diakront baserte skildringa av ljodverket noko nytt jamført med eldre studiar.

#### 9.5 Oppsummering av problemstillingane

Ovanfor har eg synt korleis alle dei større keltiske målførestudiane frå norske hender og dei tre norske studiane som eg har teke med som jamføringsgrunnlag, held seg i høve til dei fire problemstillingane eg sette opp i kapittel 7. I denne bolken skal eg oppsummera det eg kom

fram til ovanfor, og på grunnlag av dette skal eg so konkludera med om hypotesen min om at målførestudiane innanfor den norske keltologiske fagtradisjonen og *nynorsk språkforskning* har meir sams enn det som skil dei frå kvarandre, kan seiast å stemma eller ikkje.

### 9.5.1 Problemstilling 1: Informantbruk

Kritikken mot *nynorsk språkforskning* har gått ut på at ein medvite berre har gått inn for å skildra språket mellom dei eldste og mest tradisjonelle tilgjengelege informantane. Ettersom ein har granska det moderne målføret vel so mykje som ein lekk i ein språkhistorisk samanheng enn at ein har sett på det som eit fullverdig studieobjekt i seg sjølv, har ein difor valt det slaget informantar som høver best med dette perspektivet. Ein har soleis prinsipielt vore lite interessert i variasjon både inter- og intraindividuell, mellom generasjonar eller i sosial variasjon. Di fleire slike perspektiv ein ynskjer å taka omsyn til i skildringa, di fleire informantar vil ein koma til å trenga.

Dersom ein ser på alle dei keltiske studiane, med unntak av Sommerfelts *Saint-Pol* og delvis *Torr*, ser ein at informantane jamt over kan seiast å vera av det tradisjonelle slaget. Dei har stort sett vore godt vaksne, bufaste menneske med lite bokleg utdanning, jf. dei sokalla *NORMs* (Trudgill og Chambers 1998:29-30). Unntaket frå det siste er lærarar og skulestyrarar som i fleire tilfelle har fungert som både husvertar, har formidla kontakt med informantar eller har fungert som informantar sjølve. Likevel tyder det meste på at dei har halde seg til informantar som er habituelle talarar av det aktuelle målføret. Unntaket er Sommerfelt som i *Saint-Pol* nyttar eit ektepar der mannen er skulestyrar, og som til vanleg talar fransk seg imellom. Hovudinformanten er ein ugift mann som talar bretonsk til kvardags, men som likevel har butt utanfor heimbyen medan han har tenestegjort i den franske heren, og som soleis har vore habituell talar av fransk i mange år. I *Torr* skildrar Sommerfelt habituelle talarar med sterk lokal tilknytning, som likevel har opphalde seg lenge både i Skottland og Amerika. Soleis representerer informantbruken i *Torr* ei utfordring for synet ein lett kan koma til å ha om bygdefolk i eldre tid som heimfødingar. Det illustrerer tydeleg at dei moderne keltiske språka i moderne tid ikkje har eksistert i noko vakuum.

Det er interessant å merka seg at Sommerfelt, noko som er serskilt tydeleg i *Torr* og *Cyfeiliog*, har nytta so mykje tid i området at han har kunna skildra pågåande endringar. Det verkar som om han har danna seg eit so godt inntrykk av språkstoda på staden at han har hatt grunnlag for å kunna skildra skilnader mellom generasjonar, jamvel om han ikkje hevdar at han har arbeidt systematisk med dei yngste talarane. Det er eit paradoks, når kritikken går ut på at informantbruken i *nynorsk språkforskning* er til hinder for skildring av språkleg

mangfelde og variasjon, at det er strukturalisten Oftedal som er den einaste som gjennomført held seg til éin einaste hovudinformatant. Dette gjeld både magistergradsavhandlinga (Oftedal 1946) og *Leurbost*.

I den eldste norske studien, *Nordaut-Ryfylke*, vert det ikkje gjort serskilt greie for informantane. Det at Thorson tek føre seg målføre i fire bygder, gjer at han må ha hatt mange informantar. Thorson og Rundhovde har det sams at dei skildrar målføret i heimbygda si. Thorson var oppvaken i Vikedal, ei av dei fire bygdene (NBL 9:164), medan Rundhovde sjølv kom frå Hamre. Jamvel om Rundhovde listar opp fleire informantar som ho har spurt systematisk, verkar det som om skildringane hennar av ljodsystema i dei ulike delane av Hamre og mellom dei ulike generasjonane hennar byggjer mykje på den ålmenne kjennskapen hennar til språkstoda i bygda både frå eigen oppvekster og lærargjering. Dette inntrykket vert styrkt av dei ikkje få tilfella der ho i teksta viser til former som anten berre finst hjå nokre av dei aller eldste og difor er vortne uvanlege, eller mellom dei yngste. I alle tilfelle er det språket mellom dei eldste som er hovudemnet for studien. I Myhres *Iddemålet* er informantane det som mest truleg er tre systrer, og målføret i Enningdalen framstår i teksta som ei langt meir einskapleg eining enn målet i Hamre.

Alt i alt sit eg att med inntrykk av at det ikkje finst grunnleggjande skilnader mellom keltologane og dei norske målføregranskarane innanfor *nynorsk språkforskning*. I alle dei gæliske og norske studiane har det funnest eit perspektiv der ein har jamført det moderne målføret med gamal- og mellomirsk og norrønt. Difor har ein valt den slags informantar som nyttar ei språkform som best legg til rette for eit slikt perspektiv, og har i mange tilfelle helst valt gamle menneske med minst mogleg påverknad utanfrå. Likevel vert der samstundes demonstrert at informantar med heilt "reint" målføre er ein fiksjon. I *Torr* demonstrerer Sommerfelt korleis menn med heilt eintydig lokal tilknytning ofte har vore på arbeid i Skottland, og nokre jamvel i Amerika. I *Saint-Pol* nyttar han eit primært fransktalande ektepar og ein pensjonert soldat som har tilbringa mange år utanfor Saint-Pol, men denne studien utgjer det klåraste unnataket. I *Iddemålet* gjer Myhre greie for korleis han hadde store problem med å finna informantar han tykte var høvelege, og det er liten grunn til å tru at heller ikkje dei tre hovudinformatane hans har levt i noko språkleg vakuum. Som nemnt er det òg Oftedal som jamt over er aller mest selektiv når han plukkar ut informantar. Han nøyer seg med éin i kvar studie, og i magistergradsavhandlinga si seier han eksplisitt at han har valt den informanten som hadde det eldste og "følgelig fra fonologiens synspunkt mest interessante" ljodsystemet (Oftedal 1946:8). Ein kan slå fast at det ikkje ser ut til å vera noko

direkte samband mellom val av informantar på eine sida og val av språkvitskapleg tilnæringsmåte på hi.

### 9.5.2 Problemstilling 2: Språkleg variasjon

Sommerfelts to studiar *Munster* og *South Armagh* kan ein i utgangspunktet sjå bort frå ettersom dei er laga på grunnlag av tilfang frå einskildinformantar som er henta ut or eit språksamfunn der målføret vert tala. For målføret frå Armagh kan ein dessutan spørja seg om eit slikt språksamfunn i det heile eksisterte lenger midt på 1920-talet. Elles er det ingen av dei keltiske studiane som primært kan karakteriserast som variasjonsstudiar. Jamvel om dei fleste inneheld skildringar av generasjonsskilnader og parallelle former, er dette teke med som eit tillegg i skildringa. Det vert ikkje gjort systematisk greie for skilnader mellom generasjonar eller sosiale grupper. Likevel er det interessant å merka seg at mellom keltologane er det den pre-strukturalistiske Sommerfelt som gjer mest av dette, serskilt i *Torr*, og at Borgstrøm i *Outer Hebrides* (utan å skildra det sjølv) kunngjer at det ville ha vore interessant å granska prosessen der eitt målføre går gjennom ein utjammingsprosess og vert stadig meir likt eller går opp i eit anna målføre. Strukturalisten Oftedal noterer seg at han har observert språklege skilnader, både geografisk og slike som kan samsvara med Dorians (1994) *personal-pattern variation*, men utan at han seier noko meir om kva denne variasjonen faktisk går ut på. *Nordaut-Ryfylke* og *Iddemålet* har heller ikkje noko variasjonsperspektiv, jamvel om Thorson til tider kjem med merknader om former som berre finst mellom dei eldre og nyare former frå norsk-dansk eller Stavanger bymål. I *Iddemålet* gjer Myhre det klårt at språket i bygda er under sterk påverknad frå Halden bymål, men seier ikkje meir om det ettersom dette ikkje vert definert som del av studieobjektet.

Mellom keltologane har Sommerfelt i *Cyfeiliog* eit serskilt interessant perspektiv på geografisk variasjon. Ettersom målføret ligg i grenselandet mellom dei nord- og sørwalisiske målføreområda, syner han korleis grensene for dei ulike isoglossane ikkje samsvarar med kvarandre. Like eins syner han korleis målføredrag breier seg frå ulike retningar, og at målføra i Dyfi-bassenget difor på ei og same tid er utsette for påverknad frå ulike retningar. Her demonstrerer Sommerfelt tydeleg at han ikkje ser på målføre som faststivna og monolittiske einingar, noko han òg tydeleg demonstrerer i *Torr*. Sommerfelt gjer lite ut av det målføregeografiske i sine studiar. I *Torr* seier han at ein veit for lite om moderne irske målføre for å kunna sjå dei i eit målføregeografisk perspektiv (*Torr*, s. [vii]). I *Munster* granskar han to målføre, og i *South Armagh* registrerer han likskapar mellom det målføret og målføret i Torr. Elles er Borgstrøm den som i *Outer Hebrides* og *Skye and Ross-shire* tek føre

seg sambandet mellom dei ulike skotskgæliske målføra og som systematisk gjer greie for isoglossar og inndelingar av målføra i undergrupper baserte på tilfang han har samla inn sjølv. Den gjennomførde strukturalisten Oftedal er den som fokuserer minst på geografisk variasjon.

Av dei norske studiane har *Nord aust-Ryfylke* målføra i eit større geografisk område som emne. Elles finst det andre tilvisingar til andre målføre i Ryfylke og på Sørvestlandet, men dei dominerer ikkje framstillinga. I *Iddemålet* er det store mengder slike tilvisingar heile vegen slik at dei dominerer og tilslører det som dreier seg om sjølve iddemålet. I *Hamre* er det berre moderate mengder med tilvisingar til andre målføre.

Ein kan slå fast at ingen av dei tradisjonelle diakront orienterte målføreskildringane frå nokon av tradisjonane har noko sentralt variasjonsperspektiv i seg. I alle tilfella er det tradisjonelle og stort sett einskaplege språkformer som vert lagde til grunn for skildringane. Likevel er ingen av granskarane blinde for at det faktisk finst variasjon, men dei varierer kraftig i høve til kor mykje av den observerte variasjonen dei faktisk skildrar. Den som gjer det mest av keltologane, er Sommerfelt, minst av det gjer Oftedal. Det er ein tendens til at det er eit omvendt proporsjonalt samband mellom omfanget av skildringa av variasjon og graden av strukturalistisk påverknad i skildringa. I *Nord aust-Ryfylke* og *Iddemålet* vert det gjort klårt greie for at det finst variasjon i dei aktuelle bygdene, i *Iddemålet* jamvel so mykje at det tradisjonelle målføret ikkje lenger er dominerande i bygda. I *Hamre* finst det eit medvite variasjonsperspektiv som vert ståande som eit tillegg til skildringa av det tradisjonelle målføret. Det er dei tradisjonelle språkformene som heile vegen ligg til grunn for dei ulike målførestudiane, og som utgjer det moderne elementet i dei diakrone skildringane av sambandet mellom det gamle språksteget og det moderne. Heller ikkje i dei to gjennomført synkrone studiane åt Sommerfelt finst det noko grunnleggjande variasjonsperspektiv i skildringa av ljosverket og formverket. Og for Oftedal, som gjennomført strukturalist, ville eit variasjonsperspektiv komplisera oppgåva endå meir enn for dei gjennomført eller delvis junggrammatisk orienterte målføregranskarane.

### **9.5.3 Problemstilling 3: Teoretisk tilnærming**

I artikkelen sin om den fonemiske strukturen i målføret i Torr frå 1965 skreiv Sommerfelt sjølv at *Torr* hadde vorte publisert før gjennombrøtet åt den strukturalistiske språkvitskapen. Jamvel om Anna Bosch (1990) meiner at den mest heilt gjennomførde synkrone tilnærminga i *Saint-Pol* kan tolkast som eit utslag av tidleg strukturalisme, viser drøftingane åt Sommerfelt i *Cyfeiliog* at det i alle fall ikkje er heile sanninga. Det er like eins eit faktum at Sommerfelt ikkje i nokon av dei keltiske målførestudiane sine frå 1920-talet opererer med fonemisk

analyse eller noko som kan minna om det. Jamvel om desse to studiane, med bortimot gjennomført synkroni og skildring av formverket i tillegg til ljodverket, ikkje er typiske representantar for junggrammatikk, representerer dei heller ikkje strukturalisme. Borgstrøms tre skotskgæliske studiar, som inneheld både historisk orienterte bolkar om ljodane i målføra og bolkar som tek føre seg utviklingar frå gamal- og mellomirsk til i dag meir systematisk, framstår i desse bolkane som typisk junggrammatisk. I alle studiane hans finst det bolkar med sjølvverklært strukturalistiske, fonemiske analysar av ljodverka i målføra, men eg sit likevel att med inntrykket om at desse mest fungerer som eit tillegg til resten av skildringa. Studiane åt Borgstrøm kunne ha stått på eigne føter utan desse strukturalistiske tillegg. Dessutan har han med synkrone skildringar av morfofonologi og morfologi, soleis at hovudvekta ikkje berre ligg på ljodverket. Jamvel om dette ikkje er typisk junggrammatisk, er det heller ikkje i strid med junggrammatikken, jf. at Sommerfelt hadde planar om å gjeva ut eit eige band som skulle taka føre seg dette for målføret i Torr. Oftedals *Leurbost* representerer noko heilt nytt i og med at tilnæringsmåten er gjennomgåande strukturalistisk. Ein kan slå fast at utviklinga frå Sommerfelt, via Borgstrøm til Oftedal er stegvis.

I dei norske studiane ser ein at korkje *Nordaut-Ryfylke* eller *Iddemålet* inneheld spor etter strukturalisme, jamvel om den siste av dei er samtidig med Borgstrøms studiar, soleis at forfattaren kan ha kjent til teoriane. Dei er like eins typisk junggrammatisk i og med at dei held seg til å skildra ljodverket, og formverket kjem dei inn på berre som del av skildringa av ljodane i trykklette stavingar. I *Hamre* vert det same gjort, jamvel om det finst eit strukturalistisk tillegg som mykje kan minna om dei fonemiske analysane hjå Borgstrøm. Dessutan finst det ei skildring av formverket i målføret, noko som forfattaren forklårar er nytt sidan den fyrste versjonen av oppgåva frå 1948. Det ville ha vore interessant å røkja etter kor mykje av det strukturalistiske og variasjonsskildringa som fanst i den fyrste versjonen, men eg har diverre ikkje vore i stand til å få tak i denne versjonen av oppgåva av di ho korkje finst på universitetsbiblioteka i Oslo eller Bergen.

Skilnaden i graden av strukturalistisk tilnærming til studieobjektet er ikkje like stor som ein kan få inntrykk av. Ingen av dei norske målførestudiane er gjennomført strukturalistiske, medan Oftedals *Leurbost* er den einaste gjennomført strukturalistiske av dei keltiske målførestudiane. Borgstrøms studiar kan best karakteriserast som junggrammatisk med strukturalistiske tillegg på same vis som Rundhovdes *Hamre*.. I tillegg er det slik at Oftedals studie, der det strukturalistiske perspektivet er gjennomgåande, likevel ikkje treng å representera noko grunnleggjande brot med junggrammatisk tradisjonar. Oftedal syner at det

er fullt mogeleg å jamføra eit historisk språkleg tilfang med det moderne språket med utgangspunkt i ein strengt synkron analyse av det moderne målføret.

#### **9.5.4 Problemstilling 4: Tilhøvet mellom synkroni og diakroni**

I drøftinga mi av junggrammatikken i kapittel 4 konkluderte eg med at det eg ser på som det mest sentrale serkjennet ved junggrammatikken, er det inherente aspektet på språkending som ein evolusjonsprosess og at dette aspektet er dominerande i språkskildringa. På dette grunnlaget kan ein enkelt sjå bort ifrå *Saint-Pol*, *Cyfeiliog* og *Munster* som typiske døme på junggrammatiske språkstudiar, men dette gjer dei heller ikkje automatisk strukturalistiske. Desse syner likevel at Sommerfelt òg i sin pre-strukturalistiske periode såg på eit synkront språksteg som eit fullverdig studieobjekt og at dette ikkje stod i vegen for diakrone interesser som han tydeleg demonstrerer i dei to hine irske studiane sine og jamvel i føreordet i den synkrone *Cyfeiliog* (s. v). I *Torr* og *South Armagh* står det diakrone perspektivet heilt sentralt. Det at bolken om einskildljodane er organisert med utgangspunkt i ljodane i det moderne målføret, endrar ikkje det ibuande diakrone evolusjonsperspektivet i studiane. Den einaste reint synkrone delen i gjennomgangen av ljodverket i desse to studiane er stuttfatta oversyn over ljodane i målføra. Nett det same kan seiast om dei fonemiske analysane i studiane åt Borgstrøm. Med Oftedal er det annleis. Hjø honom er den synkrone biten skild tydeleg ut i teksta og kunne ha stått på eigne føter som ei synkron, fonemisk skildring av ljodverket i målføret. Likevel har han teke med ein noggrann gjennomgang av kva for ljodar i gamal- og mellomirsk, norrønt og engelsk som dei ulike fonema i det moderne målføret speglar att. Den synkront baserte organiseringa av ljodlæra har det same perspektivet hjå både Sommerfelt og Borgstrøm. Likevel er det synkrone langt meir i framgrunnen hjå Oftedal enn serskilt hjå Sommerfelt. I motsetnad til Sommerfelt og til liks med Borgstrøm skildrar han morfofonologi og morfologi, og han har heller ikkje med nokon bolk om utviklingar frå gamal- og mellomirsk til moderne gælisk, slik som både Sommerfelt og Borgstrøm har.

Både *Nordaut-Ryfylke*, *Iddemålet* og *Hamre* er like i det at dei berre inneheld eit svært stutt synkront oversyn over ljodane, medan det meste av heile studien går med til ei historisk skildring av ljodane. *Hamre* har i tillegg eit synkront oversyn over formverket og skildring av ljodverket hjå dei yngste. I motsetnad til dei gæliske diakront orienterte studiane, der utgangspunktet for den historiske skildringa av einskildljodane er ljodane i dei moderne målføra, er perspektivet det motsette i alle dei tre norske studiane. Heile gjennomgangen er organisert kring ljodane i gamalnorsk, og so vert det gjort greie for korleis dei gamle ljodane vert reflekterte i dei moderne målføra. Motsett finn ein ikkje noko systematisk oversyn over

kva for ljod eller ljodar i det eldre språket kvar einskild ljod i det moderne målføret reflekterer i nokon av dei norske studiane. Ein konsekvens av denne strukturen på skildringa er at det vert vanskelegare å danna seg noko heilskapleg inntrykk av ljodverket i målføret enn det ville ha vorte med det motsette perspektivet som ein finn i dei keltiske målførestudiane. Soleis representerer praksisen i dei norske målførestudiane eit meir prototypisk døme på det tradisjonelle junggrammatiske synet om at skildring av ljodsoga står mest sentralt i språkstudiet enn alle dei gæliske studiane med ei diakron orientering. Dei tre norske studiane kan soleis seiast å vera studiar i historisk språkending minst like mykje som skildringar av einskilde moderne språksteg. Evolusjonsperspektivet er soleis det berande elementet i målførestudiane, og soleis svært godt i samsvar med tradisjonell junggrammatikk. Dette gjeld både dei norske og dei keltiske målførestudiane, men det kjem tydelegast fram i dei norske med si diakrone tilnærming i samband med skildringa av ljodverket i målføra.

## **9.6 Vurdering av hypotese 2: Norsk keltologi og *nynorsk språkforskning* har meir sams enn det er som skil tradisjonane frå kvarandre**

Kritikken som vart reist mot *nynorsk språkforskning* av Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) gjekk grunnleggjande sett ut på at den norske tradisjonen var konservativ og ikkje var viljug til å taka til seg nyvinningar i språkvitskapen som strukturalisme og sosiolingvistik. Ein var meir oppteken av å skildra språket mellom dei eldste og mest tradisjonsbundne heller enn å gjeva ei representativt skildring av språkbruken i eit språksamfunn på eit visst tidspunkt. Ovanfor har eg sett nærare på dei keltiske og dei tre norske målførestudiane i ljøs av dei fire problemstillingane eg har sett opp.

Ovanfor har eg synt at skilnaden mellom dei to fagtradisjonane er langt mindre og jamvel ovrar seg annleis enn ein kan få inntrykk av når ein les Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000). Når det gjeld informantbruken, ser alle ut til å fylgja i hovudsaka dei same prinsippa. Talet varierer noko, dei fleste har minst to på ein stad og ofte fleire, som t.d. Sommerfelt, Borgstrøm og Myhre. Rundhovde er den einaste som medvite går inn for å skildra variasjon mellom generasjonane, men ho gjer ikkje eksplisitt greie for korleis opplysningane er samla inn. Mykje tyder på at ho byggjer tungt på eigen kjennskap til målføret i bygda ved sida strukturerte utspørjingar av informantar. Oftedal er den som klårast skil seg ut, og som berre legg éin einaste hovudinformat til grunn for språkskildringa, jamvel om han sjølv har opphalde seg i lokalsamfunnet over lengre tid. Sommerfelts *Munster* og *South Armagh* kjem i ei klasse for seg i og med at tilfanget er samla inn utanfor dei aktuelle språksamfunna. Representantane for dei to tradisjonane nyttar alle informantar av den sokalla



NORM-typen, men den 'moderne' Oftedal er den som gjer dette mest reindyrka, og jamvel fullstendig eksplisitt i magistergradsavhandlinga si (Oftedal 1946).

Når det gjeld variasjon, ser ein at Sommerfelt er den av keltologane som er mest oppteken av og som kjem med flest observasjonar av generasjonsskilnader og parallelle former i målføra han studerer. Dette gjeld serskilt *Torr* og *Cyfeiliog*, der han skildrar generasjonsskilnader og spreieing av ljodendringar, og *Saint-Pol*, der talet på avvikande former mellom dei ulike informantane er relativt høgt. Dette inneber likevel ikkje at desse studiane har eit gjennomgåande variasjonsperspektiv. Variasjonen framstår ikkje som studieobjekt i seg sjølv. Borgstrøm har lite av dette, men inkluderer utgreiingar og tabellar om målføregeografiske tilhøve basert på eige feltarbeid i *Outer Hebrides* og *Skye and Ross-shire*. Oftedal nøyer seg, som alt nemnt, med å konstatera at variasjon finst, men utan å gjera meir ut av det. I hovudbolkane i alle dei norske studiane er det heller ikkje noko eigenleg variasjonsperspektiv, jamvel om både Thorson og Rundhovde kjem med merknader om varierende former i bolkanane om ljodlæra. Rundhovdes studie er den einaste eg har sett på som har eit medvite synkront variasjonsperspektiv på språksamfunnet i og med at ho skildrar skilnader i ljodverket mellom generasjonane. Konklusjonen vert at det ikkje finst nokon signifikante skilnader i skildringa av synkron språkleg variasjon mellom generasjonar og/eller sosiale grupper dersom ein ser alle studiane, både dei keltiske og dei norske, under eitt.

På punktet om val av teoretisk tilnærming til studieobjektet har eg slått fast at Sommerfelt var pre-strukturalistisk i sine keltiske studiar. Hjø Borgstrøm ser ein korleis den strukturalistiske, fonemiske analysen vert ståande som tillegg i elles hovudsakleg tradisjonelle junggrammatiske studiar. Hjø Oftedal er det strukturalistiske gjennomført i den fonemiske og morfologiske skildringa av tilfanget frå hovudinformaten, men dette hindrar honom ikkje frå å gjera detaljert greie for ljodhistoriske tilhøve i samsvar med junggrammatisk tradisjon. I dei norske studiane ser ein at Thorson og Myhre er gjennomført junggrammatiske, medan Rundhovdes studie minner mykje om Borgstrøms studiar, med eit strukturalistisk tillegg til den dominerande junggrammatiske hovuddelen. *Nynorsk språkforskning* var seinare ute med strukturalisme, men ein ser òg at i både keltiske og norske målførestudier vert element frå både junggrammatikken og strukturalismen nytta samstundes utan at det ligg noko prinsipielt motsetnadstilhøve i det.

Når det gjeld tilhøvet mellom synkroni og diakroni, merker ein seg at Sommerfelt laga tre gjennomført synkrone studiar. I *Saint-Pol* og *Munster* vert det ikkje drøft kvifor det vart gjort på denne måten, men i *Cyfeiliog* (s. v) skriv han at han i utgangspunktet planla å laga ein diakron studie, men ikkje fekk tid og høve til det. I alle dei hine gæliske studiane er

evolusjonsperspektivet til stadar, og dei moderne målføra vert sedde i ein beinveges samanheng med opphavet gamal- og mellomirsk, og like eins sett i samband med norrønt og engelsk som baa har gjeve mange lånord til irsk og skotsk-gaelisk. Jamvel i Oftedals *Leurbost* er dette perspektivet sentralt i dei diakrone bolkanane. I dei keltiske studiane er det gjennomført slik at bolkanane om einskildljodane og so ga deira er organisert etter ljodane i det moderne målføret. Dette kan sjåast som ei tilnærming til synkronien og kan henda som påverknad frå strukturalistisk tankegods, men kan like gjerne sjåast som lekk i ein tradisjon som kan førast attende til Finck (1899) og Quiggin (1906), og som so har vorte vidareført av dei norske keltologane og på den måten vorte å rekna som eit sjangerkrav. I dei norske studiane er perspektivet motsett, og dei tilsvarande kapitla er organiserte slik at ein serskilt omtalar kva for ljodar i det moderne målføret som er refleksar av dei einskilde ljodane i norrønt. I baa tilfella er det same synet på det moderne målføret som noko som står i eit beinveges samband med eit tidlegare språksteg heilt sentralt. Alt i alt lyt eg konkludera at evolusjonsperspektivet er til stadar i rik mon både hjå keltologane og dei nynorske språkgranskarane.

### 9.6.1 Konklusjon

Hypotese 2 er stadfest. Dei to tradisjonane norsk keltologi og *nynorsk språkforskning* har i hovudsaka det same evolusjonsperspektivet på dei målføra som vert studerte, og det junggrammatiske perspektivet er til stadar òg i dei heilt eller delvis strukturalistiske studiane. Likevel kan ein slå fast at det innanfor *nynorsk språkforskning* finst ei atterskodande tilnærming som går endå lenger enn i dei diakront orienterte keltologiske studiane, ettersom det ser ut til å vera gjennomført at ein i dei norske studiane har hatt det gamalnorske som utgangspunkt for studiet av dei moderne målføra, medan ein i dei gaeliske studiane har sett på korleis ulike ljodar i gamal- og mellomirsk speglar att dei moderne ljodane. Utgangspunkta har soleis vore motsette. Informantbruken er jamt over den same, og variasjonsperspektivet er ikkje gjennomgåande i nokon av tradisjonane. Det er eit paradoks, dersom ein ser på kritikken, der både strukturalisme og variasjon vert etterlyste samstundes, at desse to perspektiva slett ikkje ser ut til å gå hand i hand.

Den gjennomførde strukturalisten Magne Oftedal er den som i sin praksis viser seg å vera den som tek aller minst omsyn til språkleg variasjon av alle målføregranskarane som eg har sett på i samband med arbeidet mitt med denne oppgåva. Dette er paradoksalt dersom ein tek utgangspunkt i kritikken mot *nynorsk språkforskning* hjå Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000). I denne oppgåva har eg synt, både i den generelle drøftinga av strukturalistisk språkvitskap og i gjennomgangen av meir eller mindre gjennomført strukturalistiske

målførestudier, at eit inherent variasjonsperspektiv vil vera i strid med dei prinsippa strukturalistisk språkvitskap byggjer på. Eg hevdar ikkje at skildring av språkleg variasjon er eit sentralt element i junggrammatikken, men det er likevel mindre som sperrar mot eit variasjonsperspektiv innanfor den junggrammatiske tradisjonen enn i den strukturalistiske, der det er eit hovudpoeng å skildra eitt einskapleg språkssystem.

## 10 Sluttord

I dette sluttordet skal eg ikkje koma med noka ny samanfating av innhaldet og konklusjonane eg har kome fram til i samband med arbeidet med oppgåva mi. I staden ynskjer eg heilt stutt å lyfta fram eit par sentrale poeng som har slått meg når eg har arbeidd med dette stoffet, og til sist vil eg koma med framlegg til vidare gransking emne eg har teke opp i denne oppgåva.

For det fyrste har *språkleg variasjon* vist seg å verta langt meir sentralt i samband med drøftingane mine av sambandet mellom norsk målføregransking på keltisk grunn og norsk målføregransking på heimebane enn eg hadde rekna med då eg byrja å arbeida med dette prosjektet. Rett nok tek både Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000) opp at det innanfor *nynorsk språkforskning* fanst ein sterk tradisjon for å lata vera å skildra språkleg variasjon på dei stadene der ein gjorde utgranskingane. I tråd med dette kjem dei med kraftig kritikk mot at det sosiolingvistiske perspektivet i stor mon var fråverande innanfor denne fagtradisjonen. Det mest påfallande og slåande har likevel vore korleis den strukturalistiske tradisjonen, som både Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000). kritiserer *nynorsk språkforskning* for ikkje å ha tilnærma seg, syner seg å vera bortimot heilt inkompatibel med det variasjonsperspektivet som samstundes vert etterlyst. Dei skapar eit inntrykk av at det meste som er ikkje-junggrammatisk per definisjon er betre og meir aktverdig enn den hovudsakleg junggrammatiske tradisjonen *nynorsk språkforskning*. Dette styrkjer soleis det inntrykket eg hadde i utgangspunktet: Når etablerte norske språkgranskarar i dag kritiserer tradisjonen *nynorsk språkforskning*, kritiserer dei den generasjonen som utgjorde ein stor del av det faglege etablissementet i deira eiga studietid. Det er m.a.o. deira eigne faglege fedrar og bestefedrar kritikken rårar. Eg sit att med eit inntrykk av at kritikken er vorten fremja utan at dei har undersøkt om den same kritikken i større eller mindre mon gjeld dei andre og nyare fagtradisjonane som vert dregne fram som døme på teoretiske og metodologiske framsteg innanfor språkvitskapen jamført med junggrammatikken. Eit døme på ein skilnad mellom dei norske målførestudiane og dei diakront orienterte keltiske finn ein, som tidlegare nemnt, nett i korleis det diakrone perspektivet vert presentert i studiane. I dei norske studiane er utgangspunktet ljosane i norrønt, medan det i dei keltiske er ljosane i det moderne målføret. Dette fører med seg at det er enklare å få eit oversynleg bilete av ljosverket i eit keltisk målføre enn i eit norsk etter å ha lese ein slik studie, men det endrar elles ikkje på at det i baa tilfella finst ei inherent språkevolusjonistisk og diakron junggrammatisk tilnærming til studiet av moderne målføre i baa tradisjonane. Skilnadene mellom målføregranskarane innanfor *nynorsk språkforskning* og dei norske keltologane vert freista maksimerte meir enn det finst grunnlag for når ein ser på praksisen å målføregranskarar innanfor baa tradisjonane.

## 10.1 *Real linguists*

For det andre ynskjer eg å peika på korleis alle dei norske målføregranskarane, både dei som har arbeidd heime og dei som har skildra keltiske målføre, har drive arbeidet sitt innanfor den deskriptive språkvitskaplege tradisjonen som Hovdhaugen ofl. (2000:566) i oppsummeringa si dreg fram som eit av dei aller fremste tilskota frå norsk side til den ålmenne språkvitskapen. Det er ikkje vanskeleg å vera samd i at empirisk basert utgransking av verdsens språklege mangfelde ute i felten er ei heilt grunnleggjande oppgåve for språkvitskapen. Den australske språkgranskaren R. M. W. Dixon (1997:128-138) kritiserer moderne språkvitskap kraftig for at han har vorte for teoretisk orientert, og i alt større mon har vendt seg bort frå deskriptiv empiri basert på den sokalla *Basic Linguistic Theory*.<sup>59</sup> I denne samanhengen introduserer Dixon omgrepet *real linguists* om språkgranskarar som skildrar språk på grunnlag av eige feltarbeid og innsamla tilfang. Han konkluderer med at den viktigaste oppgåva åt språkvitskapen i dag er å få skildra so mykje av verdsens språk som råd innan det er for seint. Dersom ingenting vert gjort, spår Dixon at domen i framtida over språkgranskarane av i dag vert hard:

If this work is not done soon it can never be done. Future generations will then look at the people who call themselves 'linguists' at the close of the twentieth and beginning of the twenty-first century, with bewilderment and disdain. (Dixon 1997:138)

Dette er klåre og sterke ord frå Dixon. Mitt ynske i samband med dette er å streka under at dei norske junggrammatiske målføregranskarane innanfor fagtradisjonen *nynorsk språkforskning*, like mykje som dei meir eller mindre strukturalistisk orienterte norske keltologane, var *real linguists* i Dixons forstand. I denne kategorien høyrer òg Even Hovdhaugen sjølv heime i aller høgste grad med tanke på det omfemnande arbeidet han har drive med polynesiske språk (NBL 4:405).

Jamvel om ein med rette kan kritisera mange av vala dei norske målføregranskarane har gjort, kan ein likevel ikkje kritisera dei for at dei faktisk har gjort ein aktiv innsats for å skildra ein liten lut av det språklege mangfeldet som finst i verda. Norske målføre er like mykje ein del av verdsens språklege mangfelde som keltiske språk eller kva som helst andre språk og målføre i verda.

---

<sup>59</sup> Dixon (1997:128) definerer omgrepet slik: "The term Basic Linguistic Theory has recently come into use for the fundamental theoretical concepts that underlie all work in language description and change, and the postulation of general properties of human languages."

## 10.2 Framlegg til vidare forskning

I denne studien har eg sett på alle dei større og meir heilskaplege keltiske målførestudiane som har vorte publiserte av nordmenn. Målføre- og talemålsstudiar av norske målføre utgjer ein mykje større og sterkare fagtradisjon i Noreg enn den keltologiske. I oppgåva mi har eg synt at skilnadene mellom *nynorsk språkforskning*, representert ved dei tre målførestudiane *Nord aust-Ryfylke*, *Iddemålet* og *Hamre*, vik mindre av frå dei keltiske målførestudiane enn ein skulle tru når ein les Hovdhaugen ofl. (2000). Likevel kan eg ikkje på grunnlag av denne studien koma med ålmenne konklusjonar av korleis praksisen har vore innanfor utgranskinga av moderne norske målføre på ålment grunnlag. Difor hadde det vore ynskeleg med ein heilskapleg og systematisk etterrøknad av korleis praksis har vore i norsk målføregransking og sosiolingvistikk når det gjeld dei same problemstillingane eg har sett på i denne studien. Fyrst då ville det vera mogeleg å uttala seg vissare om påstandane om *nynorsk språkforskning* som vert framlagde hjå Jahr (1996) og Hovdhaugen ofl. (2000).

## 11 Bibliografi

### 11.1 Primærkjelder

Borgstrøm, Carl Hj. (1937). [=Barra] "The dialect of Barra in the Outer Hebrides". s. 71-242 i *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap VIII*

Borgstrøm, Carl Hj. (1940). [=Outer Hebrides] *The dialects of the Outer Hebrides*. serie: *A linguistic survey of the Gaelic dialects of Scotland I*. Norsk tidsskrift for sprogvidenskap. Suppl.bind I. Oslo: H. Aschehoug & Co.

Borgstrøm, Carl Hj. (1941). [=Skye and Ross-shire] *The dialects of Skye and Ross-shire*. serie: *A linguistic survey of the Gaelic dialects of Scotland II*. Norsk tidsskrift for sprogvidenskap. Suppl.bind II. Oslo: H. Aschehoug & Co.

Myhre, Reidar (1952). [=Iddemålet] *Vokalismen i iddemålet*. serie: *Skrifter frå Norsk Målførearkiv I*. Oslo: Jacob Dybwad

Oftedal, Magne. 1956. [=Leurbost] *The Gaelic of Leurbost, Isle of Lewis*. serie: *A linguistic survey of the Gaelic dialects of Scotland III*. Norsk tidsskrift for sprogvidenskap. Suppl.bind IV. Oslo: H. Aschehoug & Co.

Rundhovde, Gunnvor (1964). [=Hamre] *Målet i Hamre. Ljodvokster og stutt utsyn over formverk i eit Nordhordlandsmål*. serie: *Årbok for Universitetet i Bergen. Humanistisk serie 1962:3*. Bergen: Universitetsforlaget

Sommerfelt, Alf (1921). [=Saint-Pol] *Le breton parlé à Saint-Pol-de-Léon. Phonétique et morphologie*. Paris: Edouard Champion

Sommerfelt, Alf (1922) [=Torr] *The dialect of Torr, Co. Donegal. I. Phonology*. Christiania: Jacob Dybwad

Sommerfelt, Alf (1925). [=Cyfeiliog] *Studies in Cyfeiliog Welsh. A contribution to Welsh dialectology*. serie: *Avhandlingar utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II, Hist-filos. klasse 1925:3*. Oslo: Jacob Dybwad

Sommerfelt, Alf (1927). [=Munster] "Munster vowels and consonants". s. 195-244 i *Proceedings of the Royal Irish Academy XXXVII. Section C. Archæology, linguistic, and literature*. Dublin: Hodges, Figgis, & Co.

Sommerfelt, Alf (1929). [=South Armagh] "South Armagh Irish". s. 107-191 i *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap II*

Thorson, Per (1929). [=Nordaust-Ryfylke] *Målet i Nordaust-Ryfylke. Umrit av ljodlæra*. serie: *Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Universitetet i Oslo VIII*. Oslo: H. Aschehoug & Co.

## 11.2 Tilvist og omtala litteratur

Bandle, Oskar (1962). "Die norwegische Dialektforschung. Ein Überblick über ihre Geschichte und ihre heutige Situation". s. 289-312 i *Zeitschrift für Mundartforschung* XXIX

Berntsen, Mandius og Amund B. Larsen (1925). *Stavanger bymål*. Oslo: H. Aschehoug & Co.

Bloomfield, Leonard (1926). "A set of postulates for the science of language". s. 153-164 i *Language* 2

Bloomfield, Leonard (1933). *Language*. New York: Holt, Rinehart and Winston, Inc.

Borgstrøm, Carl Hj. (1939). Melding av Sjoestedt-Jonval (1938). s. 272-276 i *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap* XI

Borgstrøm, Carl Hj. (1958). *Innføring i sprogvidenskap*. Oslo: Universitetsforlaget

Bosch, Anna (1990). "A brief historiography of Scottish Gaelic dialect studies". s. 199-206 i Matonis, A. T. E. og Daniel F. Melia (red.) *Celtic language, Celtic culture. A festschrift for Eric P. Hamp*. Van Nuys, California: Ford & Bailie, Publishers

Broderick, George (1999). *Language death in the Isle of Man. An investigation into the decline and extinction of Manx Gaelic as a community language in the Isle of Man*. serie: *Linguistische Arbeiten* 395. Tübingen: Max Niemeyer Verlag

Chambers, J. K. og Peter Trudgill (1998). *Dialectology. Second edition*. serie: *Cambridge textbooks in linguistics*. Cambridge: Cambridge University Press

Christiansen, Hallfrid (1933). *Gimsøy-målet. Fonologi og orddannelse*. serie: *Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-filos. klasse 1932:3*. Oslo: Jacob Dybwad

Dinneen, Patrick S. (1904). *Foclóir Gaedhilge agus Béarla. An Irish-English dictionary*. Dublin: Irish Texts Society

Dixon, R. M. W. (1997). *The rise and fall of languages*. Cambridge: Cambridge University Press

Dorian, Nancy C. (1973). "Grammatical change in a dying dialect". s. 413-438 i *Language* 49

Dorian, Nancy C. (1978a). *East Sutherland Gaelic. The dialect of the Brora, Golspie and Embo fishing communities*. Dublin: Dublin Institute for Advanced Studies

Dorian, Nancy C. (1978b). *The fate of morphological complexity in language death. Evidence from East Sutherland Gaelic*". s. 590-609 i *Language* 54

Dorian, Nancy C. (1981). *Language death. The life cycle of a Scottish Gaelic dialect*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press

Dorian, Nancy C. (1994). "Varieties of variation in a very small place. Social homogeneity, prestige norms, and linguistic variation". s. 631-696 i *Language* 70



Dorian, Nancy C. (2001). "Surprises in Sutherland. Linguistic variability amidst social uniformity". s. 133-151 i Newman, Paul og Martha Ratliff (red.) *Linguistic fieldwork*. Cambridge: Cambridge University Press

Dorian, Nancy Currier (1965). *A phonological description of Brora, Golspie, and Embo Gaelic. An East Sutherland dialect*. upublisert doktorgradsavhandling, The University of Michigan

*Encyclopedia of language and linguistics, The [=ELL]*. (1994). Asher, R. E. med J. M. Y. Simpson (red.). Oxford: Pergamon Press

Finck, Franz Nikolaus (1899). *Die araner mundart. Ein beitrag zur erforschung des westirischen*. Marburg: N. G. Elwert'sche Verlagsbuchhandlung

Gillies, William (1997). "The history of the Survey". s. 25-47 i Ó Dochartaigh, Cathair (red.) *Survey of the Gaelic dialects of Scotland. Questionnaire materials collected for the Linguistic Survey of Scotland. Volume I. Introductory essays*. Dublin: Dublin Institute for Advanced Studies

Harris, Zellig S. (1951). *Methods in structural linguistics*. Chicago: The University of Chicago Press

Haugen, Einar (1948). "Norwegian dialect studies since 1930". s. 68-79 i *The Journal of English and Germanic Philology XLVII*

Haugen, Einar (1953). Melding av *Iddemålet* (Myhre 1952). s. 544-547 i *Language 29*

Haugen, Einar og Thomas L. Markey (1972). *The Scandinavian languages. Fifty years of linguistic research (1918-1968)*. serie: *Janua linguarum. Studia memoriae Nicolai van Wijk dedicata. Series practica 154*. The Hague: Mouton

Henden, Geir H. (1996). *Gaeilge agus English in an Irish baile. A case study*. upublisert hovudfagsoppgåve i irsk, Universitetet i Oslo

Hindley, Reg (1990). *The death of the Irish language. A qualified obituary*. serie: *Bradford studies in European politics*. London: Routledge

Hoff, Ingeborg (1946). *Skjetvemålet. Utsyn over lydveksteren i målet i Skiptvet i Østfold i jamføring med andre østfoldske mål*. serie: *Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo II. Hist.-Filos. klasse 1946:1*. Oslo: Jacob Dybwad

Hoff, Ingeborg (1968). "Norwegische Mundartforschung". s. 398-458 i Schmitt, Ludwig Erich (red.) *Germanische Dialektologie. Festschrift für Walther Mitzka zum 80. Geburtstag II*. serie: *Zeitschrift für Mundartforschung. Beihefte. Neue Folge 6*. Wiesbaden: Franz Steiner Verlag

Holmer, Nils M. (1938). *Studies on Argyllshire Gaelic*. serie: *Skrifter utgivna av K. Humanistiska Vetenskaps-Samfundet i Uppsala 31:1*. Uppsala: Almqvist & Wiksells Boktryckeri

Holmer, Nils M. (1940). *On some relics of the Irish dialect spoken in the Glens of Antrim*. serie: *Uppsala Universitets årsskrift 1940:7*. Uppsala: Almqvist & Wiksells Boktryckeri

Holmer, Nils M. (1942). *The Irish language in Rathlin Island, Co. Antrim*. serie: *Todd lectures XVIII*. Dublin: Hodges, Figgis & Co.

Holmer, Nils M. (1962). *The Gaelic of Kintyre*. Dublin: The Dublin Institute for Advanced Studies

Holmer, Nils M. (1962-1965). *The dialects of Co. Clare. Part I-II*. serie: *Todd lectures XIX-XX*. I: Dublin: Hodges, Figgis & Co., II: Dublin: The Royal Irish Academy

Hovdhaugen, Even, Fred Karlsson, Carol Henriksen og Bengt Sigurd (2000). *The history of linguistics in the Nordic countries*. Helsinki: Societas Scientarum Fennica

Humphreys, Humphrey Lloyd (1993). "The Breton language. Its present position and historical background". s. 606-643 i Ball, Martin J. med James Fife (red.) *The Celtic languages*. serie: *Routledge language family descriptions*. London: Routledge

Iversen, Ragnvald (1913). *Senjen-maalet. Lydverket i hoveddrag*. serie: *Videnskapsselskapets skrifter. II. Hist.-filos. klasse 1912:4*. Kristiania: Jacob Dybwad

Jahr, Ernst Håkon (1996). "Nynorsk språkforskning. En historisk oversikt". s. 84-101 i Henriksen, Carol, Even Hovdhaugen, Fred Karlsson og Bengt Sigurd (red.) *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden. Papers from a conference on the history of linguistics in the Nordic countries, Oslo, November 20-22, 1994*. Oslo: Novus forlag

Juvkam, Dag (1999). *Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen*. Serie: *Rapporter 99/13*. Oslo: Statistisk Sentralbyrå

Karlsen, Knut E. (1997). *Hallfrid Christiansen. Nordnorsk språkforskar mellom to tradisjonar. Ei faghistorisk utgreiing med vekt på «Gimsøy-målet»*. upublisert hovudfagsoppgåve i nordisk språkvitskap, Universitetet i Tromsø

Kolsrud, Sigurd (1951). *Nynorsken i sine målføre*. Oslo: Jacob Dybwad

Kolsrud, Sigurd (1952). "Nynorsk målgransking. Opposisjonsinnlegg ved 3 doktordisputasar". s. 398-428 i *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap XVI*

Labov, William (1972). *Sociolinguistic patterns*. Philadelphia: University of Philadelphia Press

Larsen, Amund B. (1894). *Lydlæren i den solørske dialekt især i dens idens forhold til oldsproget*. serie: *Videnskabselskabets skrifter. II. Historisk-filosofiske klasse 1894:4*. Kristiania: Jacob Dybwad

Larsen, Amund B. (1907). *Kristiania bymål. Vulgærsproget med henblik på den utvungne dagligtale*. Kristiania: Cammermeyers Boghandel

- Larsen, Amund B. og Gerhard Stoltz (1912). *Bergens bymål*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Lexikon der Sprachwissenschaft. Dritte, aktualisierte und erweiterte Auflage* [=LSW]. (2002). Bußmann, Hadumod (red.). Stuttgart: Alfred Kröner Verlag
- MacKinnon, Kenneth (1993). "Scottish Gaelic today. Social history and contemporary status". s. 491-535 i Ball, Martin J. med James Fife (red.) *The Celtic languages*. serie: *Routledge language family descriptions*. London: Routledge
- Marstrander, Carl J. S. (1907). *Fra Blasket. (Nedtegninger under et ophold paa Great Blasket Isl. sommeren 1907)*. ufullført og upublisert manuskript
- Marstrander, Carl J. S. (1932). "Det norske landnám på Man". s. 40-386 i *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap VI*
- Matthews, Peter (2001). *A short history of structural linguistics*. Cambridge: Cambridge University Press
- McMahon, April M. S. (1994). *Understanding language change*. Cambridge: Cambridge University Press
- Munch-Pedersen, Ole (1991). "Holger Pedersen's visit to Aran in 1895". s. 75-83 i Bramsbäck, Birgit med Ailbhe Ó Corráin (red.). *Societas Celtologica Nordica. Proceedings of inaugural meeting and first symposium 26 May at Uppsala University*. serie: *Acta Universitatis Upsaliensis. Studia anglistica upsaliensia 76*. Uppsala: [Uppsala Universitet]
- Norsk biografisk leksikon* [=NBL]. (1999-2005). Arntzen, Jon Gunnar (hovudred.). Oslo: Kunnskapsforlaget
- Ó Cuív, Brian (1951). *Irish dialects and Irish-speaking districts*. Dublin: Dublin Institute for Advanced Studies
- Oftedal, Magne (1946). *Ordstrukturen i Gjestalmålet*. upublisert magistergradsavhandling i ålmenn språkvitenskap, Universitetet i Oslo
- Oftedal, Magne (1947). "Jærske okklusivar". s. 229-235 i *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap XIV*
- Oftedal, Magne (1952). "On the origin of the Scandinavian tone distinction". s. 201-225 i *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap XVI*
- Oftedal, Magne (1952-1954). Melding av Kolsrud (1951). s. 57-60 i *Heimen IX*
- Oftedal, Magne (1954). "The village names of Lewis in the Outer Hebrides". s. 363-409 i *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap XVII*
- Oftedal, Magne (1969). "A new approach to North Welsh vowels". s. 243-269 i *Lochlann. A review of Celtic studies IV. Norsk tidsskrift for sprogvidenskap. Supplementary volume IX*

O'Grady, William, Michael Dobrovolsky og Mark Aronoff (1989). *Contemporary linguistics. An introduction*. New York: St. Martin's Press

Quiggin, E. C. (1906). *A dialect of Donegal. Being the speech of Meenawannia in the parish of Glenties*. Cambridge: Cambridge University Press

Rekdal, Jan Erik (under utgjeving). "Carl Marstrander's encounter with Blasket in 1907"<sup>60</sup>

Robins, R. H. (1967). *A short history of linguistics*. serie: *Longmans' linguistics library*. London: Longmans

Ross, Hans (1895). *Norsk Ordbog. Tillæg til „Norsk Ordbog” af Ivar Aasen*. Christiania: Alb. Cammermeyers Forlag

Ross, Hans (1905-1909). *Norske bygdemaal*. serie: *Videnskabs-Selskabets skrifter. I., Hist-filos. klasse. 1905:2, 1906:3, 1907:5, 1908:4, 1909:3*. Christiania: Jacob Dybwad

Sasse, Hans-Jürgen (1992). "Language decay and contact-induced change. Similarities and differences". s. 59-80 i Brenzinger, Matthias (red.) *Language death. Factual and theoretical explorations with special reference to East Africa*. serie: *Contributions to the sociology of language 64*. Berlin: Mouton de Gruyter

Saussure, Ferdinand de (1916). *Cours de linguistique générale. Publié par Charles Bally et Albert Sechehaye avec la collaboration de Albert Riedlinger*. Lausanne: Libraire Payot & C<sup>ie</sup>

Seip, Didrik Arup (1915). *Lydverket i åsdølmålet*. serie: *Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Kristiania universitet II*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.

Sjoestedt, M. L. (1931). *Phonétique d'un parler irlandais de Kerry*. Paris: Libraire Ernest Leroux

Sjoestedt-Jonval, M. L. (1938). *Description d'un parler irlandais de Kerry*. Paris: Edouard Champion

Skulerud, Olai (1922-1938). *Tinnsområdet. Fyrste bolken. Ljodlære*. I Halle a. S.: Max Niemeyer Verlag, II Oslo: Olaf Norli

Sommerfelt, Alf (1965). "The phonemic structure of the dialect of Torr, Co. Donegal". s. 237-254 i *Lochlann. A review of Celtic studies III. Norsk tidsskrift for sprogvidenskap. Supplementary volume VIII*

Sommerfelt, Alf (1978). *Le breton parlé à Saint-Pol-de-Léon. Phonétique et morphologie. Nouvelle édition par F. Falc'hun et Magne Oftedal*. serie: *Monographs in Celtic studies from the University of Oslo 1*. Oslo: Universitetsforlaget

Storm, Johan (1884-1908). "Norsk Lydskrift med Omrids av Fonetiken". s. 19-179 i *Norvegia. Tidsskrift for det norske Folks Maal og Minder*

---

<sup>60</sup> Artikkelen skal koma på prent i eit festskrift til Colm Ó Baoill, som er planlagt utgjeve i løpet av 2007 på det skotske forlaget Clann Tuirc (opplysningar i e-post frå Jan Erik Rekdal).

*Ung sprogforsker på rejse. Breve fra og til Holger Pedersen 1892-1896.* (1994) Bentzen, Ruth (red.). serie: *Danish humanist texts and studies 7*. København: Museum Tusulanums Forlag

Venås, Kjell (2001). ”Nokre merknader om det norske stoffet i *The history of linguistics in the Nordic countries* av Even Hovdhaugen, Fred Karlsson, Carol Henriksen og Bengt Sigurd”. s. 229-262 i *Norsk lingvistisk tidsskrift 19*

Venås, Kjell (2005). *Sigurd Kolsrud*. Oslo: Novus forlag

### **11.3 Digitale kjelder**

Alle lekkjene i denne lista er kontrollerte, og adressene er gyldige pr. 11. februar 2007.

*Comunn na Gàidhlig:*

<http://www.cnag.org.uk/converted/stats/gspeakcensus01.php>

<http://www.cnag.org.uk/converted/stats/01censusagegroup.php>

<http://www.cnag.org.uk/converted/stats/locgaelspeakersdata.php>

*Northern Ireland Statistics and Research Agency:*

[http://www.nisra.gov.uk/census/Excel/commissioned\\_output/EXT20031001B.xls](http://www.nisra.gov.uk/census/Excel/commissioned_output/EXT20031001B.xls)

*Office for National Statistics (Storbritannia):*

[http://www.statistics.gov.uk/downloads/census2001/KS\\_LA\\_Wales\\_in\\_English.pdf](http://www.statistics.gov.uk/downloads/census2001/KS_LA_Wales_in_English.pdf)

<http://www.statistics.gov.uk/cci/nugget.asp?id=447>

*An Phríomh Oifig Staidrimh na hÉireann (Central Statistics Office Ireland):*

[http://www.cso.ie/census/documents/vol11\\_t1\\_17.pdf](http://www.cso.ie/census/documents/vol11_t1_17.pdf)

*Roinn an Taoiseach (Department of the Taoiseach):*

[http://www.taoiseach.gov.ie/attached\\_files/Pdf%20files/Constitution%20of%20Ireland%20\(Irish\).pdf](http://www.taoiseach.gov.ie/attached_files/Pdf%20files/Constitution%20of%20Ireland%20(Irish).pdf)

*Universitat Oberta de Catalunya, Euromosaic:*

<http://www.uoc.edu/euromosaic/web/document/breto/an/i1/i1.html>

*Universitetet i Oslo, Forum for universitetshistorie:*

<http://www.hf.uio.no/forskningsprosjekter/ffu/FaktaUiO/databaser/vafak.html>